


# Timeplan 2019-2022

Vedtatt av Time kommunestyre 13. desember 2018



*Framsidedfoto: Ellen Pollestad*

## VISJONEN VÅR

# TRYGG OG FRAMTIDSRETTA

## VERDIANE VÅRE

### Ansvar

Me har evne til å sjå, mot til å handla  
Me ser og forstår heilskapen  
Me er opne og direkte i samhandlinga

### Engasjement og optimisme

Me er løysingsfokuserte og aktive  
Det me vil, det søker me å få til  
Me er i utvikling

### Gjensidig respekt

Me kjenner kvarandre, og eg betyr noko  
Alle skal ha reell medverknad på eigen  
arbeidssituasjon  
Tilsette skal sikrast deltaking i avgjerdsprosessar

## LEVEREGELEN VÅR

### Me skal gjera kvarandre gode

gjennom å:

- yta service
- gje og ta imot tilbakemeldingar
- dela kunnskap og ferdigheiter
- heia fram gode idéar

*«Me byggjer det gode i oss, når me gjer det gode ikring oss»*

Arne Garborg

# Innhold

1 Innleiing .....	6
1.1 Rådmannen sitt samandrag .....	6
2 Utviklingstrekk .....	8
2.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk .....	8
2.2 Folketalsutvikling .....	8
3 Økonomi .....	10
3.1 Statsbudsjettet 2019 .....	10
3.2 Rammer og føresetnadar .....	11
3.2.1 Inntektsføresetnadar .....	11
3.2.2 Utgiftsføresetnadar .....	13
3.3 Nøkkeltal og risikoanalyse .....	14
4 Forna, forenkla og forbetra .....	16
4.1 Status og utfordringar .....	16
4.2 Mål for langtidsperioden .....	18
5 Folkehelse .....	19
5.1 Status og utfordringar .....	19
5.1.1 Barnefattigdom .....	20
5.2 Mål for langtidsperioden .....	21
6 Tenester .....	22
6.1 Oppvekst .....	22
6.1.1 Status og utfordringar .....	22
6.1.2 Mål for langtidsperioden .....	29
6.1.3 Tiltak i 2019 .....	30
6.1.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet .....	33
6.1.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden .....	33
6.1.6 Oversikt over personalressursar .....	33
6.2 Omsorg .....	34
6.2.1 Status og utfordringar .....	35
6.2.2 Mål for langtidsperioden .....	39
6.2.3 Tiltak i 2019 .....	39
6.2.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet .....	40
6.2.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden .....	40

6.2.6 Oversikt over personalressursar.....	40
6.3 Samfunn.....	41
6.3.1 Status og utfordringar .....	41
6.3.2 Mål for langtidsperioden .....	48
6.3.3 Tiltak i 2019 .....	49
6.3.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet .....	51
6.3.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden .....	51
6.3.6 Oversikt over personalressursar.....	53
6.4 Stab.....	54
6.4.1 Status og utfordringar .....	54
6.4.2 Mål for langtidsperioden .....	57
6.4.3 Tiltak i 2019 .....	57
6.4.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet .....	58
6.4.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden .....	58
6.4.6 Oversikt over personalressursar.....	59
7 Kommunen som arbeidsgjevar .....	60
7.1 Status og utfordringar.....	60
7.2 Mål for langtidsperioden.....	63
7.3 Tiltak i 2019.....	63
8 Investeringar for langtidsperioden og årsbudsjett for 2019 .....	64
8.1 Totaloversikt – netto finansieringsbehov og finansiering.....	64
8.2 Investeringsprosjekt – tabellar og omtale.....	65
8.3 Trafikksikringsplan .....	76
8.4 Handlingsprogram for anlegg med delfinansiering frå spelemidlar .....	77
9 Brukarundersøkingar og planstrategi.....	81
9.1 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar .....	81
9.2 Kommunale planar (Planstrategi 2015-2019 – status) .....	82
9.3 Interkommunale samarbeid.....	83
10 Framlegg til vedtak .....	85
11 Obligatoriske oversikter etter økonomiplanforskrifta .....	86

# 1 Innleiing

Timeplanen 2019-2022 er Time kommune sitt verktøy for langsiktig planlegging. Økonomiplanen skal peika ut utviklingsretninga for kommunen sitt tenestetilbod og kommunen sin ressursbruk i komande fireårsperiode.

Meir detaljert informasjon om status og utfordringar i tenestetilbodet til kommunen, går fram av Årsrapport 2017, Statistikkrapport 2017 og tertialrapportar for 2018.

## 1.1 Rådmannen si innleiing

Time kommune skal vera ein attraktiv kommune å busetta seg i, og eit samfunn som er godt å leva i. Folkehelsearbeid har i år vore førande for arbeidet med økonomiplanen. Det handlar om å leggja til rette for ein bærekraftig samfunnsutvikling som både motverkar sosial ulikskap og som fremmar god helse i befolkninga.

Timeplanen har i år fått eit nytt kapittel om folkehelse. Målet er å synleggjera betydinga folkehelsearbeid har for å skapa god samfunnsutvikling og setja nokre langsiktige mål for folkehelsearbeidet i kommunen. Kapittelet tek utgangspunkt i den nye folkehelseprofilen for Time kommune, som vart utarbeida i 2018. Her prioriterer kommunen arbeidet innan fem område for å løfta folkehelsa i kommunen: psykisk helse, inntektsforskjellar, skulevegar, eldresressursen og aktivitetmangfald. Alle mål og tiltak som er relaterte til dei fem prioriterte områda, i dei enkelte kapitla, er merka med «Folkehelse».

Kapittelet om folkehelse har òg fått eit eige delkapittel om barnefattigdom. Kommunestyret etterspurte meir rapportering om kommunen sitt arbeid mot barnefattigdom i behandlinga av årsmeldinga for 2017. Rådmannen ønskjer derfor å synleggjera dette arbeidet både i økonomiplanen og i framtidige årsrapportar.

Kommuneøkonomien er stram og det avgrensar moglegheita for mange nye driftstiltak og investeringar. I denne økonomiplanperioden vert lærarårsverk per elev i barneskulen styrkja og me får fleire pedagogar og tilsette per barn i barnehage. Eit viktig løft innan kulturfeltet er den nye kinoen på Bryne. 2019 vert det første heile året der drift av denne ligg inne i budsjettet.

Kommunen fortset si opptrapping av lærlingar og vil i 2019 ha 32 lærlingar. Frå 2020 vert det stilt krav om at alle kommunar skal ha ein psykolog. Intensjonen er at psykologen skal arbeida på systemnivå, og samtidig vera eit lågterskeltilbod for alle aldersgrupper.

På investerings sida er det ingen nye større investeringsprosjekt lagt inn i planperioden. Ny symjehall på Bryne og oppgradering av Storgata er forskyvde for å redusera belastninga på kommuneøkonomien i lys av lågare inntekter.

Time kommune sin visjon er å vera trygg og framtidsretta. Det handlar mellom anna om å sørgja for ei økonomistyring som sikrar handlingsrom for satsingar og framtidige utfordringar. Ny kommunelov skal tre i kraft i juni 2019. Dette krev at alle kommunar

opprettar lokale «handlingsreglar» for si økonomiplanlegging. Rådmannen legg derfor fram ei sak om forslag til slike «handlingsreglar», parallelt med økonomiplanen.

Rådmannen vil i økonomiplanperioden arbeida for å gjera kommunen meir brukarorientert og effektiv, og sikra ei utvikling som nyttar potensialet i ny teknologi. Det handlar mellom anna om å styrka digitalisering- og innovasjonsarbeidet i kommunen. Målet er å levera best mogleg tenester til lågast mogleg pris.

Rådmannen sitt forslag til Timeplan for 2019-2022 viser kva mål og tiltak som rådmannen meiner bør prioriterast innanfor dei økonomiske rammene kommunen rår over. Forslaget vert nå lagt fram for dei folkevalde for godkjenning.

### **Største satsingsområde 2019-2022**

- Folkehelse
- Tidleg innsats/førebygging
- Fleire lærarar
- Høgare pedagogtettleik og bemanning i barnehagane
- Drift av nye Bryne kino
- Lærlingar
- Kommunepsykolog
- Ei brukarorientert og effektiv forvaltning som nyttar potensialet i ny teknologi

### **Investeringar 2019-2022**

Samla framlegg til investeringar i perioden 2019-2022 er på 775 millionar kroner. Dei største investeringsprosjekta i perioden er:

- Rehabilitering og utviding av Trollongane barnehage
- Byggja Vardheia ungdomsskule, Vardheihallen og turnhall
- Oppstart bygging av ny symjehall på Bryne
- Utbetring av leikeplassar og ballbingar
- Utvida overvasskapasiteten på Bryne
- Oppgradera og gjera Storgata om til gågate
- Opparbeida nytt kryss Åsenvegen/fv 506

## 2 Utviklingstrekk

Her vert nasjonale, regionale og lokale utviklingstrekk som har verknad for planperioden synleggjorde og vurderte.

### 2.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk

Norsk økonomi er inne i ein konjunkturoppgang. Effektane av oljeprisnedgangen i 2014 er i ferd med å avta. Aktiviteten i landet er høg. Arbeidsløysa nasjonalt er nå 2,4 % medan den var 3,4 % på det høgaste.

I vår region, som hadde den største effekten av oljeprisnedgangen med ei arbeidsløysa på det verste på 5 %, er nå arbeidsløysa på 2,8 %. Dei tre jærkommunane har alle ei arbeidsløysa på 2,2 % ved utgangen av august 2018.

Oppsvinget me nå ser har kome raskare enn venta. Låge renter, låg lønnsvekst og svak valuta har stimulert til investeringar og høgare eksport. Kostnadskutt og høgare oljepris er ein viktig drivar for det nye oppsvinget me nå ser i oljerelaterte næringer.

Sjølv om landet er inne i ein god periode har me ikkje behov for utanlandsk arbeidskraft i same grad som tidlegare. Dette saman med låge flyktingtal medfører lågare flytteoverskot. Fødselstala i landet er historisk låge. Lågt flytteoverskot og låge fødselstal medfører lågare folkevekst i landet enn det som har vore vanleg dei siste åra.

### 2.2 Folketalsutvikling

Alder	Pr. 31.12 2017	Framskrivning				Auke i %	Auke i %
		2018	2022	2026	2030	2017-2022	2017-2030
0-2 år	756	761	792	862	931	4,8 %	23,1 %
3-5 år	841	816	794	854	921	-5,6 %	9,5 %
6-12 år	1 932	1 984	2 029	1 991	2 097	5,0 %	8,5 %
13-15 år	719	712	856	896	868	19,0 %	20,8 %
<b>Sum 0-15 år</b>	<b>4 248</b>	<b>4 273</b>	<b>4 471</b>	<b>4 603</b>	<b>4 817</b>	<b>5,3 %</b>	<b>13,4 %</b>
16-19 år	999	1 008	984	1 189	1 212	-1,5 %	21,3 %
20-66 år	11 279	11 379	12 007	12 778	13 685	6,5 %	21,3 %
<b>Sum 16-66 år</b>	<b>12 278</b>	<b>12 387</b>	<b>12 992</b>	<b>13 967</b>	<b>14 896</b>	<b>5,8 %</b>	<b>21,3 %</b>
67-79 år	1 548	1 615	1 939	2 185	2 364	25,3 %	52,7 %
80-89 år	517	534	594	752	930	14,8 %	79,8 %
90 år og over	108	112	142	167	193	31,7 %	78,6 %
<b>Sum 67 år +</b>	<b>2 173</b>	<b>2 262</b>	<b>2 675</b>	<b>3 104</b>	<b>3 486</b>	<b>23,1 %</b>	<b>60,4 %</b>
<b>Sum</b>	<b>18 699</b>	<b>18 922</b>	<b>20 138</b>	<b>21 674</b>	<b>23 200</b>	<b>7,7 %</b>	<b>24,1 %</b>

Kjelde: Kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS)

Folketalet vart ved utgangen av 2017 114 innbyggjarar lågare enn framskrivinga. Dette gjeld 0-2 år der me har låge fødselstal og netto utflytting, 3-5 år der eit stort kull starta i skulen og aldersgruppa 20-66 år der me ikkje har fått den netto innflyttinga me rekna med.

Det er generelt verdt å merka seg veksten i innbyggjarar over 67 år som ligg på 23,1 %, og spesielt dei over 90 år som i økonomiplanperioden ligg på 31,7 %.

Total vekst er noko oppjustert frå førre økonomiplan, frå 21,8 % til 24,1 %.



Tettstadar	pr. 31.12. 2017	Framskriving				Auke i % 2017-2030
		2018	2022	2026	2030	
Bryne	10 553	10 732	11 508	12 313	12 888	22,1 %
Kvernaland	3 559	3 543	3 853	4 313	4 986	40,1 %
Lyefjell <sup>1)</sup>	2 796	2 872	3 067	3 354	3 648	30,5 %
Undheim	1 146	1 140	1 101	1 089	1 075	-6,2 %
Hognestad	645	635	610	605	603	-6,5 %
<b>Sum</b>	<b>18 699</b>	<b>18 922</b>	<b>20 138</b>	<b>21 674</b>	<b>23 200</b>	<b>24,1 %</b>

<sup>1)</sup> Inkludert Vestly

Kjelde: Kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS)

I tabellen ovanfor ser me kor veksten i kommunen kjem. På Lyefjell, Kvernaland og Bryne er det store utbyggingsområde, og i tillegg kjem store transformasjonsområde på dei to sistnemnde. Kor tid desse vert tekne i bruk til bustadbygging er usikkert og framskrivinga vert meir usikker i siste del av perioden.

## 3 Økonomi

Når rådmannen utarbeider økonomiplanen ligg styringssignal i statsbudsjettet til grunn for forventna pris- og lønnsvekst, utvikling i skatteinntektene og rammetilskotet. I statsbudsjettet og kommuneproposisjonen får kommunen også signal om nye reformer. Økonomiplanen vert lagt fram i faste 2019-prisar og endringar frå 2019 er dermed reelle endringar i inntekter eller aktivitetsendring i utgifter.

Økonomiplanen byggjer elles på føresetnadar i vedtekne styringsdokument som kommuneplan 2011-2022, ny samfunnsdel av kommuneplan 2016-2026, økonomiplan 2018-2021, årsrapport 2017, tertialrapportar i 2018 og andre politiske vedtak i løpet av året.

### 3.1 Statsbudsjettet 2019

Det økonomiske opplegget for kommunesektoren for 2018 kjem fram i statsbudsjettet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Prioritering er:

- Levande lokaldemokrati
- Ein enklare kvardag
- Trygge og gode buforhold

Regjeringa meiner at ei viktig føresetnad for levande lokaldemokrati er å spreia makt og byggja samfunnet nedanfrå. Kommunar og lokalsamfunn skal få meir rom for å styra saker som vedkjem dei sjølv og deira samfunnsutvikling.

Regjeringa legg opp til slik vekst i kommunane sine frie inntekter for 2019:

	Mrd. kroner
<b>Vekst i frie inntekter</b>	2,60
- meirkostkostnad demografi	-1,00
- meirkostnad pensjon	-0,70
- habilitering/rehabilitering	-0,10
- opptrapping rusarbeid	-0,20
- tidleg innsats i skulen	-0,20
- fylkeskommunen: fylkesvegnettet	-0,10
- auka eigenandel i resurssurkrevjande tenester	-0,30
<b>Auka handlingsrom utan effektiviseringskrav</b>	-
+ effektiviseringskrav på 0,5%	1,20
<b>Auka handlingsramme med effektiviseringskrav</b>	<b>1,20</b>

Heile veksten i frie inntekter er det lagt føringar på slik at kommunane må effektivisera for å få frie midlar til disposisjon.

Regjeringa legg opp til ei effektivisering på 0,5 % i tenesteproduksjonen. Dette vert vanskelegare å oppnå når regjeringa har innført nye statlege normer for bemanning i skule og barnehage.

Regjeringa legg opp til ei betydeleg satsing på digitalisering i dette budsjettet. Det skal gå til å effektivisera statlege etatar, men det vert også ei betydeleg satsing for kommunesektoren.

Det er i statsbudsjettet foreslått å auka kommunal eigendel utover inflasjonsjustering, for ressurskrevjande tenester, og med dette vil staten spara 300 millionar kroner. Time kommune vil få ein auka kostnad på om lag 1,3 millionar kroner om dette forslaget vert vedtatt. Regjeringa auka også i 2018 eigenandelane ut over vanleg prisstigning og på to år har staten overført kostnader på om lag 700 millionar kroner til kommunane. Dette forslaget vil få verknad for kommunane alt i 2018-rekneskapen då det staten utbetalar i 2019, gjeld 2018-rekneskapen.

Kommunane har ein skatt som kvar kommune sjølv bestemmer om dei skal innføra nemleg eigedomsskatt. Regjeringa kom i statsbudsjettet for 2018 og kjem nå for 2019 med innstramningar i denne kommunale skatten. Frå 2019 er eigedomsskatt på «verk og bruk» fasa ut og frå 2020 vert maksimal eigedomsskattesats redusert frå sju promille til fem promille. Det vert også foreslått at SSB sine bustadverdiar skal brukast slik at det ikkje skal føretas egne takseringar. Dersom ein kommune nå vel å innføra eigedomsskatt, kan denne berre aukast med ein promille per år mot tidlegare to promille.

## 3.2 Rammer og føresetnader

(Alle beløp i mill. kr)	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Økonomiplan				Endring 2018-2019
			2019	2020	2021	2022	
Skatteinntekter	529,8	564,7	572,0	581,0	590,0	597,0	1,3 %
Rammetilskot	433,6	423,7	456,0	464,0	468,0	473,0	7,6 %
Andre driftsinntekter	390,9	297,3	312,7	307,4	304,8	303,5	5,2 %
Sum driftsinntekter	1 354,3	1 285,7	1 340,7	1 352,4	1 362,8	1 373,5	4,3 %
<b>Driftsutgifter</b>	<b>-1 288,4</b>	<b>-1 243,7</b>	<b>-1 298,9</b>	<b>-1 302,7</b>	<b>-1 306,3</b>	<b>-1 313,5</b>	<b>4,4 %</b>
Brutto driftsresultat	65,9	42,0	41,8	49,7	56,5	60,0	-0,5 %
Finansutgifter	-23,3	-23,9	-23,3	-27,0	-28,8	-30,2	-2,5 %
Finansinntekter	39,9	38,9	42,6	45,6	47,3	48,8	9,5 %
Netto avdragsutgifter	-40,9	-49,5	-51,8	-55,3	-59,5	-60,7	4,6 %
Netto driftsresultat	41,6	7,5	9,3	13	15,5	17,9	24,0 %
Netto fondsbruk	-11,7	7,4	6,1	2,6	2,4	2,4	
Overført til investeringar	-15,2	-14,9	-15,4	-15,6	-17,9	-20,3	3,4 %
Årsoverskot	14,7	-	0,0	0,0	0,0	0,0	
<b>Overført til investering i % av skatt og rammetilskot</b>	<b>1,6 %</b>	<b>1,5 %</b>	<b>1,5 %</b>	<b>1,5 %</b>	<b>1,7 %</b>	<b>1,9 %</b>	
<b>Netto driftsresultat i % av driftsinntektene</b>	<b>3,1 %</b>	<b>0,6 %</b>	<b>0,7 %</b>	<b>1,0 %</b>	<b>1,1 %</b>	<b>1,3 %</b>	

### 3.2.1 Inntektsføresetnader

#### Skatteinntekter og rammetilskot

Summen av inntektsskatt, formuesskatt og statlege rammeoverføringar utgjer kommunen sine frie inntekter. Det vil seia at bruken av midlane ikkje er retta inn mot bestemte utgiftsformål. Skatt og rammetilskot er justert med forventa lønns-, pris- og folkevekst. Skatteinngangen er budsjettert med 99,3 % av landsgjennomsnittet per innbyggjar noko som er ein reduksjon på 0,7 prosentpoeng frå 2018-budsjettet. Skatteinnbetalingane for Time så langt i år ligg på 96 % av landsgjennomsnittet, men skattetrekket viser fin utvikling i år. Det tar lang tid å koma opp mot inntektsnivå før oljekrisa då kommunen hadde skatteinntekter på 106 % av landsgjennomsnittet.

Det kommunale skattøyre er sett ned frå 11,8 % til 11,55 % frå inntektsåret 2019.

Skatteinntektene i kommunesektoren har hatt større vekst enn rammetilskotet dei siste åra og

for at skattane skal kunna utgjera 40 % av samla inntekter må skattøyre reduserast og rammetilskotet oppjusterast.

Tilskotet til kommunar som er ufrivillig åleine er halverte i 2019 og fell heilt bort frå 2020. Time kommune får om lag ein million kroner i 2019.

### **Andre inntekter**

Av andre inntekter kjem 53,3 millionar frå brukarbetaling og 64,4 millionar frå husleigeinntekter og sal av tenester. Betalingssatsane for 2019 er prisjusterte, sjå vedlegg «Prisar 2019». I rekneskapen vert i tillegg momskompensasjonen inntektsført. Me har valt å ikkje budsjettera momskompensasjonen då inntektene går mot tilsvarende utgift og er eit nullsumspel.

Gebyr for sjølvkosttenestene feiing, vatn, avløp og renovasjon utgjer 68 millionar kroner. Store investeringar i overvasshantering og store investeringar i IVAR-regi påverkar gebyrsatsane.

Ulike øymerka statstilskot utgjer 95,5 millionar kroner i inntekt i 2019. Dei største inntektene gjeld ressurskrevjande tenester 49,2 millionar kroner og integreringstilskot til flykningar 21 millionar kroner. I tillegg får me mellom anna statstilskot til introduksjonsordninga for flykningar, auka lærartettleik og rente- og avdragskompensasjon.

Integreringstilskotet for flykningar er i 2018 budsjettert til 27 millionar kroner. På grunn av forventa nedgang i talet på flykningar i år og i framtida, har me budsjettert integreringstilskotet til 10,5 millionar i 2022. Den same utviklinga vil me få på statstilskotet til introduksjonsordninga for flykningar.

Kommunen har ansvar for fleire interkommunale tenester, jf. kapittel 9.3, og betaling frå samarbeidande kommunar er budsjettert til 22,9 millionar kroner.

Kommunen har ein frikraftavtale med Lyse etter salet av Maudal kraft. Krafta vert brukt i eiga verksemd i kommunen. Verdien som i 2019 er budsjettert til 1,6 millionar kroner, vert likevel inntektsført som frikraft og utgiftsført slik at kommunen sitt energiforbruk kan samanliknast med andre kommunar. Inntektene, også her budsjettert 1,6 millionar kroner, frå kommunen sine justeringsrettsavtalar med private utbyggjarar er også inntektsførde her.

### **Finansinntekter**

Det er budsjettert med eit rentenivå på 1,8 % i 2019 og aukande med 0,1 prosentpoeng per år i perioden. Dei same føresetnadane er også nytta på finansutgiftene.

Etter signal frå Lyse er utbytte budsjettert til 32,1 millionar kroner i 2019 og aukande til 37,9 millionar i 2022.

Kommunen har ved utgangen av august 2018 plassert 13,2 millionar i aksjar og obligasjonar for å oppnå høgare avkastning enn bankrenter.

### 3.2.2 Utgiftsføresetnadar

#### Lønns- og prisutvikling

Kalkulert prisvekst på kommunale tenester er, som i statsbudsjettet, sett til 2,8 %.

Lønnsveksten er forventa å verta på 3,25 %. Tenesteområda har fått full kompensasjon for lønnsvekst, men berre delvis for prisveksten.

#### Pensjonskostnadar

Pensjonspremien er usikker. Størrelsen er avhengig av framtidig lønns- og grunnbeløpsvekst. Premien er ikkje minst avhengig av avkastninga i pensjonsordninga. Staten vil frå 2019 nedjustera avkastninga (som berre er ein kalkulert og ingen reell størrelse) i Statens pensjonskasse med 0,2 prosentpoeng noko som slår direkte inn i premien som kommunane betalar for lærarane. I 2019 har me budsjettetert med 13,25 % for lærarar, 18,5 % for sjukepleiarar og 18 % for andre kommunalt tilsette. Dette er ei betydeleg auke frå 2018 og skuldast auka forventning til lønnsvekst.

Premiefondet er ved utgangen av året på 32,5 millionar. Me budsjetterer med å bruka 12,1 millionar av premiefondet i 2019 og 30,5 millionar i heile perioden.

#### Tilskot til private barnehagar

Tilskotet for 2019 til private barnehagar er basert på rekneskapen for 2017 og justert for forventa prisvekst for to år. Kommunen kompenserer dei private barnehagane for alle former for statleg innførte reduksjonar i betalingssatsar som søskenmoderasjon, gratis kjernetid for 3-5 åringar og redusert foreldrebetaling for låginntektsfamiliar.

Dei private får også eit ekstra tilskot til å auka pedagogbemanninga i samsvar med nye normer. Når det gjeld bemanningsnorma som ikkje er finansiert av staten, er det bestemt at denne er gjeven ei overgangsordning. Kommunen har derfor ikkje gjeve tilskot til private for å kompensera for krav i bemanningsnorma.

Då kostnadsutvikling i kommunale barnehagar har vore høg sjølv om me har justert ned ressursane etter nedgang i barnetalet, vil dei private barnehagane få ein tilskotsvekst på 4,8 % per barn frå 2018 til 2019.

#### Finansutgifter

Samla lån er ved utgangen av på 2018 på 1365,7 millionar. Me har sikra renta på om lag 25 % av låneportefølja, 25 % vert dekkja av utlånsrenter og 17 % vert dekkja av eigedomsavgifter og andre refusjonar.

Låneopptak til investeringar vert nedbetalt på 30 år. Låneopptak til vidareutlån (startlån) vert frå 2019 også nedbetalt over 30 år. Avdragstida på startlån er auka då nedbetalingstida for utlån aukar og færre innfrir låna sine før forfall.

#### Lønnsreserve

Det er for 2019 sett av 19,2 millionar i lønnsreserve. Det er budsjettetert med ein årslønnsvekst på 3,25 %. Reserven skal dekkja lokale forhandlingar i 2018 og neste års lønnsoppgjjer.

### 3.3 Nøkkeltal og risikoanalyse

#### Omprioritering og effektivisering

Regjeringa har i statsbudsjettet lagt opp til eit effektiviseringskrav på 0,5 % årleg. Det utgjer for Time om lag seks millionar i årlege omprioriteringar og effektivisering.

#### Overføring til investering

Kommunen har som målsetting å setja av 1,5 % av sum skatt og rammetilskot til finansiering av investeringane. Avsetningane til finansiering av investeringane er auka til 1,7 % i 2021 og 1,9 % i 2022.

#### Innføring av fleire økonomiske nøkkeltal

I ny kommunelov kjem det nye krav til økonomiske måltal for berekraftig utvikling av kommunen. Det vert krav om å utarbeida finansielle nøkkeltal. Det vert ikkje gjeve tilrådingar, men vert opp til den enkelte kommune å fastsetta sine nøkkeltal. Rådmannen fremjar i eiga sak, samtidig med økonomiplanen, sak om finansielle nøkkeltal. Rådmannen ønskjer å innføra mål for netto driftsresultat, mål for disposisjonsfond og mål for netto lånegjeld. Vedtak i denne saka vert lagt til grunn som styringsmål for framtidige økonomiplanar. I tabellen nedanfor er vist korleis forslaget til nye nøkkeltal vert i framlagt økonomiplan.

Finansielle nøkkeltal i økonomiplan 2019-2022	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Økonomiplan			
			2019	2020	2021	2022
Overført til investering	1,6 %	1,5 %	1,5 %	1,5 %	1,7 %	1,9 %
Netto driftsresultat	3,1 %	1,2 %	0,9 %	1,2 %	1,3 %	1,5 %
Disposisjonsfond	5,4 %	5,4 %	5,3 %	5,2 %	5,1 %	5,0 %
Netto lånegjeld	73 %	77,0 %	78,5 %	83,6 %	82,1 %	82,8 %
Lånefinansiering av investeringane	56,5 %	61,1 %	51,2 %	41,6 %	30,6 %	63,6 %

Dersom me skal leggja dei nye måltala til grunn for framtidige økonomiplanar, vil det fungera som lokale «handlingsreglar» som legg band på drift og investeringar.

#### Netto driftsresultat

Me budsjetterer med eit netto driftsresultat på 9,3 millionar i 2019 og aukande til 17,9 millionar i 2022.

Langsiktig gjeld	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Økonomiplan			
			2019	2020	2021	2022
Nye lån	275,0	68,0	135,1	153,7	66,3	143,7
Avdrag	52,1	65,0	63,8	67,3	72,5	74,7
<b>Brutto gjeld 31.12.</b>	<b>1 362,7</b>	<b>1 365,7</b>	<b>1 437,0</b>	<b>1 523,4</b>	<b>1 517,2</b>	<b>1 586,2</b>
Ansvarleg lån Lyse	122,5	116,7	110,9	105,1	99,3	93,5
Husbanklån til utlån	202,8	220,0	234,0	246,0	258,0	269,0
Ubrukte lånemidlar	-46,2					
<b>Netto gjeld 31.12.</b>	<b>991,2</b>	<b>1 029,0</b>	<b>1 092,1</b>	<b>1 172,3</b>	<b>1 159,9</b>	<b>1 223,7</b>
Avløp, vassverk, renovasjon	145,1	151,6	217,4	260,6	300,1	321,0
Kompensasjon skulebygg	43,5	38,6	38,6	34,8	33,0	31,2
Eldrereform	29,0	27,4	27,4	25,8	24,2	22,6
Utbygging næring/bustad	5,0	-	-	-	-	-
<b>Netto renteberande gjeld 31.12.</b>	<b>768,6</b>	<b>811,4</b>	<b>808,7</b>	<b>851,1</b>	<b>802,6</b>	<b>848,9</b>
Folketal 31.12.	18 699	18 922	19 152	19 403	19 728	20 138
Netto gjeld per innbyggjar i kr	53 008	54 381	57 023	60 418	58 795	60 766

Kommunen har hatt store investeringar og har høg gjeld per innbyggjar. Gjelda fortset å auka dei første åra i økonomiplanperioden, men flater ut på slutten av perioden. Netto gjeld i forhold til driftsinntekter ved utgangen av 2017 var på 73 % dvs. ein auke frå 64 % ved utgangen av 2016. Kommunar med høg lånegjeld er sårbare for renteauke.

Kommunen står dei første åra føre store investeringar i overvasstiltak for å sikra mot flaum og utbygging av ungdomsskule og idrettshallar i Vardheia.

I tillegg til oppstillinga ovanfor har interkommunale selskap teke opp gjeld som kommunen hefter for. For Time gjeld dette i særleg grad IVAR (interkommunalt vann, avløps- og renovasjonsverk).

Kommunen har dei siste åra auka utlånsportefølja ganske mykje. Me har i dag små problem med innkrevjing av renter og avdrag. Sjølv om bustadprisane ikkje lenger er i vekst, har salsverdiane av eigedommane dekkja utlåna våre.

Kommunen har budsjettert med store utbytte frå Lyse. Lyse har i dag fleire bein å stå på. Kraftproduksjonen utgjer ein minkande del av selskapet si samla verksemd. Kraftprisane var gode på ettersommaren, men har nå etter store nedbørsmengder normalisert seg. Me har budsjettert med at Lyse utbetalar 550 millionar i utbytte for 2019 og at dette aukar jamt kvart år til 650 millionar i 2022. Time kommune sin del av utbytte er på 5,832 %.

## 4 Forna, forenkla og forbetra

### 4.1 Status og utfordringar

Kommunen har etter oljenedturen fått eit varig redusert inntektsnivå. Staten legg i tillegg effektiviseringskrav som føresetnad i rammetilskotet. Kommunen har som følgje av dette ein stram økonomisk situasjon, noko som gjer det nødvendig å tenkja nytt i prioritering av tenesteleveringa. Målet er å levera best moglege tenester til lågast mogleg pris, innfor sunne økonomiske rammer.

#### **Innovasjon**

Time har som mål å leggja til rette for ein innovasjonskultur i kommunen.

Innovasjonsmetoden BLT, behov – løysing – testing, er innarbeida blant tilsette og leiarar i kommunen. Kommunen vil satsa ytterlegare på leiarutvikling, og integrera innovasjon i opplæringa.

Dei ulike kommunalområda søkjer heila tida å vera innovative og å vera ein aktiv part i vidareutvikling av tenestene dei leverer. Verksemdene vil i planperioden arbeida med å identifisera område der dei kan testa ulike tiltak for å fornya og forbetra tenesteleveransen. Det er eit mål at me skal vidareutvikla ein kultur for endring og innovasjon i verksemdene, ettersom dei kjenner sin eigen organisasjon og brukarane best. Dette skal koma til uttrykk i verksemdene sine planar.

#### **Digitalisering**

Kommunen skal ta i bruk nye digitale løysingar som gjev effektiviseringsgevinst og betre tenester. Digi-Rogaland som Time er medlem av, er etablert for å kunna ta i bruk store nasjonale prosjekt. Dei første som vert tekne i bruk i Time er «Digi-Helse» og «Digisos». Kommunen deltar òg i KS sitt nasjonale digitaliseringsprosjekt.

Time har saman med alle kommunane i Rogaland ei prosjektgruppe som jobbar med utgreiing, uttesting, anbodsprosessar, tenesteutvikling, gevinstrealisering og implementering av velferdsteknologi. Alle telefonar skal bytast ut til smart-telefonar då dei fleste hjelpemiddel kan koplas opp mot ulike appar. I 2019 vil me få nye digitale trygghetsalarmar og GPS-sporing. I august 2018 vart anbodet på medisindispenserar lagt ut og dei vil verta implementerte i drifta tidleg 2019.

Oppvekst har som mål i strategiplanen sin om å vera leiande i regionen på området som omhandlar teknologi og digitalisering. Målet for området er ikkje teknologien i seg sjølve, men å henta ut potensialet som ligg i bruk av utstyr og programvare som aukar læring og utvikling. Ein viktig del av strategien er å sikra kunnskap og kompetanseutvikling som er forskings- og evidensbasert, hos dei tilsette.

I stabane går digitalisering ut på å forenkla rutinar og oppgåver slik at dei kan gjerast automatiske. Saksbehandlinga vert sikrare og betre med å innføra elektroniske arkiv. Det skal ikkje lagrast papir.



Digital signatur vil verta innført i Time i 2019. Det vil effektivisera saksbehandlninga betrakteleg og vil tilfredsstilla innbyggjarane sine forventningar til ein digitalisert kommune.

Det er ei klar forventning om at digitalisering skal gje gevinstrealisering i form av auka kvalitet eller økonomisk innsparing.

### **Omstilling**

Time starta i 2017 eit omstillingsarbeid som hadde som mål å redusera kommunen sine utgifter og effektivisera drifta gjennom betre organisering og utnytting av ny teknologi. Dette arbeidet får konsekvensar inn i økonomiplanperioden 2019-2022.

Eitt bufellesskap er avvikla då det var mange ledige bueiningar i bufellesskapet. Praktisk heimehjelp har fått ei ny norm som gjer at ein har redusert tenesta med to årsverk. Denne reduksjonen er 20 % mindre enn berekna. Årsaka er at alle brukarar vert individuelt vurdert, og 20 % av brukarane måtte ha meir praktisk hjelp enn norma tilsa. I 2019 vil me omorganisera slik at det vert ei ny verksemd som skal saksbehandla og tildela tenester. Dette vert gjort utan nye tilførte midlar. Kvaliteten på tildeling av tenester skal betrast ved å samla kompetanse samt frigjera leiarar og tilsette til andre oppgåver.

Reinhald har innført ny reinhaldsstandard, NS-INSTA 800. Arbeidet er påbegynt i 2018 og vil verta fullført i 2019. Dette har medført ein reduksjon på 1,7 millionar kroner (tre årsverk) i 2018, og ytterlegare reduksjon i 2019 ved at utvida areal må vaskast av eksisterande personale. Kwart bygg er nøye vurdert ut frå bruk og kva type bygg det er. Færre soner, med eigen leiar, gjev meir effektiv og fleksibel drift. Reinholdarane dokumenterer utført reinhald på iPad. Det er registrert få klager etter at ny standard er innført.

Samfunn har fått ny organisasjonsstruktur. Målet har vore å skapa betre samordning av forvaltningsoppgåver knytt til plan- og forvaltning, kommunalteknikk, landbruk og miljøvern, samt robuste faggrupper. I samarbeid med IVAR IKS skal òg VAR-tenestene fastast inn i ny struktur det komande året.

Felles NAV kontor med Klepp vert etablert frå 01.01.2019. Dette skal mellom anna bidra til at NAV skal tilby eit breiare og meir spesialisert tilbod til brukarane.

Redusert venteliste til ergoterapi kan ha samanheng med satsinga på kvardagsrehabilitering. I tillegg er avdelinga styrka med teknisk kompetanse når det gjeld montering og reperasjon av tekniske hjelpemiddel. Kommunen har hatt fokus på å byggja tilrettelagde leilegheiter i sentrum. Til saman kan fokus på tidleg innsats ha vore med på å redusera ventelista.

Redusert venteliste til fysioterapi kan ha samanheng med mellom anna tilbod i regi av Frisklivsentralen. Her får innbyggjarane rettleiing og informasjon for å kunne ta grep om eiga helse og førebyggja sjukdom.

Kommunen har mange ledige utleige-/omsorgsbustadar for sosialt vanskelegstilte, flyktningar og omsorgstrengande. Redusert mottak av flyktningar og lågare prisnivå på kjøp og leige av bustadar medfører at fleire skaffar eigen bustad. Kommunen har arbeidd målretta i fleire år for at fleire skal eiga eigen bustad.

Satsing på førebyggjande tiltak og fokus på bygging av tilrettelagde bustadar kan vera ei medverkande årsak til at det er mange ledige utleige-/omsorgsbustadar.

Omstilling framover vil handla om å tilpassa kommunen nye arbeidsmetodar, rutinar og roller som ein følgje av digitalisering. Samtidig er det viktig når me tek i bruk nye digitale moglegheiter, at me endrar måten å gjera oppgåvene på slik at effektiviseringspotensialet kan takast ut.

## 4.2 Mål for langtidsperioden

- Vera ein kommune som søker nye og betre metodar for å levera tenester til innbyggjarane
- Ta i bruk nasjonale digitaliseringsprosjekt
- Synleggjera og henta ut effektiviseringspotensialet i digitalisering

# 5 Folkehelse

## 5.1 Status og utfordringar

God folkehelse vert skapt gjennom god samfunnsutvikling. Det er ei rekke forhold som påverkar helsa til innbyggjarane, som arbeid, utdanning, bustad, fysiske og sosiale miljø. Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstand og positive og negative faktorar som kan verka inn på denne for å kunna planleggja og gjennomføra effektive tiltak.

Time kommune har i 2018 revidert folkehelseprofilen. Ut frå tilgjengeleg kunnskap har kommunen drøfta og prioritert dei viktigaste utfordringane. Saman med politikarar, representantar for innbyggjarane og tilsette i kommunen har ein kome fram til fem prioriterte område. Desse vart lagt fram for kommunestyret i sak 38/18, og det vart fatta vedtak om at «prioriterte område skal inn i plan- og tiltaksarbeid på tvers av kommunalområda».

Utfordringar	Prioriterte område
Aukande førekomst av psykiske plager og lidingar, spesielt blant unge Fråfall i vidaregåande skule Høg del unge uføre	<b>Psykisk helse</b>
Aukande grad av unge i låginntektsfamiliar Aukande sosiale helseforskjellar Høgare del sosialhjelpsmottakarar 20-66 år enn nabokommunar, fylket og landet	<b>Inntektsskilnadar</b>
Utrygge skuleveggar	<b>Skuleveggar</b>
Størst auke i den eldste delen av befolkninga	<b>Eldreressursen</b>
Låg dekningsgrad av nærturterreng og naturområde Låg fysisk aktivitet blant innbyggjarane generelt Aukande førekomst av overvekt og fedme	<b>Aktivitet mangfald</b>

For å kunna imøtekoma utfordringane som kjem fram av folkehelseprofilen er det avgjerande at tenestemråda samskaper på tvers, og er villige til å sjå på tiltak som kan medføra at ein må arbeida på nye måtar. Framover er det viktig at det vert sett fokus på tiltak og leggja ansvar til område på tvers som medfører at alle dreg i same retning for å imøtekoma avdekka behov. I arbeidet med økonomiplanen skal mål og tiltak synleggjera korleis dei ulike verksemdene skal arbeida for å oppnå god folkehelse for alle innbyggjarane.

Det skal innanfor alle tenestemråda vera tiltak som omhandlar utfordringar som kjem fram av folkehelseprofilen. Desse er merka med «Folkehelse».

### 5.1.1 Barnefattigdom

Time har færre unge i låginntektsfamilier enn snittet i Rogaland og landet ellers. Samtidig har kommunen dei siste åra hatt ei tydeleg auke. Gruppen med lågast inntekt har auka mest i prosent og inntektsforskjellen har auka betydeleg dei siste to åra. Kommunen har og hatt ei auke i talet på barn av einslege forsørgjarar. Siste status for barnefattigdom er frå 2016 og då hadde Time 242 barn i denne kategorien. Arbeidsledige, aleineforsørgjarar og flyktingar er særleg utsette grupper. Det totale utgiftsnivået vil sannsynlegvis stiga i 2019 og vil ramma desse gruppene ekstra. Resultat av barnefattigdom er utanforskap frå viktige sosiale arena som bursdagar og fritidsaktivitetar som det krevst økonomi for å delta i.

Det viktigaste verkemiddel for å redusera barnefattigdom er å få føresette som ikkje er ein del av arbeidslivet, ut i jobb. Samtidig skal kommunen bidra til å gje alle barn ein best mogleg barndom, uavhengig av føresette si inntekt.

#### **Tiltak som kommunen har per i dag:**

- Opplevelseskort. Samarbeid mellom Klepp, Time og Hå og gjev gratis tilgang til utvalde kultur- og idrettsaktivitetar. NAV administrerer og finansierer ordninga. Totalt 50 kort per kommune, som kan brukast på tvers av kommunane.
- Tilbod om eit gratis medlemskap i eit idrettslag, samt utstyr
- Redusert foreldrebetaling i barnehage for låginntektsfamilier.
- Gratis kjernetid i barnehage for 3,4 og 5 åringar frå låginntektsfamilier
- Utstyrssentral for idretts- og friluftsutstyr
- Leksehjelp på biblioteket i samarbeid med Bryne Røde Kors
- Samarbeidsprosjekt «ALLE MED» med Rosseland ballklubb for å inkludera barn og unge i idretts- og fritidsaktivitetar i heile kommunen
- Kommunen bruker årleg 25 millionar kroner til startlån og 2,5 millionar kroner i etableringstilskot, for å få familier med låg inntekt inn på bustadmarknaden
- Alle elevar får eigen iPad

#### **I økonomiplan 2019-2022 er det foreslått følgjande nye tiltak:**

- Redusert foreldrebetaling i kulturskulen
- Arbeida inn redusert foreldrebetaling i SFO i langtidspanoden
- Tilskot til styrking og vidare drift og utvikling av utstyrssentral for idrett og friluftsutstyr
- Vidareføring av prosjektet «ALLE MED»
- Gratis kjernetid i barnehage for 2 åringar frå låginntektsfamilier
- Bustønad til låginntektsfamilier med barn er styrka i tråd med statsbudsjettet

Både eksisterande og forslag til nye tiltak er plasserte i dei respektive kommunalområda.

## 5.2 Mål for langtidsperioden

- Psykisk helse: færre elevar skal rapportera om psykiske plager og lidingar i neste UngData-undersøking
- Inntektsforskjellar: Innbyggjarar skal kunna bruka allmenne tilbod i kommunen uavhengig av inntekt
- Skuleveggar: Alle elevane skal ha ein trygg skuleveg.
- Eldreresursen: Minst 50 % av innbyggjarane over 70 år skal vera med på frivillig arbeid
- Aktivitetsmangfald: Aktive innbyggjarar i nærmiljøet

## 6 Tenester

Netto driftsutgifter (1000 kr)	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan				2018-2019
	2017	2018	2019	2020	2021	2022	
Oppvekst	447 437	450 718	474 507	476 472	477 362	478 432	5,3 %
Omsorg	270 028	277 210	288 824	293 423	295 202	297 512	4,2 %
Samfunn	187 701	181 909	180 325	178 450	176 145	175 925	-0,9 %
Stabstenester	66 908	67 277	70 314	69 554	69 969	69 569	4,5 %
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>972 074</b>	<b>977 114</b>	<b>1 013 970</b>	<b>1 017 899</b>	<b>1 018 678</b>	<b>1 021 438</b>	<b>3,8 %</b>

### 6.1 Oppvekst

Tenesteområdet skal gje opplæring og driva førebygging og hjelpe- og støttetiltak, slik at alle barn og unge er i stand til å meistra utfordringar i livet saman med andre. Tenesteområdet omfattar helsestasjon, skulehelsetenesta og familiesenter, barnevern, 9 kommunale barnehagar, 11 private barnehagar og 1 open barnehage, 5 barneskular og 1 1-10 skule med skulefritidsordning (SFO), 3 ungdomsskular, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), kulturskule, Bryne kompetansesenter (språkstasjon, vaksenopplæring) og Samordning av Lokale kriminalitetsførebyggjande Tiltak (SLT).

#### 6.1.1 Status og utfordringar

Endringar i folkevekst og demografiske endringar har gjeve og vil gje utfordringar knytt til dimensjonering av tenestene. Både fødselstal og netto innflytting er endra frå det som tidlegare vart lagt til grunn. Kommunen vil komande periode ha nok plassar i barnehagane, men lovpålegg i forhold til bemanningsnorm og pedagognorm vil likevel setta krav til både auka bemanning og fysisk tilrettelegging.

Skulane vil òg verta påverka av endringa i folkeveksten, men endringane vil ikkje merkast umiddelbart grunna fortsatt store kull i barnehagane. Først etter denne økonomiplanperioden vil endringane slå ut i reduserte elevtal.

Ny lærarnorm og statleg pålegg om iverksetting av intensivkurs på 1.-4.trinn er isolert sett positivt, men bidreg til at skulane i større grad vert overstyrte i forhold til disponering av eit knapt handlingsrom.

Barneverntenesta opplever auke i talet på barn som vert plasserte i fosterheim og institusjon og fleire ungdommar er i ettervern. Kommunen kan i liten grad, og på kort sikt ikkje påverka dette behovet. Det medfører auka kostnader.

#### Felles tiltak i oppvekst

«Strategiplan oppvekst 2016-2022» har fem hovudområde som legg føringar på satsinga i Oppvekst. Oppvekst har fokus på samarbeid på tvers av einingane for å nytta den samla kompetansen i Time på ein god og ressurseffektiv måte. Det skal også vera tett samarbeid med dei andre tenesteområda i kommunen for å fremja eit bra oppvekstmiljø, der organisatorisk inndeling ikkje skal vera eit hinder for samhandling.

Viktige satsingar i perioden vil vera:

- Sjumilssteget og Inkluderande barnehage og skulemiljø
- Oppfølging av Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2018-2022. Det vil i perioden undersøkast moglegheiter for å inngå avtale om kjøp av tenester frå «Alternativ til vold» (ATV), eller samarbeid mellom Time, Klepp og Hå. Målet er eit fagleg godt tilbod til lågast mogleg pris.
- Oppstart og gjennomføring av felles prosjekt på tvers av alle sektorane. Eksterne midlar frå Fylkesmannen til å oppretta ei ny stilling med arbeidstittelen «Tidleg innsats koordinator» er innvilga. Koordinator skal jobba på tvers av alle tenesteområda og saman med våre eigne tilsette. Målet er å utvikla gode system og tiltak, prega av samarbeid og koordinering både internt og eksternt. Særleg fokus skal rettast mot overgangar mellom ungdom og vaksen, oppvekst og omsorg, samt tiltak som kan bidra til at færre fell utanfor skule eller jobb.
- Tverrfagleg fokus knytt til system omkring barn og unge med særskilde behov. Arbeidet med tidleg innsats vil ha fokus, og det vert framover søkt nye vinklingar og samarbeidsformer. Det er hensiktsmessig å nytta tenesteapparatet i heile breidda, og trekka inn mellom anna helsestasjon og PPT i innovasjonsprosjekt.
- Arbeid for auka gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring. Time har positiv utvikling på elevar som gjennomfører vidaregåande skule. Inneverande år er delen som har fullført og bestått vidaregåande skule i løpet av femårsperioden 2012-2017 lik landsgjennomsnittet på 74,5 %. Samhandling har vore ein av nøklane til dette. Arbeidet skal vidareførast, og har vore førande for nytt innovasjonsprosjekt kalla; «Laget rundt læraren og eleven». Prosjektet er forankra i Strategiplan, med målsetting å styrka helsesystemtenesta for tidleg innsats og førebygging i barnehage og skule. Det er mål om å etablera team som består av helsesystem, sosiallærer, spesialpedagogisk koordinator, kontaktperson frå PPT som er leia av rektor på alle skulane. Det vert i tråd med denne målsettinga investert i å auka helsesystemressursen med 0,5 årsverk for 2019 og oppretta ei prosjektstilling i PPT over to år.

## **Barnehage**

Framskrivning av barnehagebehovet i planperioden viser først ein nedgang før ein svak vekst kjem i slutten av perioden. Kommunen vil ha god kapasitet på barnehageplassar i heile planperioden.

For tida er det ein ledig kapasitet på om lag 80 plassar i kommunale barnehagar. Talet vil auka når Trollongane barnehagen står klar juni 2019. Dei private barnehagane har omlag 20 ledig plassar, men vil hovudsakleg ha utnytta kapasiteten ved årsskiftet ved å ta opp nye barn i desember. Ein meir detaljert oversikt over kapasitet og kapasitetsbehov i åra som kjem er omtala i barnehagebruksplanen. Ny barnehagebruksplan, der ein vil ha fokus på utvikling i fødselstal og struktur, kjem i 2020.

I satsinga på tidleg innsats og auka kvalitet i barnehagesektoren, har Time kommune i Kvalitetsplan for barnehagane ei målsetting om at 50 % av bemanninga skal ha ei pedagogisk

utdanning innan 2022. Etter innføring av ny pedagognorm i 2018 ligg dekningsgraden på 46 %. For å nå målsettinga må ein gjera om assistent-/fagarbeidarstillingar til pedagogstillingar.

Ny nasjonal bemanningsnorm var gjeldande frå august 2018 med ei tidsramme på eit år for å fylla kravet. Ordninga inneber ei norm på maks tre barn per tilsett når barna er under tre år og seks barn per tilsett når barna er over tre år. Kommunen har innført norma frå 1. august 2018 medan dei private barnehagar vil kunna bruka tida fram til august 2019 for å innfri ny bemanningsnorm.

I satsinga på tidlig innsats i barnehagane har ein hatt stort fokus på å auka talet på tilsette med relevant utdanning. I tillegg til å auka talet på tilsette med pedagogisk utdanning, satsa ein og på å stimulera tilsette til å ta fagbrev som barne- og ungdomsarbeidarar.

Barnehagane er aktivt med i felles satsing omkring tidleg innsats i oppvekst spesielt og Time kommune generelt. I tillegg skal barnehagane dei neste 2,5 åra ha felles fokus på ei satsing som heiter «Barns trivsel». Satsinga vil ha 3 fokus område; leik og læring, medverknad og inkludering. Satsinga bygger vidare på avslutta prosjekt som har hatt fokus på bevegelse, kosthald og trivsel.

Talet på barnehagebarn med nedsett funksjonsevne har auka dei siste åra. Delen av barn som har rett til spesialpedagogisk hjelp ligg på 3,4 %, noko som er over nasjonalt nivå på 3,1 % (henta frå siste offentlege teljing desember 2017). Dei siste åra har området hatt store overforbruk på bakgrunn av auka behov for spesialpedagogisk hjelp. Dette har også ført til at barnehagane ikkje har tilgjengelege midlar til tilrettelegging til barn eller grupper som ikkje har rett til spesialpedagogisk hjelp.

I 2019 får området ei styrking på eitt årsverk. I tillegg vil me i planperioden setta fokus på å identifisera drivarar til auken på området. Gjennom dette arbeidet vil ein kunna finna tiltak for å redusera talet på barn med behov for spesialpedagogisk hjelp og omfanget av behovet.

Det er eit identifisert behov for å redusera talet på fleirspråklege barn med enkeltvedak. Det er behov for å arbeida meir systematisk i det almennpedagogiske tilbodet for denne gruppa. Midlar for minoritetsspråklege barn vil blant anna verta nytta til ein fleirspråkleg rettleiar. Rettleiaren skal arbeida ut frå eit systemperspektiv og bidra til kompetanseheving i den enkelte barnehage og i enkeltsaker. Ein vil i tillegg måtta kunna setja inn styrkingstiltak i kortare periodar for å sikra at barna får den hjelpa og støtta dei treng. Dette gjeld særleg når barn starter i barnehagen og dei to siste åra før skulestart.


Innføring av ei desentralisert statleg ordning for kompetanseutviklingsmidlar for barnehageområdet medfører mest sannsynleg ein eigendel på 30 %. Kostnaden for Time vil vera på 100 000 kroner. Midlane skal brukast til både kommunale og private barnehagar.

## **Undervisning**

Det er 2566 elevar i Timeskulane – ein auke på 14 elevar frå i fjor. Me hadde i vår prognose ein vekst på 35 elevar. Det er også dette nye prognosar viser: fortsatt vekst, men at veksten er lågare enn tidlegare prognosar. Ei fortsatt utfordring, sjølv om veksten er nedjustert, er skeivfordelinga mellom skulane. Det er barneskulane på Bryne og Kverneland som får auken.



Ny ungdomskule, Vardheia ungdomsskule, med fleirbrukshall og turnhall vil gje ein kapasitetsvekst for 225 elevar i Bryne sentrum. Prosjektet er lagt ut på anbod, og skulen skal stå ferdig i 2021.



Time sitt resultatet på 41,7, vist som grunnskulepoeng for avgangskullet på 10. trinn våren 2018, viser at gjennomsnittet for elevane våre ligg over nabokommunane og er på nivå med Sandnes og fylkesgjennomsnittet. Snittet ligg litt under nasjonalt nivå.

Stortinget vedtok i 2017 ved behandlinga av statsbudsjettet for 2018 at det skulle innførast ei lærarnorm på skulenivå. For skuleåret 2018-2019 skulle det vera 16 elevar per lærar på 1.-4. trinn og 21 elevar per lærar på 5.-10. trinn. Denne skal frå skuleåret 2019-2020 justerast ned til 15 elevar per lærar på 1.-4. trinn, og 20 elevar per lærar på 5.-10. trinn.

For å kunna ivareta målsettinga på alle skulane, vart midlane i 2018 noko omfordelte internt på den enkelte skulen. Staten dekkjer kostnadane på kommunalt nivå, blant anna gjennom endring av føringane knytt til midler for tidleg innsats. Time kommune pliktar å sikra at lærarnorma vert følgd på skulenivå (ikkje berre på kommunalt nivå). Kommunen må derfor leggja inn ei toppfinansiering frå eiga ramme. Denne er utrekna til å verta 2,1 årsverk.

Stortinget har vedteke endringar i opplæringslova som inneber at skulane skal sørgja for at elevar på 1.-4. trinn som står i fare for å verta hengjande etter i lesing, skrivning eller rekning, raskt skal få eit tilbod om intensiv opplæring. Føremålet er å sikra at elevar raskt skal få eigna støtte og opplæring når problem oppstår, slik at ikkje problemet skal få moglegheit til å utvikla seg vidare. Konsekvensen av denne regelendringa er at det på den enkelte skulen må vera tilgjengelege ressursar og kompetanse til å setja i gang intensivkurs når behova oppstår.

Eit av hovudområda i Strategiplan for Oppvekst er «Oppvekst i informasjonssamfunnet». Dette for å møte den utfordringa som ligg i å veksa opp i eit samfunn der kunnskap om, og bruk av ny teknologi, kan vera avgjerande med tanke på yrkesval og moglegheiter i arbeidslivet. Time har vedteke at alle elvane i grunnskulen skal ha iPad, og bruka denne i opplæringa. Innføringa har skjedd over tid, og hausten 2018 er innføringa fullført.

Utviklinga på området skjer raskt, og det er som del av strategisk val ut frå rammeverket DigITime oppretta ei digital ressurspedagog-gruppe der fleire lærarar på kvar skule saman

med ein frå leiinga deltek. Grappa har ei sentral rolle for kompetanseutvikling og spreiding på den enkelte skulen. For å kunna nå målsettinga med å vera leiande i regionen vår på digital kompetanse retta mot barn og unge, er det oppretta kontakt med privat næringsliv for samskaping og samarbeid.



Talet på elevar med vedtak om spesialundervisning har gått frå 9,4 % i 2015 til 6,9 % til 2017. Sjølv om det er nedgang i talet på elevar med vedtak om spesialundervisning vert det fortsatt brukt fleire lærartimar til spesialundervisning i Time samanlikna med nabokommunane.

Det har over tid vore stort fokus på å jobba med å få ned talet på ungdommar som «droppar» ut i vidaregåande skule i Time. Ei samhandlingsgruppe mellom Time kommune, Klepp kommune og Bryne vidaregåande skule vart etablert hausten 2015. Som eit resultat er dette vart det utforma ein heilskapleg plan for overgangsarbeidet. Denne vil verta implementert på skulane i komande økonomiplanperiode.

Arbeidslivsfag vert i tråd med politisk vedtak, og opptrapping i økonomiplanen innført som eit alternativ til andre framandspråk på alle ungdomsskulane i Time. Kostnad til dette er lagt inn i økonomiplanen.

Skule-Norge er inne i ein omfattande prosess med fagfornyinga. Det er lagt opp til ein prosess som starta opp i 2017 og fram til implementering i 2020:

- 2017 vart ny overordna del «Verdier og prinsipper for grunnopplæringa» vedteken.
- 2018 vart kjerneelement i fag utvikla, og i 2018/2019 skal nye læreplanar utviklast
- I 2019 skal skulane førebu seg før dei nye læreplanane vert tekne i bruk frå hausten 2020.

Time kommune har valt å arrangera skuleturnering i sjakk i tett samarbeid med Norway Chess. Skuleturneringa vert gjennomført i juni mot slutten av hovudtureringa. Skuleturneringa vert gjennomført i samarbeid med lokalt næringsliv. Time kommune har og eit ønskje om å


nytta samarbeidet med Norway Chess for å leggja til rette for sjakk som aktivitet i skule og SFO.

## Barnevern

Barneverntenesta vert i stor grad påverka av ytre faktorar. Særleg vil talet på plasseringar utanfor heimen påverka kostnadane. Barnevernet hadde få plasseringar i 2016 slik at budsjettrammene for 2017 og 2018 vart reduserte. Behovet for plasseringar har auka igjen og barnevernet vert tilført to millionar meir enn i 2018. Det er ikkje mogleg å setja sikre prognosar for behovet framover.

Det er nødvendig å fortsetta arbeidet med ytterlegare effektivisering og prioritering av lovpålagte oppgåver. I 2019 vil me jobbe vidare med å flytta tiltaksarbeid frå barnevern til familiesenteret. Det er likevel uvisst om dette vil vera tilstrekkeleg til å innfri dei lovkrav som gjeld på tidsfristar og kvalitet. Dette må følgjast tett i 2019.

Time er ein sjumilssteg-kommune og har av den grunn forplikta seg til å treffa tiltak for å auke barn og unge si involvering og medverknad. Dette har også kome i form av nye krav i barnevernlova. Barneverntenesta har derfor etablert eit samarbeid med forandringsfabrikken. Forandringsfabrikken er ein stiftelse som jobbar for at barn og ung som har brukt eller bruker barneverntenesta skal koma med sine erfaringar, og at desse kan nyttast til forbetring av tenesta. Dette arbeidet starta i 2018 og leiar konkret til nye rutinar for barneverntenesta sitt arbeid. Implementering er ei hovudsatsing i 2019.



Netto driftsutgifter til barnevernet ligg på nivå med Hå, men over Klepp og Sandnes. Utgiftene ligg under KOSTRA-snittet og landet.

## Helsestasjon, skulehelseteneste og familiesenter

Time har 1,4 årsverk jordmor. For å kunna tilby tidleg heimebesøk etter fødsel, vart det i tillegg mellombels tilsett ei jordmor frå 1. september 2017 på midler frå Helsedirektoratet. Dette er i tråd med Barselretningslinjer IS-2057 og IS-2086, Nytt liv og trygg barseltid for familien. Time kommune søkte og fekk fornya tilskot frå Helsedirektoratet i 2018 for å vidareføra denne prosjektstillinga.

For å kunna oppretthalda den ekstra jordmorstillinga og tilbod og krav i retningslinjene, vil me søkja om å overføra ubrukte midler i 2018 og leggja inn resterende som tiltak i økonomiplanen.

Skulehelsetenesta er styrka i 2018. Styrkinga er knytt til auka føringar frå staten. Helsesystem på skulane er eit viktig element i kommunen si satsing på tidleg innsats. Tenesta vert styrka med 0,5 årsverk i 2019.

### **Kulturskulen**

Kulturskuletilbodet i Time rettar seg i hovudsak mot barn og ungdom i alderen 0-19 år og fungerer som eit ressurscenter for musikk- kunst- og kulturfag i kommunen. Nasjonal rammeplan «Mangfold og fordypning» ligg til grunn for drift og utvikling.

Kulturskulen vil hausten 2018 søkja om å få delta på Norsk kulturskuleråd sitt rettleiingsprogram. Deltaking i rettleiingsprogrammet vil skje i perioden frå januar 2019 til juni 2020.

Time kulturskule skal framover arbeida meir for å vidareutvikla samarbeidet på tvers av kommunale einingar. Mellom anna skal ein i 2019 testa ut eit mor-barn/kvinnegruppetilbod i samarbeid med flyktingtenesta. Intensjonen er å fremja språk gjennom bruk av kulturelle uttrykk.

Kulturskulen har fortsatt utfordringar knytt til lokalisering. Denne utfordringa søkjer me å løysa enten i samanheng med pågåande arbeid knytt til å betra utnyttinga av eksisterande lokale som kommunen eig, eller i samanheng med eventuell nybygging.

For å motverka ekskludering av elevar grunna foreldra sin økonomi, vil Time kulturskule frå 2019 testa ut ei ordning med betalingsmoderasjon og friplassar. Basert på erfaringar frå andre kommunar vert kostnad rekna til rundt 70 000 kroner i året.

### **Bryne kompetansesenter**

Opplæringa ved Bryne kompetansesenter (BKS) er delt inn i tre område:

- Grunnleggjande norskopplæring (GNO) for minoritetsspråklege elevar frå 1.-10. trinn
- Grunnskuleopplæring for vaksne inkludert spesialundervisning etter opplæringslova
- Norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Sal av tenester:

- Grunnskuleopplæringa for vaksne til Klepp og Hå kommunar
- Norsk og samfunnskunnskap for vaksne til Klepp kommune

BKS fått tilskot i eit treårig prosjekt for å testa ut ei modulstrukturert opplæring for vaksne kalla «Forberedende vaksenopplæring» (FVO) på grunnskulenivå. Formålet er å møte utfordringar knytt til at det kan gå lang tid for vaksne innvandrarar før dei kjem ut i arbeidslivet eller startar på vidare utdanning.

Per august 2018 er talet på deltakarar omlag 120 på FVO og omlag 140 på norsk og samfunnskunnskap. Det er 11 elevar på avdeling GNO. Bryne kompetansesenter

dimensjonerer jamleg organisering og bemanning i takt med talet på deltakarar og elevar på GNO.

Det er sett i verk ein prosess knytt til eventuell samanslåing av flyktingetenestene i Klepp og Time samt mogleg samlokalisering eller samorganisering med BKS. I løpet av 2019 vil det verta lagt fram ei sak i forhold til eventuell iverksetting og implementering.

Endringar i talet på flyktingar i alle jærkommunane vil føra til endra behov for undervisning. Statstilskotet vil også verta redusert og tenestetilbodet på BKS må tilpassast nye føresetnadar i perioden. Ei slik justering vil også vera avhengig av:

- Omfanget knytt til sal av tenester til nabokommunane.
- Behovet dei gjenverande deltakarane har (type opplæring)
- Kor mange klassar ein må oppretta for å oppfylle lovpålagt opplæring

### **Pedagogisk-psykologisk teneste**

Det er mykje fokus på PP-tenesta både nasjonalt og lokalt. I mars 2018 overleverte ekspertgruppa for barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging sin rapport til kunnskaps- og integreringsministeren. Anbefalingar frå denne skal behandlast og vil resultera i nye tiltak og arbeidsmåtar i 2019.

Time har over fleire år arbeidd for å få ned talet på barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Talet på elevar med vedtak i skulen har gått ned, men kostnadane er fortsatt høge. Fleire tiltak vert sette i verk i 2018, og dei vil truleg gje mest effekt i 2019 og framover.

PP-tenesta har ei nøkkelrolle knytt til kommunen sitt arbeid kring spesialpedagogisk hjelp i barnehagane og spesialundervisning i skulane. Dei har derfor ei viktig rolle i innovasjonsprosjektet «Laget rundt læraren» (jf. kap. 6.1.1).

For å følgja opp og setje i verk nye tiltak, vert det oppretta ei prosjektstilling i PPT over to år.

### **6.1.2 Mål for langtidsperioden**

«Strategiplan Oppvekst 2016–2022» er grunnlaget for satsinga i komande periode. Dei fem hovudpunkta gjev ei klar retning for val og prioritering av tiltak i dei ulike einingane.

<b>Hovudpunkt i Strategiplan</b>	<b>Tiltak</b>
Oppvekst i utvikling	<ul style="list-style-type: none"><li>• Det er handlingsrom til å nytta kapasitet i eksisterande bygg på ein effektiv måte.</li></ul>
Fleirkulturelt samfunn	<ul style="list-style-type: none"><li>• Barnehagane og skulane arbeider etter planar for språkopplæring</li><li>• Alle einingar har informasjon tilgjengelig på ulike språk.</li></ul>

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Tidleg innsats	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle einingar har system for og kompetanse hos tilsette i arbeidet med psykisk helse. (Folkehelse)</li> <li>• Barn og unge skal ha reell medverknad i Time kommune. Jf. Sjumilssteget.</li> <li>• Einingane har universelle tiltak som har ført til ein reduksjon av barn med spesialpedagogiske vedtak med 35 %.</li> </ul>
Oppvekst i informasjonssamfunnet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppvekst har eit felles kunnskapsgrunnlag som vert brukt ved val av teknologi og metodikk for læring og utvikling.</li> </ul>
Organisasjon og leiing	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle einingane i oppvekst brukar BLT metodikken for å utvikla innovasjonskultur.</li> <li>• 80 % av dei tilsette i oppvekst har relevant utdanning.</li> </ul>

### 6.1.3 Tiltak i 2019

#### Felles tiltak i oppvekst

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak	Samarbeid mellom:
Fleirkulturelt samfunn	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareutvikla fargeglobus med opplegg for eldre elevar og SNO-elevar i grunnskulen.</li> </ul>	Time kulturskule + grunnskulane
Tidleg innsats	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunal ressursgruppe for «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» skal utarbeida ein plan for kunnskapsspreiing i alle einingane.</li> <li>• Utvida innovasjonsprosjektet ved Bryne skule og Bryne ungdomsskule med teamet «Laget rundt læraren» i samarbeid med helsestasjonen og PPT på fleire skular. (Folkehelse)</li> <li>• Prosjektsamarbeid mellom fagpersonar i skule og PPT for å utvikla intensivkurs for elevar med behov innanfor rekning, lesing og skriving.</li> <li>• PPT skal saman med fagstab testa ut nye tiltak for å få ned delen av barn med spesialpedagogisk hjelp i barnehagane og skulane.</li> <li>• Starta prosjektet med «tidlig innsats koordinator». (Folkehelse)</li> <li>• Kartlegging og påfølgjande vurdering knytt til redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga. (Folkehelse)</li> </ul>	<p>Fagstab + skule + barnehage</p> <p>Skule + PPT + helsestasjon</p> <p>Skule + PPT</p> <p>Barnehage + skule + PPT</p> <p>Oppvekst + Samfunn + Omsorg</p> <p>Oppvekst + samfunn</p>

## Barnehagar

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Private barnehagar må auka bemanninga i barnehagar opp til ny nasjonal norm.</li> <li>• Ny regional ordning for kompetanseutvikling for barnehagane i Rogaland. Ordning byggjer på avtale om partnerskap mellom barnehageeigarar, Universitetet i Stavanger, fagforeiningane og Fylkesmannen i Rogaland.</li> </ul>
Fleirkulturelt samfunn	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Implementera språkverktøy «Bravo» for å betre det systematiske språkarbeid på 0-3 års avdelingane i barnehagar i 3 nye barnehagar.</li> <li>• Arbeida meir systematisk i det allmennpedagogiske tilbodet for fleirspråklege barn, gjennom å nytta ein fleirspråkleg rettleiar i 60 % stilling.</li> <li>• Utarbeida informasjon på fleire språk.</li> </ul>
Tidleg innsats	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Satsing i alle barnehagar knytt til tema; lek og læring, medverknad og inkludering (Del av hovudfokus 2019-22 «Barns trivsel»).</li> <li>• To barnehagar skal verta Marte Meo barnehagar. Mål i ein Marte Meo barnehage er å nytta metodikken med å setja fokus på vaksenrolla og utviklingsstøttande læringsmiljø.</li> <li>• Utarbeida ein statusanalyse på det spesialpedagogiske området saman med Gjesdal-, Klepp- og Hå kommune. Statusrapporten skal leggja grunnlag for tiltak som har som mål å redusera talet på barn som har behov for spesialpedagogisk hjelp i barnehagane.</li> </ul>
Oppvekst i informasjonssamfunnet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartleggja barnehagen sin digitale praksis som grunnlag for vidare satsing i tråd med strategiplan for oppvekst.</li> <li>• Bruke digitale nettløysningar internt i kommunikasjon og i kommunikasjon mellom barnehage og heim.</li> </ul>
Organisasjon og leiing	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Implementera ny nasjonal rammeplan.</li> <li>• Alle barnehagane testar BLT-metodikken på eit av sine utviklingsområde.</li> <li>• «Ståstedsanalysen» frå Udir skal nyttast som grunnlag for eigenvurdering og utvikling.</li> </ul>

## Undervisning

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Planleggja plassering, organisering og innhald av ny ATO avdeling.</li> <li>• Samskapa med Universitetet i Stavanger og region Sør for kompetanseutvikling gjennom ny ordning med desentraliserte kompetansemidler knytt til fagfornyninga.</li> <li>• Ha minimum 20 lærarar som deltek i vidareutdanningstilbodet «Kompetanse for kvalitet».</li> <li>• Kartleggja og laga ein plan for vidareutdanning av assistentar til fagarbeidarar.</li> <li>• Revidera «Kompetanseplan skule 2017-2020».</li> </ul>

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Revidera Kvalitetsplan for SFO.</li> <li>• Prosess og evaluering av Jærskulen.</li> </ul>
Fleirkulturelt samfunn	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Implementera rutinar og føringar for organisering og innhald i særskilt norskopplæring for barn på alle skulane.</li> </ul>
Tidleg innsats	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle skulane innfører «rektor sin time med elevrådet» for auka elevmedverknad.</li> </ul>
Oppvekst i informasjonssamfunnet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Koding skal vera ein del av undervisninga på utvalde trinn på alle skulane.</li> <li>• Samskapa med Universitetet i Stavanger, Høgskulen på Vestlandet og region Sør om kompetanseutvikling knytt til pedagogisk bruk av læringsteknologi.</li> <li>• Samskapa med Apple og Microsoft for kompetanseheving og utvikling av utvalde digitale ressurspedagogar</li> </ul>
Organisasjon og leiing	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle skulane testar BLT-metodikken på eit av sine utviklingsområde</li> <li>• Alle rektorane har teke vidareutdanning i elev- og arbeidsrett</li> </ul>

### PPT, Barnevern, Time Kulturskule, Bryne Kompetansesenter (BKS,) Helsestasjon, skulehelseteneste og familiesenter (HSF)

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Planleggja framtidig løysing av lokalitetar for kulturskulen.</li> <li>• Sjå på framtidige løysingar av lokalitetar for helsestasjonen.</li> <li>• BKS testar ut modulbasert grunnskuleopplæring for vaksne for å oppnå raskare veg til arbeid/utdanning.</li> </ul>
Tidleg innsats	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sjumilssteg-arbeidet fortsett med to prioriterte tiltak. Det eine er å få til auka medverknad frå barn og unge. Det andre for å få til betre samordning av innsatsen overfor barn og unge.</li> <li>• Time kulturskule testar ut ny ordning med betalingsmoderasjon og friplassar (<a href="#">Folkehelse</a>)</li> <li>• Barneverntenesta og HSF jobbar vidare på fordelinga av saker, kor målet er at saker av førebyggjande karakter skal handterast på familiesenteret</li> <li>• Følgja opp handlingsplan mot vald i nære relasjonar ved å inngå avtale om kjøp av tenester frå ATV eller som eit nytt tiltak i samarbeid med Klepp og Hå.</li> </ul>
Oppvekst i informasjonssamfunnet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Time kulturskule skal ferdigstillast nytt informasjonsmateriell for kulturskulen.</li> <li>• BKS skal utforma ein digital IKT-strategi.</li> </ul>



### 6.1.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Oppvekst	Rekneskap		Økonomiplan				2018-2019
	2017	Budsjett 2018	2019	2020	2021	2022	
Netto driftsutgifter (1000 kr)							
Administrasjon	6 869	7 208	7 491	7 391	7 391	7 391	3,9 %
Pedagogisk psykologisk teneste	5 885	6 752	7 749	7 749	7 049	7 049	14,8 %
Barnehagar	171 236	168 509	175 170	173 600	173 700	173 700	4,0 %
Undervisning	209 779	213 834	225 856	228 971	230 351	231 311	5,6 %
Vaksenopplæring	1 191	2 641	2 149	2 149	2 149	2 149	-18,6 %
Kulturskule	6 445	6 542	6 595	6 595	6 595	6 595	0,8 %
Helsestasjons- og skulehelseteneste	12 689	13 435	14 919	15 329	15 329	15 329	11,0 %
Førebyggjande arbeid ungdom	757	816	826	936	1 046	1 156	1,2 %
Barnevern	31 861	30 981	33 752	33 752	33 752	33 752	8,9 %
Tenester utanfor ord. kommunalt ansva	725	0	0	0	0	0	
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>447 437</b>	<b>450 718</b>	<b>474 507</b>	<b>476 472</b>	<b>477 362</b>	<b>478 432</b>	<b>5,3 %</b>

### 6.1.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

- 1,0 stilling auka til «Styrka barnehage», knytt til auke i talet på barn med rett til spesialpedagogisk tiltak.
- Nedgang i 5 årsverk i barnehage på grunn av venta reduksjon i barnetala
- 3,5 årsverk nye lærarar frå hausten 2019 på grunn av forventa elevtalsvekst
- 0,6 lærarstilling auke knytt til arbeidslivsfag ved alle ungdomsskular frå hausten 2019
- 0,5 helsesystemstilling auke i 2019. Knytt til tidleg innsats
- 0,6 jordmorstilling auke frå 2019
- 1,0 toårig prosjektstilling PPT frå 01.01. knytt til prosjektet «Laget rundt læraren»
- Auke på 100 000 kroner til området minoritetsspråklige barn
- Tilføra barnevernstenesta 2 millionar kroner, grunna auka kostnader ved plassering
- Kjøp av tenester, Alternativ til Vold, 400 000 kroner frå 2019
- Kjøp av tenester, spesialundervisning i andre kommune, ein million kroner frå 2020
- Reduksjon på 100 000 kroner i vikarressursar til kommunale barnehagar

### 6.1.6 Oversikt over personalressursar

Oppvekst	31.12.2018	Nye	Redusert	31.12.2019
Administrasjon	7,1			7,1
Pedagogisk psykologisk teneste	8,9			8,9
Barnehagar	169,1	1,0	-5,0	165,1
Undervisning	305,0	4,1		309,1
Vaksenopplæring	20,9			20,9
Kulturskule	11,8			11,8
Helsestasjons- og skulehelseteneste	19,1	1,1		20,2
Førebyggjande arbeid ungdom	1,0			1,0
Barnevern	21,8			21,8
<b>Årsverk i alt</b>	<b>564,7</b>	<b>6,2</b>	<b>-5,0</b>	<b>565,9</b>

## 6.2 Omsorg

Tenesteområdet omfattar heimeteneste, miljøteneste, psykisk helse- og rusarbeid og institusjonsteneste. Omsorg har fokus på kvalitet i tenestene som vert levert og framtidig tenestebehov. Målet er å utvikla fleksible tenester tilpassa kvar enkelt brukar sine behov og ressursar.

Omsorg må rusta seg for framtida, og særleg for det som vert beskrive som den kommande eldrebølgja. Den nye eldregenerasjonen lever lenger fordi dei har betre helse, og kan møte alderdommen med heilt andre ressursar enn tidlegare generasjonar har kunna. Fleire av dei «nye eldre» har både høgare utdanning, betre økonomi, bustad og funksjonsevne.

Fokus i planperioden er førebyggjande tiltak som skal sikra at så mange som råd har ei god helse, kan bu heime og klara seg sjølv. Det vil på sikt spare innbyggjarane for framtidige helseproblem og kommunen for framtidige utgifter.

Stortingsmeldinga «Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre» (St.meld.15) har fokus på fem område:

- Eit aldersvennleg Norge
- Aktivitet og fellesskap
- Mat og måltid
- Helsehjelp
- Samanheng i tenesta

Reforma startar i 2019, men før kommunane set reforma ut i livet, skal ein vedta eit handlingsprogram med fokus på dei fem områda. Handlingsprogrammet skal leggjast til grunn for budsjett- og økonomiplanarbeidet framover. Fleire av områda i reforma har Time allereie fokus på. Eit av ernæringsprosjekta i Time vert trekt fram som eit av dei gode eksempla i reforma.

I Time kommune, som i resten av landet, har talet på brukarar under 67 år med omfattande omsorgstenester gått opp. Fleire brukarar har alvorlege og kroniske sjukdommar, og behovet for tenester til brukarar med psykiske utfordringar og åtferdsvanskar har også auka.

Omsorg må avklara forventningar og omfang av tenester som kommunen skal yta. Tenestetilbodet må vera føreseieleg for innbyggjarane og ha tydelege kriterier. Tverrfagleg samarbeid, både internt og interkommunalt, samarbeid med frivillige og tidleg innsats må vektleggjast for å rusta kommunen til å møte utfordringane framover.

Det er gjort eit politisk vedtak i sak 053/18 at Time kommune skal ha ei ekstern kartlegging, og få ei vurdering av helse og omsorgstenestene. Kartlegginga skal ha fokus på organisering, tilbod, ressursbruk og utfordringar i framtida med nødvendige tiltak. Rapporten vil verta eit godt verktøy for vidare planlegging og organisering av tenestene, og vil verta ferdig i byrjinga av 2019.

I åra som kjem vert det viktig å forvalta ressursane hensiktsmessig til det beste for den enkelte brukar og kommunen. Ein vil kontinuerleg sjå på ressursbehov og nytte.

### 6.2.1 Status og utfordringar

I planperioden vil Omsorg arbeida med å vri tenestetilbodet mot tidleg innsats og førebyggjande arbeid. Samtidig som dagens tenestetilbod vert vidareutvikla og forbetra ved hjelp av tverrfagleg samarbeid, velferdsteknologi, innovasjon, fokus på folkehelse og tidleg innsats.

Dei siste åra har det vore eit aukande behov for omsorgstenester i kommunen. Dette påverkar økonomi og drift.

Høg grad av utskifting av leiarar samt tilsynsrapportar viser at me treng å styrkja leiarkompetansen på fleire nivå og sikra nok tid til leiing.

Tre prosjekt nærmar seg slutten: «Heiltidskultur og arbeidstidsordningar», «Omstilling 2017» og «Nærværingsprosjektet».

«Nærværingsprosjektet» vert avslutta i 2018. IA-arbeidet og ei systematisk oppfølging av sjukefråværet på den enkelte avdelinga vil halda fram. Sjukefråværet er framleis høgt i fleire av avdelingane våre. Målet er å redusera sjukefråværet i omsorg til under 7,5 %.

Heiltidskultur og arbeidstidsordningar som prosjekt vert avslutta i 2018. Omsorg har gjennom prosjektet fått starta ein kultur- og haldningsendring. Omsorg vil halda fokus på mål om å ha flest mogleg tilsette i heile stillingar, og heile tida søkja løysningar som er gode for både brukarar, drift og tilsette. Omstilling 2017 er omtala i kapittel 4.

#### **Førebyggjande arbeid**

For å møta utfordringane framover må Time kommune byggja ei teneste som sikrar at innbyggjarane har ei god psykisk og fysisk helse. Dette vil verta gjort i form av førebyggjande heimebesøk, innbyggjarinvolvering og lågterskeltilbod med fokus på fysisk aktivitet, psykisk helse og ernæring. Omsorg har, og vil starta fleire prosjekt saman med Frisklivsentralen. I 2019 vil Omsorg og Samfunn sjå på dag- og aktivitetstilbodet for eldre, samt samarbeida om å utvikla det frivillige arbeidet i kommunen.

Time har fått tilskot på 410 000 kroner frå Fylkesmannen til psykolog. Kravet som vert lovfesta frå 2020 er at ein psykolog skal arbeida på systemnivå og samtidig vera eit lågterskeltilbod. Dette kan verta eit godt supplement til psykologen som er på familiesenteret. Kommunepsykologen vil først og fremst driva opplæring, fagutvikling og lågterskeltilbod til dei som ikkje har ein naturleg tilknytning til familiesenteret.

#### **Vidareutvikling og forbetring av tenestetilbodet**

Omsorg vil i heile planperioden ha fokus på effektive kompetanseheevande tiltak i tråd med kompetanseplanen. Saman med fagutviklarar, leiarar og tilsette vil kommunen laga eit opplæringsprogram for alle tilsette.

I 2019 vert det oppretta ei ny verksemd som skal ha ansvar for all saksbehandling og tenestetildeling. Dette vil gje ei nøytral og likeverdig tenestetildeling samt at ein vert betre på å setta inn førebyggjande tiltak. Ei slik verksemd vil frigjera tid for leiarane, samtidig med at det vil vera meir brukarvennleg med ein veg inn til tenestene i kommunen. Eit tenestekontor

vil ha betre moglegheit til å setta inn rett tiltak på rett nivå, då dei vil ha ein samla kompetanse og oversikt. Omorganiseringa vert gjort innanfor eiga økonomisk ramma.

I KS-sak 051/18 vart det vedteke å starta opp eit ettervernstilbod i Røyrvika 15 for dei som har vore i behandling for rus- og/eller psykiske vanskar, og har eit ønskje om eit rusfritt liv.

Time kommune har sagt ja til invitasjonen frå Klepp kommune om å vera med på å starta ein dialog/samarbeid om eit felles tilbod for personar med demens med stort behov for skjerming. Samtidig skal ein sjå på moglegheiter for samarbeid kring et felles butilbod for eldre med rus- og psykiske vanskar.

### **Velferdsteknologi**

Time kommune skal implementera elektronisk medisineringsstøtte og digitalt tilsyn i tenestene i løpet av våren 2019. Det er det interkommunale velferdsteknologisamarbeidet i Sør-Rogaland som styrer når Time kommune kan ta i bruk dei nye løysingane. Digitalt tilsyn vert i dag tilbuddt i form av for eksempel dørsensorar og digitalt natt-tilsyn via kamerateknologi. Etter eit nytt anbod i 2019 vil kommunen kunna tilby lokaliseringsteknologi og fleire velferdsteknologiske sensorar for eksempel dørsensor, sengealarm og fallalarm.

Ei utfordring som må løysast i planperioden er korleis omsorg skal handtera alarmane og dei tekniske varsla frå utstyret heile døgnet. Fram til nå har heimetenesta kjøpt responsentertjenester, medan bufellesskap med heildøgntilsette har handterer det på plassen. Dei tilsette må arbeida på ein annan måte når dei tek i bruk teknologien, og det skal leggjast ein plan på å designa tenestene.


Andre velferdsteknologiske løysingar som Nasjonalt velferdsteknologiprogram anbefaler, vil verta vurdert i planperioden, som for eksempel elektroniske dørlåsar, logistikk-løysing for meir optimale køyreruter og medisinsk avstandsoppfølging.

### **Heimetenester**

Tenesta omfattar heimesjukepleie, kvardagsrehabilitering, praktisk bistand/heimehjelp, bukollektiv, tryggleiksalarmar, tekniske hjelpemidlar, velferdsteknologiske løysingar, støttekontakt, omsorgsstønad, dagsenter og matombringning til heimebuande.

Heimetenesta har fokus på kvardagsrehabilitering og tidleg innsats. Det er viktig at det er brukarmedverknad i målsetjinga av tenestene. På den måten kan behovet for meir omfattande tenester verta utsett. Heimetenesta har og eit tett samarbeid med kreft- og demenskoordinator i dette arbeidet, samt fagarbeidar i velferdsteknologi. Velferdsteknologien er ein viktig del av den tidlege innsatsen.

Det er behov for å auka leiarressursane for dag- og aktivitetstilboda i omsorg. Her må det vera fokus på tidleg innsats, koordinering av sjåførar, samarbeid med frivillige og samarbeid med andre kommunalområde.



Kommunebarometeret 2018 fortel at Time kommune i gjennomsnitt tildeler fleire timer per brukar enn dei fleste andre kommunane i landet. Det er usikkert kva som er grunnen. Dette er noko rådmannen vil følgja med på framover og sjå om det endrar seg ved innføring av tenestekontor. Truleg vil ein få svar på dette gjennom den komande kartlegginga.

### **Institusjonstenester**

Institusjonstenesta har totalt 99 sengeplassar, fordelt på Bryneheimen og Sivdamheimen. Vaskeriet er lokalisert på Bryneheimen. Bryneheimen gjev tenester til personar som treng heildøgnsomsorg, medisinsk behandling og som ikkje kan bu heime. Sivdamheimen har korttid/rehabiliteringsplassar med to lindrande senger og avdeling for personar med demenssjukdom. Dagsenteret Vibå, på Sivdamheimen, er for personar med demenssjukdom.

I ein periode har rehabiliteringsavdelinga hatt ledig kapasitet. Det er usikkert kva som ligg til grunn for denne endringa og om den vil vara ut i planperioden. Frå februar og fram til august 2018 har Time kommune seld sengeplassar til Gjesdal og Sandnes kommune. Ved ledig kapasitet i planperioden vil kommunen tilby salg av plassar. Ved ledig kapasitet vil fleire innbyggjarar få tilbod om ferie-, rullerande- og avlastningsopphald i institusjon. Det er eit ledd i tidleg innsats og førebyggjande tiltak. Det vil også vera med på å utsetja behovet for institusjonsplass.


Det er størst press på institusjonsplassar for personar med demenssjukdom. For å møta det behovet vil det verta lagt tilrette for ei skjerma eining for personar med demens på Bryneheimen.

I tillegg arbeider omsorg med å utvida dagaktivitetstilbodet for dei yngre med demenssjukdom (under 65 år). Med utvida opningstider og helgetilbod kan ein utsetja behovet for langtids plass.

Konsekvensen av samhandlingsreforma er at sjukeheimane vert behandlingsinstitusjonar meir enn sjukeheimar. Presset på sjukeheimane vil auka med at sjukehuset dreiar tenestene mot meir poliklinisk behandling. Det vert kommunane som må fylgja opp behandlinga. Det er grunnen til auka behov for lege- og sjukepleiarkompetanse. Med ei auka legestilling på

Bryneheimen til 100 % stilling, vil ein få betre kontinuitet og kvalitet på tenesta. Samtidig vil ein kunna avvikla feriar for institusjonslegane utan leige frå vikarbyrå. Sjukepleiarkompetansen vil verta aukt med eit årsverk kvart år i planperioden.

Time kommune har fått 250 000 kroner frå Fylkesmannen som skal nyttast til koordinering og organisering av frivillig arbeid i institusjonane.



Ein av grunnane til at kostnadane er høgare i Time skuldast ein lengre periode med ledig kapasitet ved korttidsavdelinga. Dette vil kommunen få betre oversikt over etter kartlegginga er gjennomført.

### Psykisk helse og rusarbeid

Tenesteeininga består av to døgnbemanna bufellesskap, psykisk helse og rusarbeid på dagtid, oppsøkjande tenester, støttekontakt/treningskontakt og lågterskel-dagtilbod lokalisert i Svendsenhuset. Svendsenhuset vert også brukt på kveldstid til NA-møte (Anonyme Narkomane), «Kaffipraten», tilbod frå A-larm (ein landsdekkjande brukar- og pårørande organisasjon innan rusfeltet) og Mental helse Klepp og Time sine medlemsmøte.

Psykisk helse og rusarbeid driv recoverystøttande tenester. Recovery er ein personleg prosess ut i frå brukar sine ønskje her og nå.

I 2019 flyttar dagtenesta inn i lokale i SkattVest-bygget. Då vil tenesta utvida opningstida i tråd med Omstilling 2017. Verksemda kjem tettare på andre kommunalområde som vil letta samhandlinga på tvers. Verksemda vil ha fokus på å sikra at alle aldersgrupper får tenester ut i frå sine behov.

Verksemda er med i « Tidleg innsats»-prosjektet saman med samfunn og oppvekst. Det vert finansiert med midler frå Fylkesmannen. Målgruppa er unge som er i fare for å utvikla psykiske vanskar eller rusproblem.

Som ein del av den auka nasjonale satsinga innan tenester for menneske med rus- og psykiske vanskar har Time motteke tilskot frå Fylkesmannen til erfaringskonsulent, burettleiarar, ambulerande rustenester og ettervern. I løpet av planperioden vert alle desse prosjekta implementerte i ordinær drift, og årsverka vert oppretta som faste stillingar.

### **Miljøtenester**

Tenesteeininga er for personer med fysisk og/eller psykisk funksjonssvikt, og unge med tilknytings- og åtferdsvanskar med behov for helsehjelp og opplæring i daglege gjeremål. Tenesta består av døgnbemanna bufellesskap, brukarstyrt personlig assistanse (BPA), avlastningsheim, dagsenter, tilrettelagt aktivitetstilbod (TAT), omsorgsstønad og støttekontakt.

Tilsynet frå Fylkesmannen i september i fjor førte til at verksemda fekk avvik som vart grunngeve med blant anna for stor portefølje på kvar leiar og for lita tid til administrasjon. Miljøtenesta har endra leiarstrukturen. Avdelingsleiaren er nå leiar for ein base, ikkje to og tre. Leiaren får nærleik til sine tilsette og brukarar.

I 2018 har verksemda hatt ei auke i behovet for avlastning for barn med åtferdsvanskar samt ei auke i behov for miljøtenester.

Miljøtenesta har nå fleire eldre som bur i eigne bufellesskap med heildøgn bemanning, og er alvorleg sjuke og krev store ressursar. For å kunna yta fagleg god kvalitet og driva forsvarleg må ein på sikt sjå på andre løysningar enn det me har i dag.

### **Interkommunalt samarbeid**

Time har hatt ei utfordring med å utnytta plassane til kommunen på Jæren øyeblikkelig hjelp på Sandnes. Første halvdel av 2018 har Time nytta i snitt 37 % av liggedøgna sine. Rådmannen vil i økonomiplanperioden kartleggja grunnen til det låge belegget, og sørgja for at desse plassane vert betre utnytta.

#### **6.2.2 Mål for langtidsperioden**

- Auka brukarmedverknad ved å betra tildelingsrutinar, informasjon og deltaking
- Auka førebyggjande arbeid ([Folkehelse](#))
- Laga handlingsplan i tråd med Eldrereforma
- Laga gevinstrealisering i kvalitet og økonomi for velferdsteknologi
- Meir samarbeid med frivillige
- Nyttiggjera eldreressursen i samarbeid med Frivilligsentralen ([Folkehelse](#))
- Auka tverrfaglege prosjekt og samarbeid i kommunen
- Samordna og auka dag- og aktivitetstilbodet for personar med demens
- Auka talet på heiltidsstillingar
- Redusera sjukefråveret

#### **6.2.3 Tiltak i 2019**

- Følgja opp rapporten frå den eksterne analysen
- Oppretta tenestekontor
- Gjennomføra brukarundersøking i institusjonstenesta (brukarar og pårørande)
- Greia ut behovet for institusjonskjøkken

- Fornya «Strategiplan Omsorg»
- Auka leiarressursane
- Utvida opningstida for psykisk helse og rusarbeid
- Utvida opningstida i dagsenteret for personar med demenssjukdom
- Ta i bruk heile Kvernaland omsorgssenter
- Starta førebyggjande heimebesøk og auka folkehelsekompetansen hos eldre innbyggjarar ([Folkehelse](#))
- Styrkja fagkompetansen i sjukeheimane
- Gjera om ein del av ei avdeling til skjerma eining for personar med demenssjukdom
- Starta med elektroniske medisindispensarar
- Opna ettervernsbustad i Røyrvika 15
- Tilsetja kommunepsykolog
- Auka belegget på Jæren øyeblikkelig hjelp

#### 6.2.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Omsorg	Rekneskap Budsjett		Økonomiplan				2018-2019
	2017	2018	2019	2020	2021	2022	
Netto driftsutgifter (1000 kr)							
Administrasjon	4 799	5 615	4 862	4 772	4 772	4 772	-13,4 %
Institusjonstenester	90 078	90 560	91 491	92 591	93 275	94 925	1,0 %
Heimetenester	56 419	58 962	63 955	64 994	64 844	64 844	8,5 %
Miljøtenester	87 301	90 250	91 113	92 673	92 873	92 873	1,0 %
Psykisk helse og rusarbeid	20 270	19 197	25 458	26 448	27 493	28 153	32,6 %
Aktivitets- og servicetenester	9 522	9 334	8 575	8 575	8 575	8 575	-8,1 %
Samhandling	1 639	3 292	3 370	3 370	3 370	3 370	2,4 %
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>270 028</b>	<b>277 210</b>	<b>288 824</b>	<b>293 423</b>	<b>295 202</b>	<b>297 512</b>	<b>4,2 %</b>

#### 6.2.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

- Kommunepsykolog eitt årsverk 2019
- Styrka fagkompetansen i institusjon, fire årsverk totalt i planperioden –eitt kvart år
- Auka legestillinga ved Bryneheimen med 20 % stilling i 2019.
- Styrka kvardagsrehabilitering og demensteam totalt eitt årsverk i 2019.
- Styrka leiinga i omsorg med eit halvt årsverk.
- Implementera fagarbeidar velferdsteknologi, eitt årsverk
- Når Kvernaland omsorgssenter blir tatt fullt i bruk, blir det ei styrking på eitt årsverk
- Redusera utgiftene med 1,7 millionar kroner, som følgje av innsparingar ved innføring av velferdsteknologi
- Auka behov for ressurskrevjande tenester netto, 5,5 årsverk
- Kjøp av eksternt butilbod som ikkje kommunen kan levere sjølv, 1,2 millionar kroner
- Implementera erfaringskonsulent, ambulerande rusteneste, buoppfølgjarar, og rusfri bustad i ordinær drift, tilsvarande 5,5 årsverk

#### 6.2.6 Oversikt over personalressursar

Omsorg	31.12.2018	Nye	Redusert	31.12.2019
Administrasjon	3,0	1,0		4,0
Institusjonstenester	122,3	1,2		123,5
Heimetenester	80,2	3,5	-3,0	80,7
Miljøtenester	135,4	6,9	-1,4	140,9
Psykisk helse og rusarbeid	29,8	5,5		35,3
Aktivitet- og servicetenester	5,5			5,5
<b>Årsverk i alt</b>	<b>376,2</b>	<b>18,1</b>	<b>-4,4</b>	<b>389,9</b>



## 6.3 Samfunn

Tenesteområdet har som oppgave å driva og utvikla allmenne tiltak og tenester for innbyggjarane. Dette vert gjort i tråd med intensjonane i lov og regelverk innanfor dei økonomiske rammene kommunen har. Innbyggjarane skal vera sikra førebyggjande helsearbeid, nødvendig helsehjelp, hjelp til nødvendig livsopphald, bibliotek-, kultur- og fritidstilbod, kommunaltekniske tenester, planlegging, utbygging, drift og vedlikehald av kommunale bygg, anlegg og uteområde og dessutan nødvendig oppfølging av landbruks-, miljø- og kulturverninteresser.

### 6.3.1 Status og utfordringar

Samfunn har vore gjennom ein omstillingsprosess. Målet har vore å skapa ei meir hensiktsmessig organisering, betre samordning av forvaltningsoppgåver knytt til Plan- og forvaltning, Kommunalteknikk, Landbruk og miljøvern, robuste faggrupper og redusera det samla talet på tenesteeiningar.

Det er ei prioritert oppgave å finna og utføra rettast moglege tiltak for handtering av overvassutfordringane me har på Bryne.

Arbeidsledigheita i regionen har gått ned og nærmar seg «normale» nivå som før oljekrisa. Nedgangen i ledigheita har ennå ikkje vist igjen som nedgang i utbetalingar til sosialhjelp og årsaka til dette er samansett.

NAV Time vert slått saman med NAV Klepp frå 01.01.2019. Hovudprioriteringar på kommunal side for det samanslegne kontoret vert å fortsetja arbeidet med å redusera talet på unge vaksne som mottar sosialhjelp, og auka overgangen til arbeid og utdanning for brukarar med minoritetsbakgrunn som mottek sosialhjelp.

Ut frå signal frå regjeringa, vil Time og andre kommunar, ta imot langt mindre flyktningar dei næraste åra samanlikna med dei siste åra. Signala frå IMDI er 10 flyktningar per år. Det vert nå vurdert om det vil vera formålstenleg å slå saman flyktningstenestene i Klepp og Time.

Det pågår eit utgreiingsarbeid i lag med kommunane Hå, Klepp og Sandnes for å få på plass eit framtidig vertskommunesamarbeid om legevaktordning i tråd med føringane i akuttmedisinforskrifta.

Det er betydelege forskyvingar i arbeid med område- og detaljplanar, jf. Planstrategi 2015-2019. Dette har samanheng med samla mengde nye private reguleringsplanar, arbeid med pågåande revisjon av arealdelen til kommuneplanen og plankapasitet.

### **Folkehelse**

Folkehelseprofil 2018-2021 vart politisk godkjent i 2018. Prioriterte område skal inn i plan- og tiltaksarbeid på tvers av kommunalområda. Profilen skal leggjast til grunn for arbeidet med ny planstrategi.

Kommunen godkjente i 2018 nye partnerskapsavtalar for folkehelse med Fylkeskommunen. Det er tverrfagleg folkehelseforum som skal følgja opp avtalen. Arbeidet er forankra i politisk godkjent mandat.

## **Beredskap**

Rogaland Revisjon har hatt forvaltningsrevisjon av kommunen sitt arbeid med beredskap på verksemds- og kommunenivå. Ut frå tilbakemeldinga i rapporten vil kommunen tilby opplæring og øving i krisehandtering til verksemdene og avklare forventningane til og rapportering på beredskapsfeltet.

## **Plan og utbygging**

Plan og utbygging er ei ny eining etter omstilling av Samfunn hausten 2018. Eininga har ansvar for overordna planar og samferdselsplanlegging, arealplanlegging og alle investeringsprosjekt for bygg og anlegg.

Samfunn har arbeidd med rullering av arealdelen til kommuneplanen i heile 2018. Det er venta at dette arbeidet vert ferdigstilt og politisk godkjent i 2019. I 2018 har me mottatt langt fleire private reguleringsplanar enn i 2017. Desse er nå under arbeid.

Ny trasé for E-39 er avklart. «Jæralternativet» er skrinlagt og traseen vil derfor få liten arealmessig konsekvens for Time. Mange overordna og lokale samferdselstiltak er under planlegging, og vil få politisk forankring og avgjerd i 2018/2019. Ein eventuell «Utbyggingspakke Jæren» vil opna for at kommunen får løyst mange av sine samferdselsutfordringar, etablert miljøtiltak og eit gang- og sykkelvegnett for framtida.

Hausten 2018 er det i alt 24 investeringsprosjekt som pågår innanfor bygg og anlegg. Mange av dei strekkjer seg inn i 2019. Det vert bygd ny Trollongane barnehage i 2018-2019, planlegginga av ny felles ungdomsskule, turnhall og idrettshall med Klepp i Vardheia er godt i gang. I tillegg vert det arbeidd med planar for ny symjehall og idrettshall på Bryne.

Det pågår fleire reguleringsprosessar både i Bryne sentrum og på Kvernaland. Arealdelen til kommuneplanen er saman med sentrumsplanen styrande for administrasjonen sitt arbeid. Me arbeider med ny gatebruksplan for Bryne, men val av løysingar må skje parallelt med avklaringar rundt framtidig gågate i Storgata, «Utbyggingspakke Jæren» og parkeringsløyising for Bryne sentrum.

## **Samfunns- og landbruksforvaltning**

Alt forvaltningsarbeid innan landbruk, byggsak, geodata, veg og trafikk og grøntområde er nå samla i ei ny forvaltningseining. Det er eit uttrykt mål at samordninga av forvaltningssakene skal verta betre for innbyggjarane.

Revidert landbruksplan godkjent i 2017 legg føringar for landbruksforvaltninga. Ny «Jordvernstrategi for matfylket Rogaland» vil venteleg verta godkjent av fylkestinget i 2018/19, og vil leggja klarare føringar for jordvern i plan- og landbruksforvaltninga. I tillegg vil arbeidet med å gjennomføra godkjend «Tiltaksplan for Håelva» i samarbeid med Hå kommune, samt slutføra arbeidet med «Tiltaksplan for Orrevassdraget» i samarbeid med Klepp kommune ha prioritet dei komande åra.

Byggsak og geodata har i hovudsak hatt lik ordremengde årleg over fleire år, og er dimensjonert etter dette framover.


## Veg-, grønt- og egedomsdrift

Alt reinhaldsarbeid og vedlikehaldsarbeid for veg, grønt og friområde, gravplassar og alle kommunale egedommar og bygningar er nå samla i Egedomseininga.


Me har fortsatt noko etterslep i reasfaltering av kommunale vegar og gater. Innsatsen her har vore styrka nokre år, men i 2018 måtte avsette midlar omdisponerast til å dekkja uvanleg mykje vintervedlikehald på vegane. I åra framover håper me på meir normale vintrar slik at planlagt arbeid med reasfaltering kan fortsetja.

Oppgraderinga av Fritz Røed parken i Bryne sentrum vil medføra betydeleg oppfølgingsarbeid slik at parken vert innbydande til bruk for folk flest i åra framover. I tillegg vil utvida gravplass ved Time kyrkje i 2019 gje meirarbeid. Det er ikkje lagt inn auka ressursar som då vil medføra prioriteringar av utarbeidet i 2019. Erfaringane me får her i 2019 må danna grunnlag for nærare vurdering av ressursnivået i neste års økonomiplanarbeid.

Oppfølginga av planen for rehabilitering av leikeplassar vil pågå over mange år. Godkjende tiltak på Lye vil mest truleg vera ferdige i løpet av 2019, og plan for Bryne er under utarbeiding. Kverneland står for tur etter Bryne.



KOSTRA-tala 2017 viser at Time har mindre areal til egedomsforvaltning per innbyggjar enn Hå, Klepp, aktuell KOSTRA-gruppe, fylkes- og landsnittet. Arealstørrelsen for Time er den same som i 2016.




Driftsutgifter til eigedomsforvaltning er om lag på same nivå som nabokommunar, aktuell KOSTRA-gruppe og landsnittet bortsett frå kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg. Grunnen til det sistnemnde er at me berre har rapportert inn areal på idrettsbygg og ikkje på idrettsanlegg i 2017. Dette vert retta opp i KOSTRA-innrapporteringa for 2018.

Det er innført ny reinhaldsstandard i dei kommunale bygga og institusjonane i 2018, jf. kap. 4. Erfaringane så langt er positive både for brukarane av bygga og dei tilsette.

Me har i løpet av 2018 registrert forholdsvis mange ledige utleige-/omsorgsbustadar for dei fleste målgrupper, jf. omtale i kap. 4. Dette gjev betydeleg mindre leigeinntekter enn budsjettert, noko me har tatt høgde for i 2019 ved å redusera samla leigeinntekter med 1,5 millionar kroner. I tillegg avviklar me all leige av private bustadar i 2018, noko som medfører om lag 600 000 kroner i mindreutgifter. I slutten av planperioden er det tatt høgde for å rehabilitera dei samlokaliserte omsorgsbustadane i Linevegen og Kringlemyr som vart tatt i bruk tidleg på 1990-talet, jf. kap. 8.

### Vatn, avløp og renovasjon

Hovudtiltaka i Hovudplan for vatn og avløp 2016-2026 har fokus på å sikra robust vassforsyning til heile kommunen, sanering av gammalt og dårleg leidningsnett og handtering av overvatn. Ei lang rekke overvasstiltak og saneringstiltak er nå definerte, og fleire av tiltaka er under utføring og planlegging, jf. kap. 8. Vassforsyningstryggleiken vil betrast ved samankopling mellom Klepp og Time i samband med skuleutbygginga i Vardheia.




Ny renovasjonsordning frå 2019 der plasten skal kastast saman med restavfallet, medfører at tømefrekvensen for denne avfallsfraksjonen aukar til kvar andre veke. Dette aukar kostnadsnivået noko. Frå 2020 aukar kostandane med innsamling ytterlegare grunna nye kontraktsforhold. Dette vil påverka gebyret noko, men nivået vil fortsatt vera lågt i forhold til samanliknbare kommunar i andre delar av landet. Ordninga med bleiedunk vert avvikla i løpet av 2019.

I 2019 vil sorteringsanlegget for restavfall og papir vera i full drift på Forus. Sorteringsanlegget for restavfall vil mellom anna sortera ut plast i fem ulike plastfraksjonar. I anlegget skal det mellom anna lagast plastpellets for vidare sal. Dette vil forhåpentlegvis vera med på å halda behandlingkostnaden for restavfall nede i eit lengre perspektiv. Papiersorteringsanlegget skal sortera alt papiravfallet i papp, kartong og lesestoff. Biogassanlegget på Grødaland vil i 2019 ta imot matavfall frå alle kommunane i IVAR IKS. Anlegget har hatt driftsproblem då det kjem inn mykje sand og stein som har ført til ombyggingar og ekstra kostnader ved installering av sikttrommel.

Henteordninga for grovavfall er utvida til å gjelda hageavfall og farleg avfall hausten 2018.

## Helse-, sosial- og flykntingteneste




KOSTRA-tala 2017 viser at legetenesta i Time er omtrent på nivå med nabokommunane og KOSTRA gruppe 8 eller litt over. Tal for fysioterapitenesta viser at tenesta har noko lågare dekning enn fleire kommunar, KOSTRA gruppe 8 og landet.

Talet på fastlegeheimlar i dag sett i forhold til valt listelengde og folkeveksten tilseier at det ikkje er behov for å oppretta ny fastlegeheimel før 2020. Ny spesialistordning for legar i allmennteneste med forskrift frå 01.09.2017 inneber ei omstrukturering av ansvar og oppgåver for kommunen. Økonomiske kostnader for rettleiing av legar er lagt inn i økonomiplanen.

I langtidsperioden er det føreslått å styrka privat fysioterapi med eit driftstilskot frå 2021 og drift av Frisklivsentralen frå 2022. Frisklivsentralen vil prøva ut prosjekt «Friskliv Ung Jæren» med målgruppe unge i alderen 16-26 år. Det er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time, og er støtta med midlar frå Fylkesmannen. Elevar i vidaregåande skule vil vera ei viktig målgruppe, og psykisk helse er hovudfokus for prosjektet.

Frå 2019 er det føreslått å styrka drifta av kommunalt hjelpemiddellager grunna auka utlån, formidling og arbeidsmengde. Vidare har me som mål å greia ut behovet for teknisk teneste i hjelpemiddelforvaltninga som er levert frå NAV Hjelpemiddelsentral. Eigedom bistår med monteringar og reparasjonar av hjelpemidlar i samarbeid med fysio- og ergoterapitenestene.


Det er nasjonal og lokal satsing på at eldre skal bu lengst mogleg i eigen bustad og det krev for mange ei tilrettelegging med hjelpemiddel frå folketrygda. Kommunen er ansvarleg for montering og reparasjonar av desse. I dag bruker me 50 % stilling driftsoperatør til nemnde oppgåver.



KOSTRA-tala 2017 viser at Time har ein litt større del sosialhjelpsmottakarar enn andre kommunar på Jæren, men ein klar nedgang i forhold til 2017 (frå 4,3 til 3,8). Utgiftene til sosialhjelp er i 2018 igjen på veg opp, noko som medfører at NAV Time vil få eit samla meirforbruk i 2018. Årsaka til dette er samansett, og vil bli tydeleg gjennomgått som ein del av samanslåinga med NAV Klepp.

NAV Time har delteke i eit omstillingsprosjekt for å redusera sosialhjelpsutgiftene. I prosjektet valde ein å fokusera på hyppig rapportering på viktige område. Det er gjennomført ei spesialisering av arbeidet med sosialhjelp. Arbeidet vert vidareført inn i samanslåinga med NAV Klepp.

Det vart innført arbeidsplikt for sosialhjelpsmottakarar under 30 år i 2017. NAV Time har styrka ungdomsteamet, starta opp «Timemodellen» og har i løpet av 2018 slått denne saman med aktivitetsplikta i Klepp. Dette har bidrege til at kontora saman kan tilby ein breiare og meir omfattande pakke til aktuelle brukarar. For eksempel medførte samanslåinga at det vart gjennomført aktivitetar gjennom heile sommaren. Samarbeid med lokale bedrifter som for eksempel XXL har medført at fleire har kome over i arbeid gjennom programmet.



Gjennomsnittleg stønadstid er redusert frå 5,8 til 5,4 månader frå 2016 til 2017 for unge brukarar i alderen 18 – 24 år, og auka frå 6,4 til 6,6 månadar i same periode for brukarane i aldersgruppa 25–66 år.

Busetting av flyktningar har følgd treårige planar i Time i lang tid. Dette har vore føreseieleg for den kapasiteten me må ha i mottaksapparatet. I perioden 2016-2018 var kvoten på 40 flyktningar kvart år, men på grunn av reduksjon i asylsøknadar fekk Time berre tildelt 10 flyktningar i 2018. Det er usikkert kor mange flyktningar kommunen vil få i åra framover.

Grunna betydeleg reduksjon i talet på nye flyktningar framover vil det statlege integreringstilskotet verta redusert frå 27 millionar kroner i 2018 til om lag 10–11 millionar kroner i 2022. Tenesta må tilpassast denne store endringa ved betydeleg reduksjon i talet på årsverk i perioden. Klepp kommune har tilsvarande utfordringar innan tenesta framover.

For å møte endringane i busettingstal, er det sett ned ei prosjektgruppe som ser på ei mogleg samanslåing av flyktningtenestene i Klepp og Time, og eventuelt samlokalisering med Bryne kompetansesenter.

Det krev god samordning av tenester for at flyktningane lettare skal verta integrerte i lokalsamfunnet og kvalifiserte til arbeid eller utdanning. Det skal prioriterast å få flyktningar raskast mogleg ut i arbeid eller utdanning. Introduksjonsprogrammet skal verta meir individuelt tilpassa slik at me kan byggja på den enkelte flyktning sin eigen kompetanse.

## **Kultur**

2019 vert det første heile driftsåret for Bryne kino i nye lokale med fire salar i gamle Bryne Torgsenter. Filmtilbodet skal forbetrast og publikumstalet må om lag doblast målt mot dei siste åra med kino i Storstova. Etter at kinoen flytta ut hausten 2018, er Storstova nå eit «reint» kulturhus. I første omgang vert det gjort enkelte bygningsmessige grep, samt innført husleigetilskot for lokale lag og organisasjonar, for å tilpassa lokalet til nytt driftskonsept og

stimulera til auka bruk. I neste omgang må det avklarast om huset, som er om lag 50 år, skal renoverast og byggjast ut, eller om det skal planleggjast for nybygg.

Time bibliotek skal byta biblioteksystem, og samarbeider med andre bibliotek i regionen og Rogaland fylkesbibliotek om dette. Det er eit mål å gjera biblioteket endå meir tilgjengeleg, og det vert vurdert tiltak for innføring av såkalla «meiroke bibliotek», som betyr utvida tilgang for brukarane i tidsrom der biblioteket ikkje er bemanna. Biblioteket ønskjer også å styrka marknadsføringa av arrangement.

Drifta av musea i Time må avklarast og vidareutviklast dei komande åra. Det gjeld måten musea er organiserte på, kva tilbod dei skal gje, samt kor store økonomiske ressursar som vert stilt til disposisjon. Garborgheimen og Knudaheio høyrer til den nasjonale kulturhistoria og er prioritert gjennom samarbeidet med Jærmuseet. Dette samarbeidet vert frå 2019 utvida med Time bygdemuseum på Undheim. Det vert også arbeidd for å styrka og vidareutvikla den årlege litteraturfestivalen Garborgdagar.

Den nye kommunedelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv inneheld omfattande mål og tiltak for å utvikla idretts- og friluftstilbodet i Time. Det er ei viktig oppgåve å følgja opp planen med årleg revisjon av handlingsprogrammet og prioritering av anlegg og andre tiltak. Det er i perioden sett av midlar til ny idrettshall og turnhall i Vardheia i samarbeid med Klepp kommune og til oppstart av ny symjehall på Bryne. I tillegg kjem midlar til ei rekkje friluftslivs- og nærmiljøanlegg.

Fritidstilbodet for ungdom på Bryne er styrka ved etablering av Møllekjellaren i 2016. Møllekjellaren er både fritidsklubb og øvingslokale for band, og har på kort tid vorte ein viktig møtestad for unge. Det er dei komande åra behov for å vurdere status og tiltak for vidareutvikling av resten av fritidsklubbtilbodet i kommunen. I samarbeid med Rosseland ballklubb har kommunen sett i gang eit prosjekt for å inkludera barn og unge i fritidsaktivitetar. Prosjektet heiter «ALLE MED» og det er tilsett prosjektleiar i 50 % stilling. Erfaringar så langt viser at tiltaket bidreg til at barn og unge, uavhengig av familiens økonomi, vert inkludert i lag og organisasjonar.

Kommunestyret får i 2019 ny *Kulturplan for Time 2019-2027* til behandling. Planen skal inspirera, motivera og gje retning for arbeidet med kulturtenestene, kulturprosjekt og enkeltsaker. Ein eigen frivilligstrategi vert lagt fram til politisk behandling første halvår 2019. I 2019 vert det også sett i gang revidering av kulturminneplanen.

### 6.3.2 Mål for langtidsperioden

- Ha merksemd på aktuelle tiltak og utviklinga av barnefattigdom i kommunen
- Syta for at flest moglege leiarar har fått kunnskap om krisehandtering
- Følgja opp godkjent planstrategi, samt nasjonal og regional jordvernstrategi
- Sikra god tilgang på område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv ved utbygging og fortetting
- Få til ei urban utvikling av Bryne sentrum med fokus på bukvalitet og Bryne som regionsenter for næring, læring og kultur
- Redusera risikoen for trafikkulykker i kommunen



- Leggja til rette for at ein aukande del av persontransporten skjer med buss, bane, til fots og på sykkel
- Vera pådrivar og samarbeidspart for å vidareutvikla kollektivtilbodet mellom Bryne og andre byar og tettstadar
- Godkjent landbruksplan skal vera grunnlaget for behandling av forvaltningssaker i landbruket
- Optimalisera varme- og ventilasjonsanlegga i kommunale bygg
- Vasskvaliteten i vatn og bekkar på Jæren skal oppfylla krava i EU sitt vassdirektiv
- Sikra ei effektiv, sikker og miljøvennleg vass- og avløpssteneste som dekkjer hushalda og næringslivet sine behov
- Skifte ut minimum 1 % av kommunale vass- og avløpsleidningar
- Sikra at hushaldsavfall vert samla inn på ein miljøvennleg og effektiv måte
- Sikra innbyggjarane helse- og sosialtenester av god kvalitet
- Redusera talet på unge sosialhjelpsmottakarar
- Redusera talet på brukarar med flyktningbakgrunn som mottar sosialhjelp
- Redusera talet på langtidsmottakarar av sosialhjelp
- Følgja opp nasjonal målsetjing om at 65 % av flyktningane skal vera i arbeid eller utdanning eit år etter avslutta introduksjonsprogram
- Gje publikum eit mangfaldig filmtilbod og utvikla Bryne kino som ein attraktiv møtestad
- Styrka Storstova som regionalt kulturhus
- Gjera biblioteket meir tilgjengeleg ved innføring av «meiroke bibliotek» og nytt biblioteksystem
- Gjera drifta av musea berekraftig ved styrka samarbeid med Jærmuseet og lokale lag og organisasjonar
- Utvikla fritidsklubbtilbodet i tråd med brukarane sine ønskje. Det framtidige tilbodet på Kvernaland skal vurderast særskilt
- Styrka moglegheitene for idretts- og friluftaktivitetar basert på kommunedelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, og sørgja for aktiv bruk av nye idrettshallar og ny symjehall

### 6.3.3 Tiltak i 2019

#### Folkehelse

- Laga handlingsplan for bruk av partnerskapsmidlar ([Folkehelse](#))

#### Beredskap

- Gjennomføra opplæring i krisehandtering og beredskapsøving for leiarane i to verksemder
- Gjennomføra opplæring i krisehandtering og beredskapsøving for kriseleiinga
- Avklara forventningar og rapportering på beredskapsarbeid på verksemdsnivå
- Få på plass framtidig vertskommunesamarbeid om legevaktordning i tråd med føringane i akuttmedisinforskrifta

#### Plan og utbygging

- Følgja opp konkrete overordna planar og områdeplanar i tråd med planstrategien
- Få godkjend revidert arealdel til kommuneplanen
- Utarbeida gatebruksplan for Bryne og regule Storgata til gågate
- Følgja opp årleg prioriteringssak for private reguleringsplanar frå Lokal utvikling

- Gjennomføra brukarundersøking «private reguleringsplanar»
- Realisera byggje- og anleggsprosjekt som er eller vert sette i gang i 2019 i tråd med investeringsdelen i økonomiplanen
- Utarbeida internkontrollsystem for arealplanlegging

### **Samfunns- og landbruksforvaltning**

- Få godkjent ny «Tiltaksplan for Orrevassdraget» saman med Klepp
- Følgja opp godkjent «Tiltaksplan for Håleva» saman med Hå
- Utfordrande forvaltningssaker skal handterast i positiv og klargjerande dialog med sækjarar
- Saksbehandlingstida for byggsak og geodata skal liggja godt innanfor føringane i nasjonale lovar og forskrifter
- Ny godkjenning som «Trafikksikker kommune» (Folkehelse)
- Gjennomføra prioriterte tiltak i trafikksikringsplanen (Folkehelse)
- Leggja fram sak om klimarekneskap for kommunen

### **Veg-, grønt- og eigedomsdrift**

- Fortsetja med reasfalteringsarbeidet av kommunale vegar og gater
- Systematisera og digitalisera drift av overvass-, veg- og grøntanlegg
- Ta i bruk ny miljøvenleg teknologi for vedlikehald av grøntområde
- Fortsetja oppgraderingstiltaka av kommunale leikeplassar
- Slutføra innføringa av ny reinhaldsstandard i kommunale bygg som naturleg del av gjennomført omstillingsprosjekt
- Gjennomføra nødvendige brannsikringstiltak etter tilsyn i kommunale bygg
- Vurdera husleigesatsane for utleigebustadane i forhold til marknadsleigesatsane for leigebustadar på Jæren

### **Vatn, avløp og renovasjon**

- Få alle resterande abonnentar over på vassmålar
- Gjennomføra systematisk lekkasjesøking i leidningssystemet
- Gjennomføra systematisk søking etter framandvatn i avløpsnettet
- Syta for førebyggjande tiltak for overvasshandtering i utsette område på Bryne
- Gjennomføra samankopling av vassforsyninga mellom Klepp og Time i Vardheia/Nordlysvegen
- Ha tilbod heile året om henting av grov-, hage- og farleg avfall frå hushalda
- Avslutta «bleiedunkordninga» og samla inn alle dunkar brukt i ordninga
- Ta i bruk tekniske verktøy for handtering av tømingar og serviceoppdrag i renovasjonstenesta.

### **Helse-, sosial- og flyktingtenester**

- Rettleia minimum tre fastlegar i tråd med føringane i ny forskrift om spesialistordning
- Frisklivscentralen prøver ut prosjekt «Friskliv Ung» i samarbeid med nabokommunane Hå, Klepp og Gjesdal (Folkehelse)
- Fysio- og ergoterapitenesta greier ut behovet for auka teknisk teneste til montering og reparasjonar av hjelpemiddel
- Utarbeida tiltak for å auka overgang til arbeid eller utdanning for personar med flyktingbakgrunn som har sosialhjelp som hovudinntekt (Folkehelse)

- Systematisk arbeidsretta oppfølging av alle langtidsmottakarar av sosialhjelp som har dette som hovudinntekt (Folkehelse)
- Utarbeida nye samarbeidsavtalar med kommunale, fylkeskommunale og statlige tenester i forbindelse med samanslåinga med NAV Klepp
- Tilpassa drifta av flyktingtenesta til reduksjonen i mottak av flyktningar
- Utvikla og tilpassa introduksjonsprogrammet meir individuelt for å få flyktningar raskare ut i utdanning eller arbeid (Folkehelse)

## Kultur

- Avklara konsept for framtidias Storstova–profil, bygg, driftsopplegg og framdrift
- Gjennomføra brukarundersøking av kinoen og kulturhuset
- Gjera biblioteket endå meir brukarvennleg ved å innføra nytt biblioteksystem og vurdera grep for å gjera lokalet «mei rope»
- Gjennomføra brukarundersøking av biblioteket
- Inngå avtale med Jærmuseet og Time historielag om forvaltning og drift av Time bygdemuseum
- Gjennomføra innovasjonsprosjektet «Smart organisering av frivillig innsats»
- Gjennomføra innovasjonsprosjektet «Velferdssenteret mot 2030 – møte med morgondagens eldre» (Folkehelse)
- Etablere utstyrlager for idretts- og friluftsutstyr (Folkehelse)
- Vidareføra prosjekt «ALLE MED» (Folkehelse)
- Utarbeida ein strategi for samhandling med frivillig sektor

### 6.3.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Samfunn	Rekneskap		Økonomiplan				2018-2019
	Budsjett		2019	2020	2021	2022	
Netto driftsutgifter (1000 kr)	2017	2018					
Administrasjon	2 810	3 319	3 406	3 406	3 406	3 406	2,6 %
Plan og utbygging	3 115	3 231	3 116	2 916	2 916	2 916	-3,6 %
Samfunns- og landbruksforvaltning	5 855	4 639	4 129	5 134	5 199	5 199	-11,0 %
Brannvern	7 131	8 781	10 488	11 932	13 382	13 382	19,4 %
Helse og rehabilitering	30 496	30 456	31 651	31 651	31 551	31 801	3,9 %
Flyktingtenesta	15 630	15 371	9 777	7 337	5 927	5 927	-36,4 %
Sosialtenester	32 223	29 357	28 510	25 335	24 735	24 235	-2,9 %
Kultur	21 747	20 740	21 602	23 832	21 522	20 902	4,2 %
Eigedom	49 247	45 781	47 286	47 297	47 897	48 547	3,3 %
Vegar og grøntanlegg	19 447	20 234	20 360	19 610	19 610	19 610	0,6 %
Vatn, avløp og renovasjon	0	0	0	0	0	0	
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>187 701</b>	<b>181 909</b>	<b>180 325</b>	<b>178 450</b>	<b>176 145</b>	<b>175 925</b>	<b>-0,9 %</b>

### 6.3.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

#### Aukingar

- Gradvis opptrapping av tilskotet til Rogaland brann og redning IKS med om lag 1,5 millionar kroner årleg fram til og med 2021 då tilskotet fullt ut skal vera fordelt etter folketalet i eigarkommunane.
- Det er sett av 200 000 kroner i 2019 til sluttarbeidet med arealdelen av kommuneplanen.
- Det er sett av 950 000 kroner i perioden til gjennomføring av tiltaksprogram i Vassregion Rogaland og prioriterte tiltak i Hå- og Orrevassdraget.
- Det er tatt høgde for fusjon av Rogaland Arboret og Stavanger botaniske hage med auka årleg tilskot på 130 000 kroner frå andre halvår 2020.

- Lønnsmidlar på 740 000 kroner årleg til å aktivera vakant miljørådgjevarstilling frå 2020.
- Driftsutgifter til gatelys og feiing i Bryne sentrum er auka med 200 000 kroner årleg frå 2019.
- Årlege driftsutgifter på om lag 1,25 millionar kroner for ny ungdomsskule, idrettshall og turnhall i Vardheia etter fråtrekk av Klepp og Bryne turn sin del er lagt inn frå andre halvår 2021.
- Kostnadar for rettleiing av legar, jf. ny spesialistordning, er lagt inn med 120 000 kroner årleg.
- Styrking av drifta ved kommunalt hjelpemiddellager med 250 000 kroner frå 2019.
- Styrking av privat fysioterapi med eitt driftstilskot på 400 000 kroner frå 2021.
- Styrking av drifta ved Frisklivsentralen med 250 000 kroner frå 2022.
- Styrka drifta av Storstova som reint kulturhus med 570 000 kroner årleg, eitt årsverk som «husvert».
- Lagt inn 300 000 kroner årleg som «husleigetilskot» til lokale lag og foreiningar som nyttar Storstova.
- Det er sett av 150 000 kroner i 2019 for å markera 15 års jubileet til Fritz Røed skulpturpark, inkludert nytt informasjonsmateriell.
- Årlege meirkostnadar på 60 000 kroner til dei ulike kommunale kulturprisane.
- 200 000 kroner i 2019-2020 til arbeidet med revisjon av Kulturminneplanen.
- Årleg tilskot til Jærmuseet på 350 000 kroner i 2019 og 200 000 kroner i åra etter til drift av Time bygdemuseum.
- 300 000 kroner årleg i ubekvemstillegg for tilsette i kinoen.
- Tilskot på i alt 3 470 000 kroner til medfinansiering av investeringstiltak på idrettsanlegga til Bryne tennisklubb, Frøyland IL og Undheim IL er lagt inn i perioden, jf. kap. 8.4.
- Støtte på 300 000 kr i 2019 til å vidareføring av prosjektet «ALLE MED».
- Støtte på 50 000 kroner årleg for tilrettelagte aktivitetstilbod for personar med særskilte behov.
- Til utvikling og drift av «Utstyrssentral» i samarbeid med private lag og foreiningar er det lagt inn 100 000 kroner årleg.

### **Reduserte utgifter og auka inntekter**

- Vintervedlikehaldet er redusert med ytterlegare 100 000 kroner årleg frå 2019.
- Husleigeinntekter frå Skatt Vest er redusert med 800 000 kroner frå 2019 og ytterlegare 150 000 kroner årleg frå 2020.
- Årlege samla husleigeinntekter for utleige-/omsorgsbustadar er reduserte med 1,5 millionar kroner frå 2019.
- 500 000 kroner i auka leigeinntekter frå 2019 for utleige av dei resterande ledige bueiningane i Kvernaland omsorgssenter.
- Auka leigeinntekter på 500 000 kroner årleg for bruk av Storstova i perioden.
- Årlege samla meirutgifter med leige av private bustadar for utleige, er redusert med 600 000 kroner frå 2019 då ordninga opphøyrer.
- Ytterlegare reduksjon i reinhaldskostnadane på 300 000 kroner årleg frå 2019.
- Venta reduksjon i sosialhjelpsutgifter på ein million kroner i 2019 og ytterlegare 1–2 millionar kroner årleg i perioden 2020–2022 grunna betydeleg lågare mottak av flyktningar i åra framover.


- Opphøyr av mellombels arbeidstreningstiltak for unge sosialhjelpsmottakarar i regi av Eigedom frå 2020 som gjev ein million kroner i reduserte utgifter frå 2020.
- Reduksjon på 500 000 kroner årleg til Kvalifiseringsordninga frå 2020.
- Reduksjon i utgifter til introduksjonsordninga for flyktningar på 4,6 millionar kroner frå 2019 og ytterlegare 2-3 millionar kroner i perioden 2020–2022 grunna betydeleg lågare mottak av flyktningar i åra framover og ein betra arbeidsmarknad.
- Reduksjon i talet på årsverk i flyktingtenesta grunna betydeleg lågare mottak av flyktningar i åra framover, om lag 3-4 årsverk fram til 2020/21 som gjev reduksjon i utgifter på om lag ein million kroner i 2019 og ytterlegare 1,2 millionar kroner frå 2020.
- Årleg profileringsstilskot til Bryne FK på 300 000 kroner utgår frå 2019.
- Reduksjon på 150 000 kroner årleg frå 2019 etter fullført digitalisering av fotosamlinga i biblioteket.

### 6.3.6 Oversikt over personalressursar

Samfunn	31.12.2018	Nye	Redusert	31.12.2019
Administrasjon	3,0			3,0
Plan og utbygging	10,0			10,0
Samfunns- og landbruksforvaltning	15,4			15,4
Helse og rehabilitering	16,8	0,2		17,0
Flyktingtenesta	5,4		-2,0	3,4
Sosialtenester	10,3		-1,0	9,3
Kultur	29,5	1,0	-0,1	30,4
Eigedom	73,5			73,5
Vegar og grøntanlegg	16,5			16,5
<b>Årsverk i alt</b>	<b>180,4</b>	<b>1,2</b>	<b>-3,1</b>	<b>178,5</b>

## 6.4 Stab

### 6.4.1 Status og utfordringar



#### Politiske organ

Nyleg vedteken handlingsplan for lokaldemokratiet krev at det vert prioritert ressursar til oppfølging. Det gjeld innbyggjarinvolvering og medverknad, kommunikasjon om politiske saker og møter mellom anna i sosiale media. Når ungdom sin medverknad skal styrkjast, krev dette organisering og oppfølging frå administrasjonen si side.

Det er vidare mål om auka valdeltaking, der innsatsen må rettast mot dei målgruppene som har størst fråfall i deltakinga ved val.

Kommunestyre- og fylkestingsvalet vert førebudd og gjennomført ved leige av personell og ved bruk av administrativt tilsette. For 2019 er det bestemt at det vert éin valdag. Det vert lagt til rette for politkaropplæring etter kommunestyrevalet.

#### Servicetorget

Etter at prosjektet innbyggjarservice 2026 er gjennomført i 2018, vil det føreliggja ein rapport som synleggjer nokre av utfordringane og moglegheitene framover. Fleire digitale løysingar er under utvikling. Desse vil gjer det lettare å få innsyn i kommunale vedtak og praksis, få betre tilgang til tenester og å følgja eigne saker. Desse må tilpassast behova i Time og takast i bruk. Stadig endra krav og forventingar til digital service stiller også nye krav til nettsidene til kommunen, både når det gjeld utforming og funksjonalitet.

#### Kommunikasjon med næringsliv og innbyggjarar

Det er forventinga at kommunikasjonen mellom det offentlege, næringsliv og innbyggjarane vert stadig meir digital og tilgjengeleg døgnet rundt. Ein føresetnad for digitale tenester er at stadig fleire prosedyrar i saksbehandlinga vert fullelektroniske. Innbyggjarservice vil i perioden måtta utviklast vidare med digitalt førsteval som mål. Samtidig er tidleg dialog og klart språk viktige satsingsområde for å leggja til rette for god samhandling mellom kommunen og aktørane i lokalsamfunnet.

#### Administrasjon

Me er inne i ei tid med store digitale omstillingar. Ei av dei største utfordringane vert då å få

organisasjonen til å endra seg i takt med den teknologiske utviklinga. Endringsleiing og organisasjonsutvikling er ei like stor del av den digitale endringa som den teknologiske. For å heva det systematiske arbeidet vert IKT-avdelinga lagt direkte under rådmannen og endrar namn til «Digitalisering og utviklingsavdelinga». I 2019 vert det oppretta ei ny stilling i avdelinga som skal koordinera og leia dei digitale prosjekta i kommunen. Stillinga er oppretta ved omdisponering av stabressursar.

Time har i mange år vore ein føregangskommune når det gjeld arbeid med klart språk. Det er viktig å halda fram med inspirasjonskurs og saksbehandlarkurs i klart språk, nynorsk kurs for alle tilsette og andre systematiske språktiltak. Samtidig må ein gå gjennom standardskriv avdelingsvis saman med brukarar og innbyggjarar, og endra formuleringar ut frå tilbakemeldingar frå desse.

### **Personvernombod**

Ny personvernlov trådde i kraft juli 2018. Eit nytt krav er at alle kommunane må ha personvernombod. Personvernombodet skal ivareta rettane til innbyggjarane i den nye personvernlova. Time kommune har midlertidig løyst dette ved at ein person i sikkerhetsgruppa har påteke seg rolla som personvernombod. På sikt vil me rekruttera ein person internt i 50 % stilling som personvernombod.

### **Jæren kemnerkontor**

Time kommune er vertskommune for kemnerkontoret som driv ei effektiv og serviceinnstilt teneste for innbyggjarane i Hå, Klepp, Gjesdal og Time.

Kemnerkontoret leiger i dag av Skatt Vest som igjen leiger av kommunen. Skatt Vest si avdeling på Bryne vert nedlagt i februar 2019. Kemnerkontoret vil fortsatt vera i same bygget, men vil nå få leigekontrakt med kommunen.

### **Trussamfunn**

Kyrkjeleg fellestråd har fått inflasjonsjustert tilskotet. Det er i tillegg gjeve ei generell styrking på 300 000 kroner. Plan for verneverdige kulturminner er under arbeid og det er i 2019 sett av 100 000 kroner til restaurering av verneverdige kulturminner. Det er gjeve 100 000 kroner til digitalisering i 2018 og 2019.

I investeringsbudsjettet er det sett av 600 000 kroner eksklusiv moms til uteområdet rundt Bryne kyrkje slik at dette skal verta ein attraktiv plass for innbyggjarane. Løyvinga er flytta frå 2018 til 2019.

Kyrkjeleg fellestråd planlegg ny barnehage på Bryne. Tomt på Stemmen til verdi av 8,3 millionar kroner er kjøpt og finansiert med lån frå kommunen. Det vert nå jobba med ei alternativ tomt sentralt i Bryne. Når barnehagen kjem til å stå ferdig er uvisst, men tidlegast i 2020.

## Næring

Den største delen av befolkningsauken i Norge, skjer i byområde. Byutvikling er derfor eit prioritert område for næringsarbeidet i Time kommune. Bryne må vidareutviklast som regionby for heile Jæren.

Regional analyse for Time kommune gjev innsikt i kommunen si attraktivitetsutvikling dei siste 15 åra. Det er to måtar kommunen kan skapa ekstra vekst på. Den eine er å skapa kvalitetar som aukar innflytting og reduserer utflytting, altså auka bustadsattraktiviten. Den andre er å skapa næringsattraktivitet som fører til vekst i talet på arbeidsplassar.


I privat sektor har talet på arbeidsplassar etter 2005 vore svakare enn i resten av landet. Frå 2005 til 2017 har konkurranseutsette næringar hatt nedgang frå 1718 arbeidsplasser til 1281. Besøksnæringane (handel m.m.) har auka frå 1214 til 1382, og regionale bransjar (bygg og anlegg m.m.) har auka frå 1933 til 2174 arbeidsplassar. Verkstadindustrien er relativt sterkt representert i kommunen, men har vorte hardt ramma av omstillinga i olje- og gassbransjen dei siste 3-4 åra.

62 % av dei som har arbeid, og bur i Time, pendlar til arbeidsplassar i andre kommunar.

Samla bustads- og næringsattraktivitet plasserer Time på 395 plass i Norge for perioden 2008-2017. Me vil i økokomiplanperioden ha som mål at kommunen sin attraktivitet skal styrka seg.

For å iverksetja smartstrategien, som skal møte dei store samfunnsutfordringane, er det viktig at planen er godt forankra i kommuneadministrasjonen. Dette skjer mellom anna gjennom dei ulike områda si deltaking i samskapingsprosjekt med innbyggjarar og næringsliv. Kommunen har også i fleire år deltatt på Nordic Edge Expo, og ser samarbeidet med denne organisasjonen og dei andre kommunane i regionen som ein føresetnad for å gjennomføra målsettingane om ein smart kommune. Framover vil me initiera prosjekt ut frå behov i lokalsamfunnet men også ut frå ei avklaring med dei andre kommunane om behov for samarbeid og testing.





Talet på arbeidsplassar er redusert i perioden etter oljenedturen. Den store nedgangen til 2015 skuldast også endra teljemåte frå SSB si side.

#### 6.4.2 Mål for langtidspanoden

- Digitalisera og effektivisera administrasjonen slik at Time kan levera best mogleg teneste til lågast mogleg kostnad.
- Utvikla servicetorget vidare som eit digitalt og tilgjengeleg tenestena.
- Setja i verk tiltak for å sikra at språket i saker, brev og publikasjonar er klart og forståeleg.
- Fylgja opp mål og tiltak i Handlingsplan for lokaldemokrati.
- Auka involveringa i kommunale prosjekt og planar.
- Utarbeida kravspesifikasjon og skaffa nytt intranett.
- Utvikla gode kanalar for internkommunikasjon.
- Bidra til etablering av nye bedrifter og arbeidsplassar i kommunen.
- Utvikla Bryne som regionby og styrka kommunen sin attraktivitet.
- Bidra til at reiseliv og turismeblir ei vekstnæring i Time.
- Utnytta etablerte næringsområde i kommunen betre.

#### 6.4.3 Tiltak i 2019

##### Politikk

- Gjennomføra val
- Auka valdeltakinga opp mot 65 % deltaking i kommune- og fylkestingsvalet
- Greia ut ungdomsråd som verktøy for medverknad

##### Kommunikasjon

- Kjøpa inn og ta i bruk bildearkiv
- Vidareføra klart språk-arbeidet og gje opplæring i klart språk for alle saksbehandlarar

- Ta i bruk grafisk profil i alle tenesteområda
- Utvikla gode kanalar for internkommunikasjon

### Administrasjon

- Delta i DigiRogaland og KS sitt nasjonale digitaliseringsprosjekt
- Ny og fulldigital telefonsentral
- Nytt lagringsystem og ny serverpark
- Innføra Digital signatur, Ebygg sak/søk, samt oppgradera Acos Websak
- Kjøpe inn og ta i bruk elektronisk rekrutteringsmodul
- Starta innføringa av store nasjonale digitaliseringsprosjekt (digisos, digihelse, digibarnevern og aktiv kommune)
- Revidera etiske retningslinjer
- Revidera innkjøpsstrategien
- Vidareføra prosjektet innbyggjarservice 2026 med utgangspunkt i rapport og pilot frå 2018
- Oppretta personvernombod og implementera ny personvernlov

### Næring

- Leggja fram sak om kommunen sitt handlerom knytt til offentlege og-/eller private næringsområder
- Bidra til vekst i reiselivsnæringa og etablering av fleire reiselivsprodukt for reiseliv- og turistnæringa i kommunen
- Arbeida for at bedrifter skal finna det attraktivt å etablere seg i kommunen
- Avklara framtidig løysing for parkering i regionbyen Bryne
- Støtta opp under arbeid som skjer innan landbruks- og matsektoren, som vidareføring av det regionale Matmanifestet for Rogaland
- Bidra til å gjera næringslivet i kommunen attraktiv for eksport og internasjonalt samarbeid, forskning og utvikling
- Bidra til at Time kommune deltek i aktuelle regionale «smartby»-utviklings- og samarbeidsprosjekt

#### 6.4.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Stabstenester	Rekneskap Budsjett		Økonomiplan				2018-2019
	2017	2018	2019	2020	2021	2022	
Netto driftsutgifter (1000 kr)							
Politiske organ	7 133	7 025	7 646	7 246	7 496	7 096	8,8 %
Administrasjon	43 788	43 322	45 072	44 927	45 092	45 092	4,0 %
Jæren kemnerkontor	1 854	2 065	2 035	2 040	2 040	2 040	-1,5 %
Næring	2 500	2 608	2 598	2 578	2 578	2 578	-0,4 %
Trussamfunn	8 739	8 904	9 588	9 388	9 388	9 388	7,7 %
Diverse fellesutgifter	2 894	3 353	3 375	3 375	3 375	3 375	0,7 %
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>66 908</b>	<b>67 277</b>	<b>70 314</b>	<b>69 554</b>	<b>69 969</b>	<b>69 569</b>	<b>4,5 %</b>

#### 6.4.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

- Kommuneval i 2019
- Stortingsval i 2021
- Styрка fellesrådet med 300 000 kroner
- Tilskot til kyrkja på 100 000 kroner til restaurering av verneverdige kulturminne
- Tilskot til Digi-Rogaland med 250 000 kroner i 2019
- Kostnaden til Microsoft lisensar er auka med 300 000 kroner

- Avsettingar til innovasjon-/smartprosjekt er auka med 100 000 kroner i 2019 og 300 000 kroner frå 2021
- 2 nye lærlingar hausten 2019
- Personvernombod i 0,5 årsverk
- Inndraging av ekstrahjelpbudsjett på 790 000 kroner
- Drift av bysyklar med 50 000 kroner frå 2020
- Tilskot til breibandutbygging 100 000 kroner per år i perioden

#### 6.4.6 Oversikt over personalressursar

Stabstenester	31.12.2018	Nye	Redusert	31.12.2019
Administrasjon	46,7	0,5		47,2
Jæren kemnerkontor	9,5			9,5
Næring	1,0			1,0
Diverse fellesutgifter	5,6			5,6
<b>Årsverk i alt</b>	<b>62,8</b>	<b>0,5</b>	<b>-</b>	<b>63,3</b>

# 7 Kommunen som arbeidsgjevar

## 7.1 Status og utfordringar

Time kommune har gjennomført omstilling i samsvar med budsjettet for 2018. Omstilling og endring vil likevel verta ein del av kvardagen for leiarar og tilsette. Digitalisering vil påverka måten me jobbar på, driv leing og kompetanseutvikling.

Det er eit mål å ha ein innovasjonskultur og ein organisasjon som vil og taklar endring for å utvikla nye, betre og meir effektive løysingar.

Framleis vil ei viktig oppgåve vera å sikra og tiltrekka oss rett kompetanse. Konkurransen kommunane imellom er stor. Me merkar nå at privat næringsliv går betre og etterspør same kompetanse som kommunen har bruk for. Det vert endå viktigare å nytta kompetansereserven som ligg i å få til ein heiltidskultur.

Oversikt over årsverk:

	31.12.2018	Nye	Redusert	31.12.2019
Oppvekst	564,7	6,2	-5,0	565,9
Omsorg	376,1	18,1	-4,4	389,8
Samfunn	180,4	1,2	-3,1	178,5
Stabstenester	62,8	0,5		63,3
<b>Årsverk i alt</b>	<b>1 184,0</b>	<b>26,0</b>	<b>-12,5</b>	<b>1 197,5</b>

### Arbeidsgjevarstrategi

Time kommune sin arbeidsgjevarstrategi vart vedteken av kommunestyre i 2014 (sak 016/14). Me vil stå framfor nye utfordringar som gjer at me må møte den demografiske utviklinga og innbyggjarane sine behov for nye og andre tenester. Krav og forventning om digitalisering, nyskaping og å verta ein smartare kommune vil krevja omstilling og endring. Suksesskriterier for omstilling er å sikra høgt nærvær, skapa ein heiltidskultur, dei tilsette bruker og utviklar kompetansen sin og me beheld og rekrutterer dei rette tilsette. God leing er avgjerande for å lukkast.

Me må sikra at Time kommune vert ein profesjonell, nyskapande og framtidsretta kommune. Time kommune må vinna i konkuransen med andre kommunar og resten av arbeidsmarknaden i kampen om å tiltrekka seg dei beste leiarane og medarbeidarane.

Rådmannen vil leggja fram forslag til ny arbeidsgjevarstrategi etter valet, slik at det nye kommunestyret får gjera vedtak om ny strategi. Planen er å revidera arbeidsgjevarstrategien ved kvart nye kommunestyre.

### Likestilling og likebehandling

Ny lov om likestilling og forbod mot diskriminering trådde i kraft 01.01.2018. I tråd med denne lova og arbeidsmiljølova har kommunen utarbeidd handlingsplan for likestilling, inkludering og mangfald for perioden 2018–2021. Handlingsplanen skal sikra eit mangfaldig arbeidsmiljø som gjev like utviklingsmoglegheiter, lønns- og arbeidsvilkår for Time kommune sine tilsette. Kommunen har ei lovfesta aktivitetsplikt i tilknytning til dette arbeidet,

og vil i 2019 implementera dette arbeidet i forbindelse med utarbeiding av HMS-handlingsplanen i kvar verksemd.

## **Rekruttering**

Det er stor konkurranse om kvalifiserte søkjarar i arbeidsmarknaden, og Time kommune jobbar for å sikra gode rekrutteringsprosessar og for å vera ein attraktiv arbeidsgjevar.

Den nye statlege lærarnorma og pedagognorma aukar kvalitetar i tenestene til barn og unge, men fører samtidig til utfordringar med å skaffa kvalifisert personell i oppvekstsektoren. Me ser òg at det er ei utfordring med rekruttering av fagpersonar innan helse, då spesielt sjukepleiarar og avdelingsleiarar.

Innan fleire sektorar i kommunen er eitt kjønn tydeleg underrepresentert. Kommunestyret peika i sak 53/17 på særleg barnehage og barnetrinnet i grunnskulen, kor kjønnsbalansen er dårlig og det er lite menn. Det vil derfor bli lagt fram ei sak for kommunestyret i 2019 med tiltak for å betra kjønnsbalansen i desse sektorane.

For å vera ein ettertrakta arbeidsgjevar må Time kommune fokusera på å byggja eit godt omdømme og å vera synlege. Time kommune vil også bruka nye digitale flater i forbindelse med rekruttering for å tiltrekka oss kvalifiserte søkjarar.

Time kommune skal evaluera eksisterande rutinar for rekruttering. I dette arbeidet vil me både sjå på rekrutteringssystem og gjennomføring av rekrutteringsprosessar. Det vil verta halde kurs i rekruttering for leiarar Time kommune og HR vil medverka i rekruttering av leiarar.

## **Lærlingar**

Lærlingane er eit viktig satsingsområde for kommunen og me vil arbeida for å gje lærlingane ein god læreplass med godt fagleg innhald og god oppfølging i læretida.

I 2019 har me 32 læreplasser fordelt på 1. årslærlingar og 2. årslærlingar. Faga (per dags dato) me har lærlingar i er; barne- og ungdomsarbeidar, helsefagarbeidar, kontor og IKT. Eit av måla våre er å få lærlingar i andre fag enn dei me har nå, for eksempel anleggsgartnar. I tillegg vil me fortsetta rekrutteringssamarbeidet og erfaringsutveksling med nabokommunane, NOOS (nettverk for fagopplæring i offentleg sektor) – seminar og faste nettverksmøte for lærlingar og instruktørar.

I tillegg har me ein praksisbrevkandidat i omsorg. Praksisbrevordninga er eit 2-årig opplæringsløp på yrkesfagleg utdanningsprogram. Ordninga er retta mot dei som etter avslutta grunnskule vil ha nytte av ein meir praktisk opplæring, hovudsakleg i bedrift. Etter oppnådd praksisbrev kan kandidaten inngå lærekontrakt med sikte på fagbrev eller avleggja ein praksisbrevprøve etter to år i opplæring.

## **Kompetanse**

Me arbeider strategisk og systematisk med kompetanse. I dei komande åra vil me fortsetta arbeidet med å definera kompetansekrav, behov og utfordringar, og utvikla tiltak som kan dekkja desse.

For omsorg er velferdsteknologi ABC, dokumentasjon, vald og truslar, innføring av motiverande intervju og tiltak for å få ned avvik i legemiddelhandtering viktige satsingsområde. I stab arbeider me med personvern og digitalisering. Barn og unges medverknad, opplæring i kvalitetssystemet Qm+ og WebSak, forvaltningslova og omstillingsprosessen i samfunn er viktige satsingsområde for tilsette i samfunn. Oppvekst arbeider vidare med å gje dei tilsette kompetanse som oppfyller lovkrav til utdanninga.

Satsingsområde på tvers av kommunalområda:

- digitalisera
- kvalitetssikra rekrutteringsprosessar - ny strategi for rekruttering
- styrka leiarkompetansen

### **Leiarutvikling**

Digitalisering skal bidra til at kommunen leverer betre tenester, meir effektiv drift, betre kvalitetssikring osv. For å få til gevinstane, må me endra rutinar, måten å jobba på, kulturen i eininga og i kommunen. Digitalisering vil føra til at endringar skjer raskare og oftare.

Leiarane er heilt sentrale i digitaliseringa og for å få til gevinstrealisering. Me vil derfor satsa på leiarane gjennom å gje opplæring, laga malar for rutinar og andre tiltak som skal gjera leiarane i stand til å utføra endringane digitalisering vil krevja. Time kommune må klara å skapa ein endringsorientert kultur.

### **HMS**

HMS-arbeidet er ein integrert del av det daglege arbeidet. I langtidsperioden vil me styrka det førebyggjande aspektet i dette arbeidet. I 2019 vil me ha fokus på å kartleggja framtidige behov knyta til HMS-system og utarbeida ny strategi for HMS-arbeidet i kommunen. Me vil styrka HMS-kulturen og koplinga mellom HMS-arbeid, leiing, rekruttering og arbeidsorganisering. Faste fellessamlingar for verneombod skal bidra til høgt HMS-fokus i heile organisasjonen.

### **Sjukefråvær**

Helsefremjande arbeidsplassar er ein føresetnad for å redusera sjukefråvær. Time kommune er IA-bedrift, og har handlingsplan for inkluderande arbeidsliv. Den nasjonale IA-avtalen går ut 2018, og ein ny avtale vil setja premissar for verkemidla som er tilgjengelege i kommunen sitt vidare arbeid med å redusera sjukefråværet. For 2019 har me sett oss mål om å utarbeida ny handlingsplan for inkluderande arbeidsliv i samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta. I dette arbeidet vil det også vera naturleg å evaluera målsettinga for sjukefråværet.

### **Internkontroll**

Me har eit godt system for internkontroll og gode rutinar på plass i arbeidet med systematisk forbetring. Kvalitetsutvalet og kvalitetstema er viktige aktørar i dette arbeidet. Målet framover er å gjera leiarane trygge i handtering av avvik og uønska hendingar og førebygging av desse.

### **Personvern**

Ny personvernlov er vedteken og sett i kraft juli 2018. Time kommune er i gang med å tilpassa program for opplæring, rutinar og retningslinjer i tråd med ny lov. Den største utfordringa vil vera å læra opp alle tilsette og leiarar i det nye regelverket.

Målet i 2019 er å gjennomføra opplæring av leiarane og tilsette. I tillegg må me gjera nødvendige endringar i interne regelverk og rutinar for å tilfredsstilla krava i personvernlova.

## 7.2 Mål for langtidsperioden

- Time kommune skal satsa på digitalisering, innovasjon og omstilling.
- Me må kompetanseheva tilsette og leiarar for å klara omstilling og endring.
- Skapa ein heiltidskultur.
- Sjukefråværet skal vera under 5,7 % i tråd med IA-avtalen.
- Rekruttering, utviklingsmoglegheiter og lønns- og arbeidsvilkår skal sikra eit mangfaldig arbeidsmiljø for kommunen sine tilsette.
- Time kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar med godt omdømme.
- Skapa helsefremjande arbeidsplassar gjennom systematisk fokus på førebygging i HMS-arbeidet.
- To lærlingar per 1000 innbyggjarar.
- Skapa helsefremjande arbeidsplassar gjennom systematisk fokus på førebygging i HMS-arbeidet.

## 7.3 Tiltak i 2019

- Utarbeida og vedta ny arbeidsgjevarstrategi

### Rekruttering

- Profesjonalisera rekrutteringsprosessen – særleg rekruttering av leiarar
- Time kommune skal utreda behovet for eit nytt rekrutteringssystem
- Time kommune skal gjennomføra profesjonelle og effektive rekrutteringsprosessar og vera synlege i ulike digitale flater i rekrutteringssamanheng
- Leggja fram ei sak om tiltak for å betra kjønnsbalansen i barnehagar og på barnetrinnet

### Kompetanse

- Gje opplæring til alle leiarar og tilsette i ny personvernlov
- Kurs i Qm+
- Fire interne kurs i ros-analyse for leiarar, verneombod og tillitsvalte kvart år
- Interne tilsyn av kvalitetsarbeidet i einingane

### HMS/Internkontroll

- Sjukefråvær under 6,5 %
- Handlingsplanen vert evaluert av Arbeidsmiljøutvalet 2. kvartal 2019
- Kartleggja behov knyta til HMS-system
- Utarbeida ny HMS-strategi
- Utarbeida ny IA-handlingsplan
- Handlingsplanen for likestilling, inkludering og mangfald skal implementerast i HMS-arbeidet

## 8 Investeringar for langtidsperioden og årsbudsjett for 2019

Når me har prioritert prosjekta i perioden 2019-2022, har me tatt omsyn til politiske vedtak i førre økonomiplan og vedtak i løpet av 2018 som har konsekvensar for økonomiplanen. Folkeveksten i kommunen har minka dei siste åra og presset for utbygging av kapasitet er redusert. Likevel har kommunen auka i elevtalet i skulen og må utvida skulekapasiteten i perioden.

Endring i klima dei siste åra har medført større nedbørsmengder og me satsar i planperioden på å auka kapasiteten for å ta unna overflatevatn slik at me mellom anna skal unngå overfløynde kjellarar.

Det ligg i denne økonomiplanen inne store satsingar på kultur og idrett med utstyr til ny kino, ny idrettshall og ny symjehall.

Me har frå 2012 innarbeidd ei årleg inntekt på 1,5 millionar kroner frå Jæren Energi sin vindpark. Dette er ein avtale inngått mellom Jæren Energi, Time og Hå kommune. Avtalen fell bort om kommunen innfører eigedomsskatt. Inntektene skal brukast til miljøtiltak. Midlane vert i planperioden nytta til finansiering av tiltak knytt til friluftsliv slik det går fram av prosjekt 5904 Friluftsliv.

### 8.1 Totaloversikt – netto finansieringsbehov og finansiering

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Økonomiplan			
			2019	2020	2021	2022
Investeringsutgifter	330,4	229,8	214,9	309,1	135,1	175,9
Momskompensasjon	-44,7	-35,6	-28,1	-52,2	-20,1	-30,3
Investeringsinntekter	-86,6	-35,2	-58,0	-108,4	-43,0	-2,6
Tilskot Jæren Energi	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5
<b>Netto finansieringsbehov</b>	<b>197,6</b>	<b>157,5</b>	<b>127,3</b>	<b>147,0</b>	<b>70,5</b>	<b>141,5</b>
Tidlegare avsettingar	-6,4					
Utlån startlån	54,4	25,0	25,0	25,0	25,0	25,0
Kjøp av aksjar og andelar	2,7	2,6	3,0	3,1	3,2	3,3
Netto startlån	5,2	0,0	1,0	0,0	0,0	0
Avdrag Lyse og fellesråd	-5,8	-5,8	-5,8	-5,8	-14,5	-5,8
Overført frå drift	-15,1	-13,4	-15,4	-15,6	-17,9	-20,2
Låneopptak	-232,6	-165,9	-135,1	-153,7	-66,3	-143,8
<b>Sum finansiering</b>	<b>-197,6</b>	<b>-157,5</b>	<b>-127,3</b>	<b>-147,0</b>	<b>-70,5</b>	<b>-141,5</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>

Samla forslag til investeringar i perioden 2019-2022 er på 835 millionar kroner.

Investeringane vert delvis finansierte med momskompensasjon og andre investeringsinntekter på til saman 348,7 millionar kroner. Me eigenfinansierer også delar av investeringane med driftsmidlar på 69,1 millionar kroner og avdragsinnbetaling på utlån til Lyse og Time kyrkjeleg fellesråd på 31,9 millionar kroner.

For å kunna gjennomføra investeringsplanen må 398,9 millionar kroner lånefinansierast. I tillegg tar me opp 100 millionar kroner i startlån til vidare utlån i perioden.



Investeringar til skule i planperioden er 271 millionar kroner, til kultur, idrett og friluftformål 126,8 millionar kroner og til veg, gate og park 46,4 millionar kroner.

Det er i perioden sett av 166,5 millionar kroner i vass- og avløpsinvesteringar. Desse investeringane vert finansierte med låneopptak som igjen vert betalte med auka vass- og avløpsgebyr.

Rådmannen har valt å ta ut prosjektet for framføring av vatn og legging av kloakkleidning i «spreidd busetnad» på Skjæret, Myrane og Bergene som gjeld 14 eigedommar. Dette er gjort ut frå ei heilskapsvurdering av samla investeringsbehov innan VA-sektoren der kartlagde og kostnadskalkulerte overvass- og saneringsprosjekt i byen/tettbygde strøk er prioriterte i planperioden. «Kost/nytte»-effekten og moglege konsekvensar over tid ved for eksempel ikkje å følgja gjeldande «Kommunalteknisk norm for vass- og avløpsanlegg i Rogaland», jf. kommunestyresak 062/17, og tilsvarande tilknytingsbehov til offentlege vass- og avløpsnett for 14–15 eigedommar langs Undheimsvegen (frå Hellandsvegen mot Karlsbu) ligg til grunn for rådmannen si vurdering og prioritering.

Rådmannen vil tidleg i 2019 leggja fram eiga politisk sak om felles/privat VA-tilknytingsløysing for dei nemnde eigedommane.

Me har valt å prioritera følgjande større investeringsprosjekt:

- Nybygg og utviding av Trollongane barnehage
- Byggja Vardheia ungdomsskule med idrettshall og turnhall saman med Klepp
- Utbetring av leikeplassar og ballbingar
- Utvida overvasskapasiteten i Bryne
- Gjera om Storgata til gågate og oppgradera gata
- Oppstart av ny symjehall på Bryne i 2022

I tabellane som følgjer presenterer me investeringsprosjekta. Det er tenestområdet Samfunn som har ansvaret for å gjennomføra byggjeprojekta og dei fleste andre investeringane.

## 8.2 Investeringsprosjekt – tabellar og omtale

### Administrasjon

Administrasjon	Prosjekt	Før					Etter
Prosjekt	Budsjett	2019	2019	2020	2021	2022	2022
1101 IKT Investeringar - felles	18 000		4 500	4 500	4 500	4 500	
1110 Skatt vest, endra bruk etter utleige	500		500				
1905 Eigenkapital KLP	12 600		3 000	3 100	3 200	3 300	
5924 Kartbasar - fly	1 500	750	750				
<b>Sum administrasjon</b>	<b>32 600</b>	<b>750</b>	<b>8 750</b>	<b>7 600</b>	<b>7 700</b>	<b>7 800</b>	

### 1101 IKT Investeringar - felles

I perioden har me slått saman prosjekt 1101 og tidlegare prosjekt 1103 IKT investeringar skule. Det er budsjettetert med i alt 18 millionar kroner til IKT investeringar for den samla kommunale tenesteytinga, inkl. skulane. Ny telefonsentral og nytt lagringssystem må på plass. Det skal bytast ut utstyr i kommunestyresalen for TV overføring. Oppgradering av datarom,

dokumentsystem (Acos Websak), økonomisystem (Visma), samt digitalisering av fleire andre fagsystem står høgt på prioriteringslista. Me vil og ha på plass sikre system for tilgang og innlogging for både tilsette og innbyggjarar. Det er og stort behov for å vidareutvikla nettverka våre slik at dei kan takla framtidens behov.

### 1110 Skatt Vest-bygget

Skatt Vest flytter ut i 2019 og bygget skal tilpassast nye brukargrupper.

### 1905 Eigenkapital i KLP

Kommunen har pensjonsordning i KLP som er eit gjensidig selskap. Når forvaltningskapitalen aukar, aukar behovet for eigenkapital som me må ta vår del av.

### 5924 Kartbasar – fly

Prosjektet gjeld periodisk vedlikehald og oppgradering av kartbasar/kartgrunnlag i geovekst samarbeidet i Rogaland.

## Skular og barnehagar

Skular og barnehagar	Prosjekt	Før					Etter
Prosjekt	Budsjett	2019	2019	2020	2021	2022	2022
2203 Mindre ombyggingar - oppvekst	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
2204 Bryne skule - utvendig rehab gamal del	2 500	1 250	1 250				
2242 Ny skule Vardheia	310 500	39 500	55 000	170 000	46 000		
2242 Ny skule Vardheia - ref. frå Klepp	-122 100	-18 700	-22 000	-68 000	-13 400		
2242 Ny skule Vardheia - refusjon andre	-14 100			-4 100	-10 000		
2246 Brannsikring skulebygg	3 500	2 500	500	500			
2252 Gymsal Bryne skule	4 000					4 000	
2253 ATO-avd - Lye skule	3 000			3 000			
2254 UU-tiltak Bryne kompetansesenter	4 000			4 000			
2317 Trollongane barnehage	50 000	36 850	13 150				
2321 Maurtua bh -nytt uteområde	2 250	1 125	1 125				
2322 Austbø bhg påbygg adm + flytte inngang	3 000			3 000			
<b>Sum oppvekst</b>	<b>252 550</b>	<b>62 525</b>	<b>50 525</b>	<b>109 900</b>	<b>24 100</b>	<b>5 500</b>	

### 2203 Mindre ombyggingar – oppvekst

I alt 6 millionar kroner er i perioden budsjettert til mindre ombyggingar i barnehagar og skular. Aktuelle tiltak er større vedlikehalds- og rehabiliteringsarbeid som ikkje er lagde inn i det ordinære driftsbudsjettet. Lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

### 2204 Bryne skule - utvendig rehabilitering av gamal del

Det er sett av 2,5 millionar kroner til utvendig rehabilitering av den eldste delen av Bryne skule i 2018-2019.

### 2242 Ny skule Vardheia

I perioden fram til 2021 er det sett av som Time kommune sin, netto 122,1 millionar kroner (eksklusiv momskompensasjon på 52,2 millionar kroner som er bokført som finansieringsinntekt) til innløyning av grunn og bygging av ny ungdomsskule saman med Klepp kommune i Vardheia. I tillegg kjem idrettshall, sjå prosjekt 2249 og turnhall sjå prosjekt 3802.

### 2246 Brannsikring/oppgradering skulebygg

Prosjektet gjeld pålagt oppgradering av brannsikringstiltak i skulebygga.

### 2252 Gymsal Bryne skule

I siste året av planperioden er det sett av 4 millionar kroner til oppgradering/utviding av gymnastikksalen ved Bryne skule.

### 2253 ATO-avdeling – Lye skule

Me kjøper i dag om alternativ opplæringsplassar (ATO-plassar) av Klepp kommune. Klepp har varsla at dei framover vil trenga sin ATO-plassar sjølv. Det er lagt inn 3 millionar kroner i 2020 for å tilpassa «Pavljongen» ved Lye skule til å dekkja vårt behov for ATO-plassar.

### 2254 UU-tiltak Bryne kompetansesenter

For å kunne utnytte areala i heile «Sukkerbiten», eldste delen av tidlegare Bryne gymnas, må det m.a. tilretteleggjast for heis i denne delen av bygget. Det er sett av 4 millionar kroner til prosjektet i 2020.

### 2317 Trollongane barnehage

Til nødvendig rehabilitering og utviding av barnehagekapasitet i Trollongane barnehage er det sett av 50 millionar kroner.

### 2321 Maurtua barnehage – nytt uteområde

Til nødvendig oppgradering av uteområdet ved Maurtua barnehage er det sett av 2,25 millionar kroner fram til 2019.

### 2322 Austbø barnehage – påbygg

Prosjektet gjeld tilrettelegging av arbeidsplassar for tilsette i ein av våre eldre barnehagar. For å få dette til på best mogleg vis må m.a. ein inngang til barnehagen flyttast. Det er sett av 3 millionar kroner til arbeidet i 2020.

## Omsorg

Omsorg	Prosjekt	Før					Etter
Prosjekt	Budsjett	2019	2019	2020	2021	2022	2022
3101 Velferdsteknologi	5 000		1 000	1 000	1 500	1 500	
3202 Mindre ombyggingar - omsorg	4 500		1 500	1 000	1 000	1 000	
3213 Kommunale bustadar	8 000				4 000	4 000	
3213 Kommunale bustadar - statstilskott	-2 800				-1 400	-1 400	
3213 Kommunale bustadar -sal av bustadar	-10 000		-10 000				
3220 Senger og møbler institusjon	800		400	400			
3232 Rehabilitering kommunale utleigebustadar	5 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	
3247 Rehab Linevegen/Kringlemyr	2 000				1 000	1 000	
3248 Planlegging rehab Vaskeri	10 000					2 000	8 000
3267 Sivdambassenget flisearbeid	1 200		1 200				
<b>Sum omsorg</b>	<b>23 700</b>	<b>1 000</b>	<b>-4 900</b>	<b>3 400</b>	<b>7 100</b>	<b>9 100</b>	<b>8 000</b>

### 3101 Velferdsteknologi

Prosjektet gjeld kjøp av ny brukar- og tenesteretta velferdsteknologi innan Omsorg i tråd med den digitalbaserte samfunnsutviklinga.

### 3202 Mindre ombyggingar – omsorg

I perioden er det sett av i alt 4,5 millionar kroner til mindre ombyggingar og større vedlikehaldsarbeid av helse- og sosialbygg. Lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

### 3213 Kommunale bustader

Det er budsjettert med 5,2 millionar kroner i nettoutgifter i perioden til bygging og/eller kjøp av bustader til sosialt vanskelegstilte og nye flyktingar. Det vert nytta startlån og etableringstilskot som finansieringshjelp, slik at fleire brukarar kan kjøpa eigen bustad.

Innlagte salsinntekter i prosjektet i perioden 2018 – 2019 gjeld sal av nokre utleigebustader.

### 3220 Senger og møbler institusjon

Prosjektet gjeld utskifting av eldre senger og møblar i institusjonane.

### 3232 Rehabilitering kommunale utleigebustader

Prosjektet gjeld handtering av dei store rehabiliteringsfordringane me har i dei kommunale utleigebustadene våre. I perioden er det sett av 4 millionar kroner til dette vedlikehaldet.

### 3247 Rehabilitering Linevegen/Kringlemyr

Dei samlokaliserte omsorgsbustadene i Linevegen og Kringlemyr som vart tatt i bruk på 1990-talet, er planlagt rehabiliterte i slutten av perioden.

### 3248 Planlegging rehabilitering Vaskeri

Det er sett av midlar i slutten av planperioden til planlegging og eventuelt bygging av nytt vaskeri innan omsorgstenestene.

### 3267 Sivdambassenget flisearbeid

Prosjektet gjeld større utskifting av fliser i varmtvassbassenget i Sivdammen grunna hygieniske forhold.

## Diverse bygg

Diverse bygg Prosjekt	Prosjekt Budsjet	Før 2019	2019	2020	2021	2022	Etter 2022
1213 Rehabilitering - ventilasjonsanlegg	22 270	15 270	3 000	2 000	2 000		
1214 Revisjon elektriske anlegg	3 600	2 600	500	500			
1500 Beredskap	600	200	400				
2236 Avfallskonteinrar	5 000	3 000	1 000	1 000			
<b>Sum diverse bygg</b>	<b>31 470</b>	<b>21 070</b>	<b>4 900</b>	<b>3 500</b>	<b>2 000</b>		

### 1213 Rehabilitering – ventilasjonsanlegg

I perioden 2019–2021 er det sett av 7 millionar kroner til rehabilitering av ventilasjonsanlegg i heile den kommunale bygningsmassen.

### 1214 Revisjon elektriske anlegg

Til nødvendig revisjon av elektriske anlegg etter tilsyn i den samla kommunale bygningsmassen er det sett av 1 million kroner i perioden.

### 1500 Beredskap

Det er lagt inn 400 000 kroner i 2019 til kjøp av nødvendig utstyr i tråd med handlingsdelen av Heilskapleg ROS-analyse 2017-2020.

### 2236 Avfallskonteinrar

I 2019-2020 er det sett av 2 millionar kroner til å fortsetja arbeidet med etablering av nedgravne avfallskonteinrar ved skular og barnehagar, primært som brannførebyggjande tiltak.

## Kyrkje

Kyrkje Prosjekt	Prosjekt Budsjett	Før 2019	2019	2020	2021	2022	Etter 2022
4503 Bryne Kyrkje	11 690	11 050		480	160		
4510 Time kyrkje	400		400				
4515 Bryne kyrkje grøntområde	600		600				
4516 Oppgradering/rehabilitering kyrkjene	1 500					1 500	
<b>Sum kyrkje</b>	<b>14 190</b>	<b>11 050</b>	<b>1 000</b>	<b>480</b>	<b>160</b>	<b>1 500</b>	

Alle tilskota til Time kyrkjeleg fellestråd vedrørande kyrkjene og uteområdet er ført netto eksklusiv momskompensasjon då denne blir inntektesført til fellestrådet sitt rekneskap.

### 4503 Bryne kyrkje

I tråd med innspel frå Time kyrkjelege fellestråd er det sett av 640 000 kroner i planperioden til rehabiliteringsarbeid i Bryne kyrkje.

### 4510 Time kyrkje – rehabilitering

I tråd med innspel frå Time kyrkjelege fellestråd er det sett av 400 000 kroner i 2019 til rehabiliteringsarbeid i Time kyrkje.

### 4515 Bryne kyrkje - grøntområde

Prosjektet gjeld opparbeiding av grøntområdet utanfor Bryne kyrkje. Løyvinga er gjort i 2018, men vert flytta til 2019 i forståing med Time kyrkjelege fellestråd.

### 4516 Oppgradering/rehabilitering av kyrkjene

Det er sett av 1,5 million kroner i 2022 til uspesifisert rehabilitering av kyrkjene i Time. Time kyrkjelege fellestråd vil koma med konkrete behov/tiltak innan 2022.

## Kultur, idrett og friluftsliv

Kultur, idrett og friluftsliv Prosjekt	Prosjekt Budsjett	Før 2019	2019	2020	2021	2022	Etter 2022
<b>Kultur</b>							
4309 Mindre ombyggingar kulturbygg	2 500		750	750	500	500	
4454 Storstova utstyr	7 813	6 313	500	1 000			
4454 Storstova rehabilitering	7 850	4 350	1 750	1 750			
4480 Kunstnarleg utsmykking kommunale bygg	3 100	600	500	250	1 250	500	
<b>Idrett</b>							
2249 Vardheia idrettshall	62 000	1 000	13 000	40 000	8 000		
2249 Vardheia idrettshall-refusjon	-17 000	-400	-5 200	-16 000	4 600		
2249 Vardheia idrettshall-spelemidlar	-15 600				-15 600		
3801 Symjehall	121 000	500	500		20 000	40 000	60 000
3801 Symjehall - spelemidlar	-21 000						-21 000
3802 Turnhall	23 200		5 400	15 000	2 800		
3802 Refusjon Klepp	-3 400		-2 200	-5 000	3 800		
3802 Refusjon Bryne turn	-4 000			-2 000	-2 000		
3802 Spelemidlar	-7 800				-7 800		
3803 Nye sikringsskap Lyehall	600			600			
3804 Friidrett Lye og Bryne vgs, djuprens og merki	400				400		
<b>Friluftsliv</b>							
5903 Utbetring leikeplassar/ballbingar	20 650	8 400	3 250	3 000	3 000	3 000	
5903 Leikeplassar/ballbingar - tilskot	-3 400	-1 400	-500	-500	-500	-500	
5904 Friluftsliv - diverse prosjekt	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
5915 Nærmiljøanlegg	2 400	800	400	400	400	400	
5915 Nærmiljøanlegg - spelemidlar/tilskot	-1 400	-600	-200	-200	-200	-200	
5922 Bru - Sandtangen	2 000		2 000				
5930 Lys Sandtangen - restutskifting	1 800	1 800					
5930 Lys Sandtangen - spelemidlar	-600		-600				
<b>Sum kultur, idrett og friluftsliv</b>	<b>187 113</b>	<b>21 363</b>	<b>20 850</b>	<b>40 550</b>	<b>20 150</b>	<b>45 200</b>	<b>39 000</b>

### 4309 Mindre ombyggingar kulturbygg

I perioden er det sett av i alt 2,5 millionar kroner til mindre ombyggingar og større vedlikehaldsarbeid av kulturbygg. Lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

### 4454 Storstova

Det er sett av 5 millionar kroner til nødvendig rehabiliteringsarbeid av Storstova som reint kulturbygg, samt utskifting og oppgradering av nødvendig teknisk utstyr.

### 4480 Kunstnarleg utsmykking av kommunale bygg

Til utsmykking av ferdigstilte kommunale bygg og anlegg i perioden er det sett av i alt 2,5 millionar kroner.

### 2249 Vardheia idrettshall

I samband med bygging av ny ungdomsskule i Vardheia vert det bygd ny idrettshall til netto kommunal kostnad på 17 millionar kroner etter frådrag av spelemidlar, momskompensasjon og Klepp kommune sin del.

### 3801 Symjehall

Det er sett av 121 millionar kroner i bruttoutgifter til ny symjehall på Bryne. Hallen er planlagt ferdig etter planperioden og driftsmidler er derfor ikkje lagt inn i økonomiplanen.

### 3802 Turnhall

I samband med bygging av ny ungdomsskule i Vardheia vert det bygd ny turnhall til ein brutto kostnad på 23,2 millionar kroner. Etter frådrag av spelemidlar, refusjon frå Bryne turn, momskompensasjon og Klepp kommune sin del, vert kommunen sin netto kostnad 3,4 millionar kroner. Namnesak for turnhallen er under arbeid.

### 3803 Nye sikringssskap Lyehallen

Det er sett av 600 000 kroner i 2020 til installering av nye sikringssskap i Lyehallen.

### 3804 Friidrettsbanar på Lye og Bryne

Banedekka på friidrettsanlegga på Lye og ved Brynehallen må gjennomgå rehabilitering/djupreins. Det er sett av 400 000 kroner til arbeidet i 2021.

### 5903 Utbetring leikeplassar/ballbingar

I planperioden er det sett av i alt 10,25 millionar kroner nettoutgifter til utbetring av leikeplassar. Lokal utvikling prioriterer årleg mellom aktuelle tiltak innanfor rammeløyvinga.

### 5904 Friluftsliv

Kommunen vil årleg bruka 1,5 millionar kroner av kommunale midlar til friluftslivstiltak. Dette er midlane kommunen årleg mottok frå Jæren Energi sin vindpark. I tillegg kjem venta tilskot frå andre eksterne støtteordningar. Prioriterte tiltak er i samsvar med «Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026».

Tiltak	Stad	Finansiering kommune	Finansiering tilskot	Ar
Sikring og istandsetjing	Smieparken	300	300	2019
Turveg	Kvåleskogen	400	400	2019
Vedlikehald turløyper, gjerdeklyvarar	Heile kommunen	200		2019
Sikring og istandsetting	Smokkevatn	400	400	2019
Kvilebenker	Smokkevatn	30		2019
Skilting i turområde	Hålandsskogen	70		2019
Bord og benkar	Åsvatnet	100		2019
Informasjonskampanje om allemannsrett og plikt	Heile kommunen	100		2020
Skilting i turområde	Njåskogen	30		2020
Ridesti	Njåskogen	150	150	2020
Gapahuk	Njåskogen	100		2020
Oppussing av Siribu	Njåskogen	100		2020
Sikring og istandsetting	Fotlandsfossen	500	500	2020
Vedlikehald turløyper, gjerdeklyvarar	Heile kommunen	200		2020
Sikring og istandsetjing	I tråd med føringar i revidert arealdel	420		2020
Ikkje-prioritert		1 500		2021
Ikkje-prioritert		1 500		2022

### 5915 Nærmiljøanlegg

I perioden er det budsjettert med i alt 1,6 millionar kroner bruttoutgifter til nye nærmiljøanlegg og oppgradering av eksisterande anlegg. I tillegg til aktuelle tiltak, som går fram av handlingsprogrammet for anlegg og område for idrett og friluftsliv, jf. kap. 8.4 og vedlegg kap. 11.2, er det sett av midlar til faste tilskots- og støtteordningar i konkrete nærmiljøtiltak som vert planlagde og utførte saman med vellaga i kommunen. Budsjetterte inntekter er venta spelemidlar til aktuelle nye tiltak.

## 5922 Bru- Sandtangen

Det er sett av 2 millionar kroner i 2019 til å renovera brua i inngangen til Sandtangen.

## 5930 Lys Sandtangen

Prosjektet gjeld utskifting av den eldste delen av lysa i Sandtangen. Arbeidet blir utført i 2018, men tilskotet er venta i 2019.

## Utbygging

Utbygging Prosjekt	Prosjekt Budsjett	Før 2019	2019	2020	2021	2022	Etter 2022
5200 Anna tomtosal	-12 000	-6 000	-3 000	-3 000			
5200 Anna tomtosal	-3 000	-2 000	-500	-500			
5209 Lyefjell BL3, tomtosal førstegongsetablera	-8 000			-8 000			
5211 Sal av kommunal tomt Austre Håbakken	-4 000		-4 000				
<b>Sum utbygging</b>	<b>-27 000</b>	<b>-8 000</b>	<b>-7 500</b>	<b>-11 500</b>			

Kjøp, opparbeiding og sal av bustad- og næringsområde inklusiv kapitalkostnader vert dekte av salsinntekter. Når salsinntektene kjem, er usikkert.

Nye bustadområde på Frøyland/Kvernaland og Bryne står i all hovudsak private utbyggjarar for. På Lyefjell og Undheim har interessa frå private utbyggjarar auka. Kommunen vil framleis ha ansvaret for vidare utbygging av tilgjengelege bustadområde på Lyefjell i takt med etterspørselen.

Når nå opparbeidd næringsareal på Re/Svertingsstadgarden stort sett er selt, står me utan nye opparbeidde kommunalt eigde næringsareal på Bryne. I kommuneplanen for 2011-2022 er det lagt til rette for meir næringsareal på Re, avgrensa av Fv 223, Fv 44 og Orrevegen. Aktuelt areal er i privat eige.

### 5200 Anna tomtosal

Prosjektet er venta salsinntekter frå sal av ein del tilgjengelege bustadtomter på Lye og tilskot via utbyggingsavtalar i m.a. Hetlandsgata på Bryne.

### 5209 Lyefjell BL3 - tomtosal

Prosjektet gjeld venta tomtosal til førstegongsetablerarar på kommunal del av utbyggingsområdet BL3.

### 5211 Austre Håbakken, Bryne – sal av tomt

Venta salsinntekter ved sal av kommunal bustadtomt på Bryne.



## Vegar, plassar, vatn og avløp

Vegar, plassar, vatn og avløp Prosjekt	Prosjekt Budsjett	Før 2019	2019	2020	2021	2022	Etter 2022
5535 Ny renovasjonsordning	5 100	3 000	500	700	200	700	
5500 VA strakstiltak + vassmålarar offentleg nett	16 000	4 000	3 000	3 000	3 000	3 000	
5550 Overvasstiltak - Bryne	10 078	6 078	2 000	2 000			
5553 Overvasstiltak Elisberget aust og Tjødnv.	30 000	2 000	20 000	8 000			
5554 Overvasstiltak Rosseland - Kjeldevegen	25 000	1 000	24 000				
5554 Overvasstiltak Rosseland - Kjeldevegen	-600			-600			
5556 Overvasstiltak Rosseland - kapasitetsutviding	32 000		2 000	20 000	10 000		
5562 Sanering VA og OV ledningar - Eikeberget/V	11 000			5 000	6 000		
5563 Sanering VA og OV ledninger - Kolheibrotet	5 000		5 000				
5564 Sanering VA og OV - Foren, Bryne	4 000					4 000	
5565 Rehabilitering av hovedvannledning Arne Ga	13 000				5 000	8 000	
5566 Samankopling til Klepp - Tinhaugvegen	8 000			8 000			
5567 VA Stadion Røsslyngvegen og Trallfavegen	12 700		700			12 000	
5568 Sanering av VA og OV Kvernelandsvegen	13 400		13 400				
5569 Overvasstiltak Elisberget vest	22 000				5 000	5 000	12 000
5600 Bilar/maskinar	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
5605 Sentrumstiltak	2 000		500	500	500	500	
5610 Trafikksikring	3 200		800	800	800	800	
5610 Trafikksikring - refusjon	-2 000		-500	-500	-500	-500	
5648 Stemmen -mudring	3 000	1 000	2 000				
5664 Asfaltering kommunale vegar	15 000	6 000	2 500	1 500	2 500	2 500	
5665 Storgata- gågate -gatebruks- og reg.plan	22 000	1 500	500			20 000	
5666 Kringsjå - oppgradering av vegar (etter VA-till	3 200	1 000	2 200				
5667 Parkeringsplassar for lading (6%)	2 000	500	1 500				
5668 Krysset Åsenvegen/FV 506?	14 000		14 000				
5668 Mømskompensasjon	-2 750		-2 750				
5668 Refusjon statens vegvesen	-9 250		-9 250				
<b>Sum Vegar, plassar, vatn og avløp</b>	<b>263 078</b>	<b>26 078</b>	<b>83 600</b>	<b>49 900</b>	<b>34 000</b>	<b>57 500</b>	<b>12 000</b>

### 5535 Ny renovasjonsordning

Prosjektet gjeld innkjøp av programvare til om lag 300 000 kroner i 2019. Verktøyet skal handtere serviceoppdrag mellom renovatør og Servicetorget som til dømes handtering/kvalitetssikring av tømmeoppdraga via nettbrett, og tilgang til tømekalenderen og tømeveraring for abonnentane på eigedomen sin via app på smarttelefon og nettbrett. Det er og avsett 200 000 kroner kvart år til innkjøp av nye avfallsdunkar og raude boksar for ny henteordning av farleg avfall.

Det er også lagt inn 500 000 kroner anna kvart år til etablering av nedgravne avfallskonteinrar i eldre etablerte bustadfelt der dette er ønskeleg og det elles er areal til det. Dette mellom anna som brannsikringstiltak i tråd med tilsvarende ordning for større kommunale bygg/institusjonar, jf. prosjekt 2236.

### 5500 VA strakstiltak + vassmålarar offentleg nett

Prosjektet gjeld nødvendige utskiftingar av større teknisk VA-utstyr som brått vert defekt, samt innkjøp av vassmålarar til det offentlege vassnettet.

### 5550 Overvasstiltak - Bryne

Det er utført nettanalyse på Bryne og utarbeidd ein foreløpig oversikt over høgst nødvendige overvasstiltak. Tiltaka er vurderte, kostnadsrekna og er prioriterte i handlingsdelen av ny hovudplan for vatn og avløp. Føreslått løyving dei neste åra skal nyttast til vidare plan- og prosjekteringsarbeid vedrørende overvasshandtering.

#### **5553 Overvasstiltak – Elisberget aust og Tjødnavegen, Bryne**

Prosjektet gjeld utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg vert det utført full separering av alle bygningar. Forprosjektkostnadene er kalkulerte til 30 millionar kroner.

#### **5554 Overvasstiltak Rosseland - Kjeldevegen**

Det er sett av i alt 24,4 millionar kroner netto i perioden, jf. forprosjekt, til overvasstiltak, m.a. i form av fordrøyingstiltak i tilknytning til utbygging av eit nytt bustadfelt i området langs Hetlandsgata og Kjeldevegen på Bryne.

#### **5556 Overvasstiltak Rosseland – kapasitetsutviding Kong Haakons veg**

Det er sett av i alt 32 millionar kroner i perioden til utviding av overvasskapasiteten i/langs Kong Haakons veg til Frøylandsvatnet på Bryne.

#### **5562 Sanering VA og OV leidningar - Eikeberget, Varden og Ørnahaugen**

Det er sett av i alt 11 millionar kroner i perioden til utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg vert det utført full separering av alle bygningar.

#### **5563 Sanering VA og OV leidningar - Kolheibrotet**

Det er sett av i alt 5 millionar kroner i 2019 til utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg vert det utført full separering av alle bygningar.

#### **5564 Sanering VA og OV leidningar – Foren, Bryne**

Det er sett av i alt 4 millionar kroner i 2022 til utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg vert det utført full separering av alle bygningar.

#### **5565 Rehabilitering av hovudvassleidningen i Arne Garborgs veg**

Det er sett av 13 millionar kroner i slutten av perioden til arbeidet for å rehabilitera hovudvassleidningen frå 1950 i Arne Garborgs veg. Leidningen skal dels strømpedorast og skiftast ut. I tillegg vert avløpsleidningar som ligg i same trasé skifta ut.

#### **5566 Samankopling av vassleidning til Klepp – Tinghaugvegen, Bryne**

Prosjektet skal sikra forsyningssikkerheiten av vatn til Bryne og vert utført i samband med bygginga av ny ungdomsskule i Vardheia. Det er og formålstenleg å sanera vassleidningen i Tinghaugvegen (sør) i same prosjektet. Samla kostnader er kalkulerte til 8 millionar kroner.

#### **5567 VA-anlegg Bryne stadion/Tralfavegen/Røsslyngvegen, Bryne**

Utskifting av vass-, avløps- og overvassleidningar i Tralfavegen og omegn i samband med utbyggingsplanane på Bryne stadion. Tiltaka gjeld ikkje VA-anlegg som vert avtalt i utbyggingsavtale at utbyggjarane skal ha ansvar for.

#### **5568 Sanering av hovudvassleidning i Kvernelandsvegen, Kverneland**

Prosjektet gjeld utskifting av hovudvassleidningen i asbest, samt utskifting av spill- og overvassleidningar. Prosjektet er føreslått framskunda for å kunna utføra arbeidet samstundes

med at Statens vegvesen utfører rehabiliteringsarbeid på Kvernlandsvegen. Samla prosjektkostnad er kalkulert til 13,4 millionar kroner.

#### **5569 Overvasstiltak – Elisberget vest, Bryne**

Prosjektet gjeld utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg vert det utført full separering av alle bygningar. Det er sett av 22 millionar kroner fram til og med 2023.

#### **5600 Bilar/maskinar**

Det er sett av i alt 6 millionar kroner i perioden til kjøp og utskifting av bilar og maskinar/utstyr. Avsette midlar skal dekkja utskiftingar innan tenesteeininga Eigedom.

#### **5605 Sentrumstiltak**

Til ulike mindre sentrumstiltak er det budsjettert med 500 000 kroner kvart år. Lokal utvikling prioriterer aktuelle tiltak i januar kvart år.

#### **5610 Trafikksikring**

Det er budsjettert med brutto 3,2 millionar kroner i perioden til diverse trafikksikringstiltak, jf. handlingsdelen av Trafikksikkerhetsplanen 2016 - 2025. Handlingdelen av planen legg grunnlaget for søknad om trafikksikkerhetsmidlar frå fylkeskommunen kvart år. Det er budsjettert med i alt 2 millionar kroner i trafikksikkerhetsmidlar i perioden.

#### **5648 Stemmen - mudring**

Prosjektet gjeld mudring i Stemmen, Kvernaland, i 2018 og 2019. Prosjektet viste ser å vera meir omfattande enn den millionen me sette av i 2018.

#### **5664 Asfaltering kommunale vegar**

Det er føreslått å setja av i alt 9 millionar kroner til asfaltering av kommunale vegar i perioden for å ta att noko av etterslepet me har. Lokal utvikling prioriterer kvart år kva vegar/gater som skal ha prioritet.

#### **5665 Storgata, Bryne – etablering og opparbeiding til gågate**

Prosjektet gjeld planarbeid for utarbeiding av gatebruksplan i Bryne og reguleringsplan for Storgata til gågate. I tillegg er det lagt inn opparbeidingskostnader for Storgata som gågate i 2022. Samla prosjektkostnader er 22 millionar kroner. Det er så langt ikkje lagt inn eventuelt bidrag til opparbeidinga av gågata frå eigedomseigarane.

#### **5666 Kringsjø – oppgradering av vegar**

Prosjektet gjeld oppgradering av kommunale vegar på Bryne samordna med vass- og avløpsarbeid i området.

#### **5667 Parkeringsplassar for lading**

Prosjektet gjeld tilrettelegging av minimum 6 % av talet på offentlege parkeringsplassar for lading av el-bilar.

#### **5668 Krysset Åsenvegen/FV 506**

I samarbeid med Statens vegvesen vil vegvesenet oppgradera krysset Åsenvegen/FV 506 og Åsenvegen i 2019. Etter avtale med Statens vegvesen vil kommunal kostnad etter fråtrekk av momskompensasjon og tilskot frå vegvesenet bli om lag 2 millionar kroner.

## 8.3 Trafikksikringsplan

### Handlingsplan fysiske tiltak «Trafikksikringsplan 2016-2025»

Handlingsplanen er oppdatert med tiltak for perioden 2019-2022.

NAMN PÅ TILTAK	TILSKOT	KOSTNAD	2019	2020	2021	2022
FRØYLAND SKULE - Omlegging av parkeringsplass - Bomsperre		500	250	250		
SØKNAD TS-MIDLAR	40 %	200	100	100		
KRYSS VED BREKKEVEGEN/UNGDOMSVEGEN OG BREKKEVEGEN/HÅVEGEN - Gangfelt		500			250	250
SØKNAD TS-MIDLAR	40 %	200			100	100
TRAFIKKSIKRINGSTILTAK - Fartsdumpar - Universell utforming - Bomsperre - Frisikt - Intensiv belysning		1 000	250	250	250	250
SØKNAD TS-MIDLAR	40 %	400	100	100	100	100
INTENSIV BELYSNING OVERGANGER 15 stk. - Kvernalandsvegen fv 505 - Undheimsvegen/Sælandsvegen fv 505 - Jernbanegata/Hognestadvegen fv 215		563	563			
SØKNAD TS-MIDLAR	100 %	563	563			
SYKKEL OG GANGVEI - Fullføre GS Fjermestadvegen		330	330			
SØKNAD TS-MIDLAR	100 %	330	330			
Kryss fv. 506/Åsenvegen		4 000	4 000			
SØKNAD TS-MIDLAR	Maks	1 500	1 500			
SUM TRAFIKKSIKRINGSTILTAK		6 893	5 393	500	500	500
SUM SØKNAD TRFIKSIKRINGSMIDLAR (TS-MIDLAR)		3 193	2 593	200	200	200
<b>SUM KOMMUNALE MIDLAR</b>		<b>3 700</b>	<b>2 800</b>	<b>300</b>	<b>300</b>	<b>300</b>

## 8.4 Handlingsprogram for anlegg med delfinansiering frå spelemidlar

For å få spelemidlar er det ein føresetnad at eit prosjekt er med i det prioriterte handlingsprogrammet.

Ved søknad om tilskot frå spelemidlane er det for tida to tilskotsordningar:

- Tilskot til ordinære anlegg for idrett og friluftsliv som gjeld både nye anlegg og rehabilitering av eldre anlegg.
- Tilskot til ordinære nærmiljøanlegg.

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026 omfattar ordinære anlegg og nærmiljøanlegg som er aktuelle for delfinansiering med spelemidlar. Tiltak som er gjennomførte, men som ikkje har fått tilsegn om tilskot vert prioriterte før nye tiltak.

*Forklaring til tabellane:*

- Bakgrunnsfarge Anlegg som er markert med bakgrunnsfarge er ferdigstilt
- \* Kolona viser samla oversikt over løyvingar gjeve før 2019 (kommunale tilskot, spelemidlar og private midlar/dugnad)
- K Kommunalt tilskot
- SM Spelemidlar
- A Andre (private midlar/dugnad)

### Ordinære anlegg

Nr	Anlegg	Stad	Kost i alt	Før 2019*	Anleggstart – Finansiering i 1000 kr												
					2019			2020			2021			2022			
					K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	
1.	Klubbhus m/garderobar	Hognestad	8 600	7 600		1 000											
2.	Fleirbrukshall	Frøyland-skulane	28 000	21 000		3 500		3 500									
3.	Rehab. av fotball og idrettsanlegg	Frøyland stadion	9 580			1 000	4 040	2 250	1 770		520						
4.	Servicebygg/Lager	Undheim stadion	1 200					400	400	400							
5.	Toalett	Sandtangen	250								166	84					
6.	Brygge ved Frøylandsvatn	Nord for Sandtangen	1 000								666	334					
7.	Vardheihallen	Norlysvn. i Vardheia	62 000	1 000	7 600		5 200	24 000		16 000	-2 800	15 600	-4 600				
8.	Turnhall v/ Vardheia u.skule	Norlysvn. i Vardheia	23 200		3 200		2 200	8 000		7 000	-3 200	7 800	-1 800				
9.	Dekke/gulv	Bryne tennishall	866				293	180	293		100						
10.	Symjehall*	Bryne	121 000	500	500											50 000	
11.	Lysløype	Sandtangen	2 400	1 800		600											
12.	7ar-fotballbane	Norheimsfeltet	3 500														
13.	Fotball-treningsfelt	Frøyland stadion	700														

\* Symjehallen vert fullført etter 2022.

Nytt klubb- og garderobehus, i regi av Hognestad IL, vart offisielt opna 22. april 2017. Prosjektet er kostnadsrekna til om lag 8,6 millionar kroner. Det er avsett 1 million kroner i 2016 og 1 million kroner i 2017 til klubbhuset på Hognestad. Idrettslaget søkjer også om 2 millionar kroner i spelemidlar til det nye klubbhuset. Dei fekk utbetalt 1 million kroner i sommar og søkjer om ytterlegare 1 million kroner i spelemidlar i 2019.

Kvernhallen på Frøyland er ferdigstilt i 2017 og vart omtalt i Årsrapporten for 2017.

Frøyland IL sitt prosjekt med oppgradering av friidrettsanlegget ved Frøyland stadion hadde ein totalkostnad på om lag 4,5 millionar kroner. Det er lagt inn kommunale midlar på 1,5 millionar kroner i 2020 til dette prosjektet. Kostnadene har auka til 6,6 millionar kroner og i tillegg ønskjer Frøyland IL eit lysanlegg på anlegget, kostnadsrekna til 1,7 millionar kroner. Totalkostnadene kjem då opp i 8,3 millionar kroner og idrettslaget søkjer om 2,77 millionar kroner (1/3) i kommunale midlar, 1/3 vert dekkja via spelemidlane og den resterande tredjedelen finansierer dei sjølv.

Undheim IL planlegg å byggja eit lager til oppbevaring av utstyr. Kostnadene er berekna til 1,2 millionar kroner, og det er lagt inn 400 000 kroner til prosjektet i 2020. Det vert søkt om spelemidlar på tilsvarande sum.

Det er planlagt toalettanlegg i Sandtangen og ei brygge ved Frøylandsvatnet, nord for Sandtangen. 1/3 av kostnadene ved desse anlegga vert finansiert av spelemidlar, resten vert dekkja av prosjekt 5904, Friluftsliv.

Vardheihallen og turnhall i Vardheia er omtalt under prosjekta 2249 og 3802 i kap. 8.2.

Sommaren 2017 var det heilt nødvendig for Bryne tennisklubb å leggja skikkeleg dekke i tennishallen. Prosjektet er kostnadsrekna til 866 000 kroner, og tennisklubben søkjer om 1/3 i kommunal støtte og 1/3 i støtte frå spelemidlane. Den resterande tredjedelen finansierer dei med eigeninnsats. Dei kommunale midlane er lagt inn med 180 000 kroner i 2020 og ytterlegare 100 000 kroner i 2021.

Time kommune har planar om å realisere ein ny symjehall mellom Rosseland skule og Hetlandsgata på Bryne, jf. KS sak 046/17. Det er lagt inn 51 millionar kroner i perioden. Resten er lagt inn etter 2022.

I Sandtangen gjenstår eit siste strekk når det gjeld utskifting av lysstolpar og armaturar. Ein tek sikte på å få gjort dette tidleg i haust. Når dette arbeidet er utført vil alle lys i Sandtangen og ved turvegen langs Frøylandsvatnet ha nye og moderne lys.

7`ar bane med kunstgras ved Norheimsfeltet har ein kostnad på 3,5 millionar kroner. Det er ikkje funne midlar til dette i perioden.

Frøyland IL har behov for fleire kunstgrasflater med tanke på utvikling innan barne- og ungdomsidretten sin. Dei planlegg å etablere små banar for 3`ar fotball mellom ballbingen og hovudbanen. Dette er banar som ikkje får støtte frå spelemidlane og idrettslaget søkjer om å få

dekka 50% av kostnadene av kommunen, dvs. 350 000 kroner. Det er ikkje funne midlar til dette i perioden.

## Nærmiljøanlegg

Nr	Anlegg	Stad	Kost i alt	Før 2019*	Anleggstart – Finansiering i 1000 kr											
					2019			2020			2021			2022		
					K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A
1.	Nærmiljøkart	Håland-skogen	150			75	75									
2.	Nærmiljøkart	Njåskogen	724			181	181					181	181			
3.	Kunstgras på ballbinge	Floen på Frøyland	362	181		181										
4.	Kunstgras på ballbinge	Reeholen	357	179					178							
5.	Klatretårn m/ fallunderlag	Undheim skule	414	207					207							
6.	Aktivitetsanlegg m/ fallunderlag	Undheim skule	558	279								279				
7.	Aktivitetsanlegg m/ fallunderlag	Kastanjehagen, Bryne	600	500								100				

Ålgård orienteringsklubb og Klepp IL har begge planar om å laga nye nærmiljøkart for områda Hålandskogen på grensa til Gjesdal kommune og Njåskogen. Karta skal finansierast med spelemidlar og eigeninnsats frå dei to idrettslaga.

Etter initiativ frå vellaget i bustadområdet Floen på Frøyland vart det våren 2016 lagt kunstgras på ein ballbinge som tidlegare hadde grusdekke. Kostnadene på om lag 360 000 kroner vert delt likt mellom spelemidlar og kommunen.

Kunstgrasdekket i ballbingen ved Reeholen er bytta ut etter mange års bruk. Kostnader og finansiering er lik som ballbingen ved Floen på Kvernaland.

Ved Undheim skule har det i løpet av det siste skuleåret blitt sett opp diverse nærmiljøanlegg på skulen sitt uteområde. Desse er fullfinansierte, men me ventar på spelemidlar.

I «Kastanjehagen» på Bryne er det sett opp diverse aktivitetsanlegg. Desse vart finansiert med 400 000 kroner i tilskot via utbyggingsavtale med S&P Prosjekt as i Biskop Hognestads gate 8, spelemidlar og 100 000 kroner i kommunale midlar.

## Upprioriterte anlegg

Kommunen har oversikt over ønskjelege anlegg som ikkje har kome opp i det prioriterte handlingsprogrammet.

Bryne fotballklubb har planar om å realisere to ny idrettshallar og fotballhall i samband med utbygging av Bryne stadion. Hallane er tenkt utleigd til Bryne vidaregåande skule på dagtid og frivillige lag og organisasjonar og/eller kommunen på kveldstid.

## Uttale frå Time Idrettsråd

Prioriteringar vedtatt i Timeplan 2018-2021 som gjeld ordinære anlegg og nærmiljøanlegg, blei behandla som eiga sak på styremøtet til Time Idrettsråd den 28.08.2018. Time Idrettsråd støttar desse prioriteringane.

## **Konklusjon**

Det vert søkt om spelemidlar i 2019 for dei tiltaka i handlingsprogrammet som allereie er gjennomførte og som ein tek sikte på å gjennomføra i 2019 og 2020. Handlingsprogrammet 2019-2022 vert revidert i tråd med tabellane over.



# 9 Brukarundersøkingar og planstrategi

## 9.1 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar

Gjennom tilbakemeldingar frå brukarane får kommunen kunnskap om tenestene har rett kvalitet og møter behova. Desse tilbakemeldingane kan gje grunnlag for å justera på tenestene. Resultat frå gjennomførte brukarundersøkingar vert omtalte i årsrapportane. I perioden 2019-2022 er det planlagt gjennomført følgjande brukar- og spørjeundersøkingar:

	Sist gjennomført	Hyppigheit	2019	2020	2021	2022
<b>OPPVEKST</b>						
Barnehage	2018	Anna kvart år		x		x
Kulturskule (foreldre/pårørande og elevar frå og med 8. trinn)	2018	Anna kvart år		x		x
Helsestasjon- og skulehelseteneste	2017	Anna kvart år	x		x	
Barnevern	2017	Anna kvart år	x		x	
SFO	2017	Anna kvart år	x		x	
<b>OMSORG</b>						
Institusjonstenester (brukarar/pårørande)	2016	Kvart tredje år	x			x
Heimeteneste (brukarar)	2017	Kvart tredje år		x		
Miljøteneste (brukarar/pårørande)	2018	Kvart tredje år			x	
Psykisk helse og rusarbeid	2017	Kvart tredje år		x		
Dagsenter for eldre	Ny	Kvart tredje år	x			
<b>SAMFUNN</b>						
Private reguleringsplanar*	2015	Anna kvart år	x		x	
Byggjesaksbehandling	2016	Kvart fjerde år		x		
Saksbehandling i landbruket*	2016	Kvart fjerde år		x		
Fysioterapi (kommunal og privat)	2016	Kvart fjerde år		x		
Ergoterapi	2016	Kvart fjerde år		x		
Frisklivsentralen	Ny	Kvart fjerde år	x			
NAV*	2016	Anna kvart år		x		x
Avfall frå private hushald	2018	Kvart fjerde år				x
Drikkevatt	2015	Kvart fjerde år	x			
Mottak av flyktningar	2018	Kvart tredje år			x	
Fritidstilbod for eldre*	2013	Kvart fjerde år			x	
Kino og kulturhus**	2014	Kvart tredje år	x			x
Bibliotek	2016	Kvart tredje år	x			
<b>ORGANISASJON</b>						
Medarbeidarundersøking	2018	Anna kvart år		x		x
Nettsida (www.time.kommune.no)*	2016	Kvart tredje år		x		

\*Undersøkinga vert ikkje gjennomført gjennom bedrekommune.no

\*\*Undersøkinga vert utsett til 2019 grunna etablering av ny kino og nye Storstova


## 9.2 Kommunale planar (Planstrategi 2015-2019 – status)

Fargekoden grønt indikerer at planen er vedtatt (V) av dei folkevalde. Gult står for at planarbeidet pågår (P). Rødt viser at oppstart av planarbeidet er forsinka og ikkje starta (I) ennå. Kvit står for at oppstart er planlagt seinare i perioden eller i neste periode. X viser planlagt år for politisk vedtak.

Plantype	2015	2016	2017	2018	2019	Kommentar
<b>Kommuneplanar</b>						
Kommuneplan – arealdel	P	X				Politisk behandling 2019
Kommuneplan – samfunnsdel	V	X				
<b>Kommunedelplanar</b>						
Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026	V					
Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	V	X				
Kommunedelplan for energi og klima 2011-2022	I			X		Planlagt oppstart 2019
<b>Område- og detaljplanar</b>						
Områdeplan for skuleområdet rundt Geidahodne, Bryne	V	X				
Områdeplan for felles ungdomsskule med Klepp kommune i Bryne nord	V	X				
<b>Områdeplanar for område med eldre reguleringsplanar*:</b>						
Plan 0486- Områdeplan for Brynehaugen aust, Bryne	I	X				Planlagt oppstart 2019
Plan 0487 – Områdeplan for Brynehaugen vest, Bryne	I	X				Planlagt oppstart 2019
Områdeplan for området mellom Jernbanegata – Ola Berkveds veg, Bryne	I	X				Planlagt oppstart 2019
Plan 0488 - Områdeplan for området mellom Linevegen–Hognestadvegen nord, Bryne	I	X				Planlagt oppstart 2020
Områdeplan for Re-feltet, vest for fv. 44, Bryne	I		X			Planlagt oppstart 2020
Områdeplan for Skudebergvegen og omegn, Kvernaland	I		X			Planlagt oppstart 2020
Områdeplan for Time vidaregåande skule, Timehallen og Hetlandsgata 36			X			Planlagt oppstart årsskiftet 2018/19
Områdeplan for ny barneskule på Re			X			Avventar revidert skulebruksplan 2020
Områdeplan for idretts- og aktivitetssområde i Tangen, Bryne				X		Avventar revidert arealdel
Områdeplan for næringsområde NB7 på Håland				X		Vert vurdert i revidert arealdel
Detaljregulering for utviding av Maurtua barnehage	I		X			Utsatt grunna manglande behov
<b>Strategiar og temaplanar</b>						
Strategiplan for Oppvekst	V	X				
Bustadsosial handlingsplan 2016-2019	V	X				
Trafikksikringsplan 2016-2025	V					
Landbruksplan	V	X				
Næringsstrategi	V	X				
Hovudplan for vatn og avløp	V	X				
Internasjonal strategi	V	X				
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	I	X				Planlagt oppstart 2019
Kulturplan	P	X				Politisk behandling 2019
Strategiplan omsorg	I	X				Planlagt oppstart 2019
Risiko- og sårbarheitsanalyse	V	X				
Eigarskapspolitikk	V	X				
Kommunikasjonsstrategi	V	X				
Heilskapleg plan for integrering	V	X				
Folkehelseprofil	V		X			
Beredskapsplan for krisesituasjonar	V		X			
Helse- og sosialberedskapsplan	V		X			
Smittevernplan	V		X			
Handlingsplan for lokaldemokrati	V			X		
Kulturminneplan					X	

\*Framdrift for desse områdeplanane vil vera avhengig av planressursar i perioden

## Planhierarki



## 9.3 Interkommunale samarbeid

Time deltek i ulike selskap og interkommunale samarbeidsordningar for å løysa den kommunale tenesteproduksjonen. Aksjeselskap, interkommunale selskap, vertskommunesamarbeid og samarbeid etter § 27 er alle organisert etter heimel i særlover. Kategorien «andre samarbeid» er samarbeid organisert etter ordinære privatrettslige avtalar. Her følgjer ei oversikt over dei interkommunale samarbeida Time kommune deltek i.

Organisasjonsform	Lokalisering	Deltakarar	Formål
<b>Aksjeselskap</b>			
Lyse AS	Stavanger	16 kommunar	Energi og breiband
Jæren industripartner AS	Time, Klepp og Hå	Time, Klepp og Hå	Tilrettelagde arbeidsplassar
Jæren skoglag	Time	Ei rekkje aksjeeigarar	Eiga og drifta skogar
<b>Interkommunale selskap (Lov om IKS)</b>			
Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS	Stavanger	24 kommunar og 4 IKS	Arkivdepot
IVAR IKS	Stavanger	13 kommunar	Vass-, avløps- og renovasjonstenester
Rogaland brann og redning IKS	Sandnes	10 kommunar	Brannvern, miljøretta helsevern og skjenkekontroll

Organisasjonsform	Lokalisering	Deltakarar	Formål
-------------------	--------------	------------	--------

#### Administrativt vertskommunesamarbeid (kommuneleien § 28-1 b)

Jæren kemnerkontor	Time	Hå, Gjesdal, Klepp og Time	Skatteinnkrevjing og arbeidsgjevarkontroll
Jæren øyeblikkelige hjelp	Sandnes	Gjesdal, Klepp, Sandnes og Time	Alternativ til sjukehusinnleggelse (Time har 2 plassar)
Tiltaksavdeling barnevern	Time	Time, Klepp og Hå	Utfører hjelpetiltak ut i frå vedtak i deltakarkommunane
Barnevernvakt	Sandnes	Gjesdal, Sandnes, Klepp, Hå og Time	Akuttberedskap kveld og helg
Auglend skoles hørselsavdeling	Stavanger	Stavanger, Sandnes, Randaberg og Time	Skuletilbod til elevar med hørselshemming
Vardheia ungdomsskule og Vardheihallen	Time	Klepp og Time	Felles ungdomsskule og idrettshall i Vardheia
NAV	Time/Klepp	Klepp og Time	Felles NAV-kontor
Krisesenter	Stavanger	18 kommunar	Tilbod til personar som er utsett for vald i nære relasjonar

#### Interkommunale samarbeid etter § 27 (kommuneleien)

Jæren friluftsråd	Sandnes	Time, Klepp, Hå, Gjesdal, Sandnes, Stavanger, Randaberg og Sola	Sikra, leggja til rette og driva område som kan nyttast til friluftsliv og naturopplevingar, leggja til rette aktivitet og auka forståinga av friluftsliv
-------------------	---------	---	---

#### Andre samarbeid

Legevakt - ettermiddag og kveld	Klepp	Klepp og Time	Akutthjelp utanfor ordinær arbeidstid
Legevakt - natt	Sandnes	Gjesdal, Klepp, Sandnes og Time	Akutthjelp - natt
Legevakttelefon - dag	Sandnes	Sandnes, Klepp og Time	Operererar legevakttelefonen på dagtid
Jærrådet	Sekretariat på omgang	Time, Hå, Klepp, Sandnes, Gjesdal	Interkommunalt samarbeidsorgan
Jærskulen	Time	Gjesdal, Hå, Klepp og Time	Skuleutvikling
Eirik Raude-senteret	Klepp	Klepp og Time	Bistå elevar og skular med hjelpetiltak ved spesielle behov
ACT-Team	Jæren Distrikts-psykiatriske senter	Hå, Gjesdal, Klepp og Time	Behandlingsteam innan psykisk helse
Psykososialt kriseteam	Klepp	Klepp og Time	Psykososial førstehjelp
Grunnskule for vaksne	Time	Hå, Klepp og Time	Ordinær grunnskule for vaksne
Norsk og samfunnsfag for vaksne innvandarar	Time	Klepp og Time	Obligatorisk opplæring i 600 timar og eventuelt behovsprøvd opplæring
NAV lokalkontor	Time	Time og Arbeids- og velferdsetaten i Rogaland	Felles arbeids- og velferds kontor for innbyggjarane i kommunen
Region Stavanger	Sandnes	15 kommunar og ei rekkje private og offentlege aktørar	Sals- og marknadsføringsorgan for reiseliv
Greater Stavanger Economic Development AS	Stavanger	Medlemsskap	Fremja, utvikla og støtta samarbeidstiltak som fremjer regionen si verdiskaping, konkurransekraft og bærekraft

# 10 Framlegg til vedtak

1. Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-2022.
2. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjetttrammer for netto driftsutgifter per tenestegruppe og investeringsbudsjettet i 2019.
3. Skatt på inntekt og formue vert sett i samsvar med det høgste skatteøyet som Stortinget vedtek.
4. Kommunestyret godkjenner framlegg til ny stillingsramme:

	31.12.2018	Nye	Redusert	31.12.2019
Oppvekst	563,1	6,2	-5,0	564,3
Omsorg	376,1	18,1	-4,4	389,8
Samfunn	180,4	1,2	-3,1	178,5
Stabstener	62,8	0,5		63,3
<b>Årsverk i alt</b>	<b>1 182,4</b>	<b>26,0</b>	<b>-12,5</b>	<b>1 195,9</b>

5. Kommunestyret godkjenner framlegg til gebyrsatsar og satsar for brukarbetaling som kjem fram av vedlegget «Prisar 2019».
6. a) Kommunestyret godkjenner at det vert tatt opp lån på 110,1 millionar kroner i 2019. Avdragstida vert sett til 30 år.  
  
b) Rådmannen får fullmakt til å ta opp startlån i Den Norske Stats Husbank til vidare utlån innanfor ei ramme på 25 millionar kroner for 2018. Lånet skal betalast tilbake over 30 år etter gjeldande vilkår.
7. a) Premieavviket for kommunen sine pensjonsordningar i 2019 vert sett av til disposisjonsfond.  
  
b) Amortifisert premieavvik for 2018 vert utgiftsført i 2019 og dekt av disposisjonsfondet.
8. Time kommune skal stå fram som ein trygg og framtidsretta kommune. Service, innovasjon og engasjement skal prega organisasjonen slik at kommunen kan tilby tenester med rett kvalitet innanfor trygge økonomiske rammer.

Bryne, 24. oktober 2018



Trygve Apeland  
Rådmann



Aud Steinsland  
Økonomisjef

# 11 Obligatoriske oversikter etter økonomiplanforskrifta

Økonomisk oversikt drift	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan 2018-2021			
	2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>Driftsinntekter</b>						
Brukerbetalinger	51 500	51 162	53 265	53 265	53 265	53 265
Andre salgs- og leieinntekter	115 280	111 773	130 664	133 113	136 138	138 138
Overføringer med krav til motytelse	175 135	98 316	99 998	96 798	95 409	94 639
Rammetilskudd	433 632	423 700	456 000	464 000	468 000	473 000
Andre statlige overføringer	44 641	32 900	25 600	21 000	16 900	14 400
Andre overføringer	4 338	3 150	3 200	3 200	3 100	3 100
Skatt på inntekt og formue	529 802	564 700	572 000	581 000	590 000	597 000
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1 354 328</b>	<b>1 285 701</b>	<b>1 340 727</b>	<b>1 352 376</b>	<b>1 362 812</b>	<b>1 373 542</b>
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønnsutgifter	711 295	690 337	712 395	712 454	710 960	710 960
Sosiale utgifter	175 751	181 928	193 483	195 209	199 143	203 943
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	127 451	108 265	118 150	114 723	114 773	114 373
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	212 096	202 963	216 756	217 321	219 646	219 646
Overføringer	66 189	63 985	62 030	66 800	65 630	68 540
Avskrivninger	67 889	4 500	5 454	8 804	10 904	12 504
Fordelte utgifter	-4 403	-3 934	-3 888	-3 888	-3 888	-3 888
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>1 356 268</b>	<b>1 248 044</b>	<b>1 304 380</b>	<b>1 311 423</b>	<b>1 317 168</b>	<b>1 326 078</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-1 940</b>	<b>37 657</b>	<b>36 347</b>	<b>40 953</b>	<b>45 644</b>	<b>47 464</b>
<b>Finansinntekter</b>						
Renteinntekter og utbytte	38 019	38 700	42 400	45 400	47 058	48 616
Gevinst på finansielle instrumenter	1 672	-	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån	239	200	200	200	200	200
Sum eksterne finansinntekter	39 930	38 900	42 600	45 600	47 258	48 816
<b>Finansutgifter</b>						
Renteutgifter og låneomkostninger	22 954	23 775	23 100	26 807	28 607	30 007
Tap på finansielle instrumenter	5	-	-	-	-	-
Avdrag på lån	40 891	49 600	51 800	55 300	59 500	60 700
Utlån	437	200	200	200	200	200
Sum eksterne finansutgifter	64 287	73 575	75 100	82 307	88 307	90 907
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>	<b>-24 357</b>	<b>-34 675</b>	<b>-32 500</b>	<b>-36 707</b>	<b>-41 049</b>	<b>-42 091</b>
Motpost avskrivninger	67 889	4 500	5 454	8 800	10 900	12 500
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>41 592</b>	<b>7 482</b>	<b>9 301</b>	<b>13 046</b>	<b>15 495</b>	<b>17 873</b>
<b>Interne finanstransaksjoner</b>						
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	24 736	-	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	5 101	2 025	2 925	2 400	2 200	2 200
Bruk av bundne fond	4 132	5 845	3 214	195	195	195
Sum bruk av avsetninger	33 969	7 870	6 139	2 595	2 395	2 395
Overført til investeringsregnskapet	15 146	14 852	15 440	15 641	17 890	20 268
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	-	-	-	-	-	-
Avsatt til disposisjonsfond	36 834	-	-	-	-	-
Avsatt til bundne fond	8 856	500	-	-	-	-
<b>Sum avsetninger</b>	<b>26 867</b>	<b>7 482</b>	<b>9 301</b>	<b>13 046</b>	<b>15 495</b>	<b>17 873</b>
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	14 725	-	-	-	-	-

Økonomisk oversikt investering	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan 2018-2021			
	2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>Inntekter</b>						
Salg av driftsmidler og fast eiendom	25 240	22 700	17 500	11 500		
Andre salgsinntekter	5 029					
Overføringer med krav til motytelse	44 674	12 550	40 450	96 900	43 000	2 600
Kompensasjon for merverdiavgift	46 754	35 585	28 115	52 190	20 050	15 340
Andre overføringer	11 139	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500
Renteinntekter og utbytte	9					
<b>Sum inntekter</b>	<b>132 845</b>	<b>72 335</b>	<b>87 565</b>	<b>162 090</b>	<b>64 550</b>	<b>19 440</b>
<b>Utgifter</b>						
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	243 935	199 750	213 175	308 650	134 850	114 400
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	35 133	29 281	750			
Overføringer	51 363	750	1 000	480	160	1 500
Renteutgifter og omkostninger						
Fordelte utgifter						
<b>Sum utgifter</b>	<b>330 431</b>	<b>229 781</b>	<b>214 925</b>	<b>309 130</b>	<b>135 010</b>	<b>115 900</b>
<b>Finanstransaksjoner</b>						
Avdrag på lån	15 623	10 000	12 000	12 000	13 000	14 000
Utlån	54 351	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000
Kjøp av aksjer og andeler	2 682	2 600	3 000	3 100	3 200	3 300
Dekning av tidligere års udekket	1 764					
Avsatt til bundne investeringsfond	309					
<b>Sum finansieringstransaksjoner</b>	<b>74 729</b>	<b>37 600</b>	<b>40 000</b>	<b>40 100</b>	<b>41 200</b>	<b>42 300</b>
<b>Finansieringsbehov</b>	<b>272 315</b>	<b>195 046</b>	<b>167 360</b>	<b>187 140</b>	<b>111 660</b>	<b>138 760</b>
Dekket slik:						
Bruk av lån	232 571	165 897	135 090	153 669	66 290	98 662
Mottatte avdrag på utlån	16 166	15 830	16 830	17 830	27 480	19 830
Overført fra driftsregnskapet	15 146	13 319	15 440	15 641	17 890	20 268
Bruk av tidligere års udisponert						
Bruk av disposisjonsfond						
Bruk av ubundne investeringsfond	5 432					
Bruk av bundne investeringsfond	3 000					
<b>Sum finansiering</b>	<b>272 315</b>	<b>195 046</b>	<b>167 360</b>	<b>187 140</b>	<b>111 660</b>	<b>138 760</b>
Udekket/udisponert						

Budsjettskjema 1A - drift	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan 2018-2021			
	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Skatt på inntekt og formue	529 802	564 700	572 000	581 000	590 000	597 000
Ordinært rammetilskudd	433 632	423 700	456 000	464 000	468 000	473 000
Andre generelle statstilskudd	44 641	32 900	25 600	21 000	16 900	14 400
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>1 008 075</b>	<b>1 021 300</b>	<b>1 053 600</b>	<b>1 066 000</b>	<b>1 074 900</b>	<b>1 084 400</b>
Renteinntekter og utbytte	38 019	38 700	42 400	45 400	47 058	48 616
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	1 672	-	-	-	-	-
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	22 954	23 775	23 100	26 807	28 607	30 007
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	5	-	-	-	-	-
Avdrag på lån	40 891	49 600	51 800	55 300	59 500	60 700
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-24 159</b>	<b>-34 675</b>	<b>-32 500</b>	<b>-36 707</b>	<b>-41 049</b>	<b>-42 091</b>
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	-					
Til ubundne avsetninger	36 833					
Til bundne avsetninger	8 856	500				
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	24 736					
Bruk av ubundne avsetninger	5 101	2 025	2 925	2 400	2 200	2 200
Bruk av bundne avsetninger	4 132	5 845	3 214	195	195	195
<b>Netto avsetninger</b>	<b>-11 720</b>	<b>7 370</b>	<b>6 139</b>	<b>2 595</b>	<b>2 395</b>	<b>2 395</b>
Overført til investeringsbudsjettet	15 146	13 352	15 440	15 641	17 890	20 268
Korr. Fordeling ansvar	29 746	-6 095	1 970	882	-198	-2 998
Til fordeling drift	986 796	974 548	1 013 769	1 017 129	1 018 158	1 021 438
<b>Sum fordelt til drift</b>	<b>972 071</b>	<b>974 048</b>	<b>1 013 769</b>	<b>1 017 129</b>	<b>1 018 158</b>	<b>1 021 438</b>
Mer/mindreforbruk	14 725					

Budsjettskjema 2A - investering	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan 2018-2021			
	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Investeringer i anleggsmidler	330 431	229 781	214 925	309 130	135 010	115 900
Utlån og forskutteringer	54 351	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000
Kjøp av aksjer og andeler	2 682	2 600	3 000	3 100	3 200	3 300
Avdrag på lån	15 623	10 000	12 000	12 000	13 000	14 000
Dekning av tidligere års udekket	1 764					
Avsetninger	309					
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>405 160</b>	<b>267 381</b>	<b>254 925</b>	<b>349 230</b>	<b>176 210</b>	<b>158 200</b>
<b>Finansiert slik:</b>						
Bruk av lånemidler	232 566	165 897	135 090	153 669	66 290	98 662
Inntekter fra salg av anleggsmidler	25 245	22 700	17 500	11 500		
Tilskudd til investeringer	11 139	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500
Kompensasjon for merverdiavgift	46 754	35 585	28 115	52 190	20 050	15 340
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	60 839	28 380	57 280	114 730	70 480	22 430
Andre inntekter	5 038					
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>381 581</b>	<b>254 062</b>	<b>239 485</b>	<b>333 589</b>	<b>158 320</b>	<b>137 932</b>
Overført fra driftsbudsjettet	15 146	13 319	15 440	15 641	17 890	20 268
Bruk av tidligere års utdisponert						
Bruk av avsetninger	8 433					
<b>Sum finansiering</b>	<b>405 160</b>	<b>267 381</b>	<b>254 925</b>	<b>349 230</b>	<b>176 210</b>	<b>158 200</b>
Udekket/udisponert						





